

Frå løpesetel til dagsavis – format og sjangerbruk i avisa Klassekampen 1970-2004



KR. 1

NR. 1 1969

NYE LØNNSYSTEMER SPLITTER ARBEIDERNE

I et opplegg i Arbeiderbladet 17. desember 1968 blir et nytt lønnsystem annonsert ved NEBB. Det skal innføres i løpet av dette året. Klubbføreren ved NEBB, Arne Rognestad, sier: "Det nye systemet som en har arbeidet med i innpå to år, er basert på arbeids- og personvurderingen. Som grunnlag for systemet er det tatt hensyn til de faktorene som har betydning for lønnsnivået. De tre faktorer i personvurderingen: Utdannelse, praksis og erfaring med ledelsen og saken, mener at vi vil kunne få en pene. En vil bli lønnet etter innsats."

Arbeids- og personvurderingssystemene ble først utviklet i det land der monopolkapitalismen har nådd sitt høyeste stadium, nemlig i USA, der de i dag er fullstendig utbredt. I løpet av de siste 20 årene har de innledningsvis kommet innpass også i Vest-Europa. Ett av de land som er kommet lengst i denne utvikling er Sverige.

I Norge har arbeidsvurdering hittil ikke vært nytt i noen særlig grad. I midten av 50-årene ble innført i en periode da arbeidsvurdering og poengsystemer er i ferd med å bli innført i en rekke større bedrifter. Men er det så som tar initiativet til og ønsker å få dette innført? Ikke arbeidene. De som presser på for å få dette er arbeidsgiverne. Og byråkratikkjen på toppen av LO er selvstøtt og har samarbeidsvillig.

Allerede 27. november 1956 gjorde LO's sekretariat følgende vedtak: "NFU oppnevner et spesielt utvalg med mandat å undersøke om de nåværende lønnsystemer er i samsvar med utviklingen, herunder eventuell innføring av nye systemer bygd på arbeidsvurdering og poengsystemer." Dette utvalget la fram sin innstilling i mai 1958. Året etter ble den behandlet i sekretariatet og straks godkjent av representantskapet. Særlig med dette gikk LO i forhandlinger med NAF om en avtale som endte med et omfattende forslag fra forhandlerne: "Rammenavtale om systematisk arbeidsvurdering som grunnlag for fastsettelse av differensierede lønninger." I denne rammeavtalen heter det:

"I. NAF og LO er enige om at lønnsystemer basert på arbeidsvurdering innføres i den enkelte bedrift etter uttalelse der hvor partene ønsker det. Videre:

"Et lønnsystem bør bygge på:

1. En arbeidsbeskrivelse som skal plasseres
2. En avtale om skal nyttes - hvil skal tilknyttes den
3. En systematisk enkelte jobber for i net.

4. Overføring av til lønnsbeskrivelsen." I LO's og NAF's opp- tar det så vakker er en systematisk, foretas en vurdering ber på. "I dag bl. stor grad foretatt beskaffen." heter de plassene vitenskap. av disse får sin pu- dørne får sin lønn ingen klage, for de vitenskapslig rett

Det første som skjer dering er en arbeids- mektigdom heter det beskrivelsen utarbej- dning i samarbeid r SPIDER eller en rap- pan." I praksis bet et bedriftsledelsen nyttelse til å ta s- Dette arbeidet er o- av nye store summe- entfinnes som har bedrifter i Norge, derifra, er utenland Disse er ofte domi kapital. Dette øjeld ske konsultativt

KLASSEKAMPEN

Venstresidas
dagsavis

Fredag 2. januar 2004

Nummer 1 • Uke 1 • Årgang 36

A-avis

15 kroner



**MALTE
REGN-
BUER**

KARIN HELLANDS JØ HED
NY WEIDEMANN-BIDRAPT,
SIDE 16 og 17



**STÅR
PÅ SITT**

FØRSTEDAME HEGE SKJÆVE,
SIDE 8 og 9



**STIL-
FULL**

«RECONSTRUCTION»,
FLIK, SIDE 21



7 959530700014

Ansatte i Kraft Foods Europa frykter splid:

PRESSES AV DET NYE EU

ARBEIDSKRAFT: EU-utvidelsen og den økte tilgangen på billig arbeidskraft truer med å splitte arbeidere i Vest- og Øst-Europa.

– Ansatte i Kraft i Vest-Europa har fått beskjed om ikke å fremme store lønnskrav og å jobbe

mer fleksibelt, sier konserntilitsvalgt Bente Lovaas i Kraft Foods. Hun representerer 20.000 ansatte i Europa som lever med frykten for innsparring og arbeidsledighet – også i landene i øst.

SIDE 4 og 5



Savner salgsdjevler

■ Forlagsfolk er klønete kapitalister som driver ineffektivt, sier Arne Berggren, forfatter og styremedlem i Den norske Forfatterforening. Han vil bidra til å avvystifisere kapitalismen og bevisgjøre forfatterne, som han mener finner seg i

uprofesjonell markedsføring fra forlagshold. – La redaktorene utvikle god litteratur på litteraturnærs premisser, og finn noen djevler til å selge produktet, sier Berggren.

KULTUR, SIDE 18 og 19

AV KJETIL BULL

HOVUDOPPGÅVE I NORDISK SPRÅK
INSTITUTT FOR LINGVISTISKE OG NORDISKE STUDIER
UNIVERSITETET I OSLO
VÅREN 2007

Forord

Eg vil rette ein takk til alle eg har fått hjelp av i samband med oppgåva. I framste rekkje er det jo rettleiar Kjell Lars Berge, og vidare er det dagleg leiar Marga van der Wal i Klassekampen som har hjelpe med diverse fakta, og tilgang til avisarkivet (inkludert gratis kopiering). Takk også til dei redaktørane som har hjelpe ved å svare på spørsmål per e-post: aller mest Sigurd Allern, men også Finn Sjøe og Bjørgulv Braanen. I slutfasen har eg fått nyttige tilbakemeldingar og korrektur frå Jarle Samuelsen og Hallvard Lavoll-Nylenna.

I løpet av den tida eg har arbeidd med dette prosjektet har det komme fleire hovudfagsoppgåver og bøker med beslekta emne, så eg føler eg er ein del av ein stim av forskning rundt den norske ml-rørsla. Sjølv om eg ikkje eigentleg har studert ml-rørsla i seg sjølv, trur eg at arbeidet mitt kan vere med på å gje litt meir informasjon i heilskapen. Sjølv om den norske ml-rørsla var relativt stor og dreiv med utruleg mykje, var avisproduksjonen heile tida svært høgt prioritert. Klassekampen er difor eit viktig samtidsdokument, som syner kva AKP(m-l) og norske m-l-arar tenkte og gjorde på 70- og 80-talet. På same måte er avisa i dag eit bilete på kva som rører seg på den ”breie venstresida”.

Eg håpar fleire, både forskarar, avisfolk og dei som berre har eit forhold til Klassekampen, har glede av denne oppgåva. Det bør vere interessante element her for alle dei tre gruppene.

Oslo, februar 2007

Kjetil Bull

1.	Innleiing.....	1
2.	Mål og problemstillingar	3
2.1.	Format.....	4
2.2.	Mål for studien.....	5
2.2.1.	Problemformuleringar	5
3.	Om avisa Klassekampen.....	7
3.1.	1969: Ei revolusjonær avis kjem ut.....	7
3.2.	1973: Klassekampen blir partiorgan	9
3.3.	1977: Å sykle på vatnet – Klassekampen blir dagsavis	13
3.4.	1979: Sigurd Allern tek over.....	15
3.5.	1991: Frå partiorgan til ”venstresidas dagsavis”	17
3.6.	1997: Nestan konkurs igjen – og redaktørbråk	18
3.7.	2000: utvida eigargrunnlag	19
3.8.	Klassekampens Venner	22
3.9.	Redaktørane	23
4.	Tidlegare arbeid på feltet	25
4.1.	Min eigen posisjon	26
5.	Utval og avgrensingar.....	29
5.1.	Metode	30
6.	Teoretiske aspekt	33
6.1.	Omgrepet ”sjanger”	33
6.2.	Sjanger innan avisverda	34
6.3.	Kvifor er sjanger viktig?	35
6.4.	Kva er ein sjanger?.....	37
6.5.	Sjangrane – definisjon og diskusjon	39
6.6.	Nokre framlegg til sjangersystem	41
6.7.	Format og formatanalyse	54
7.	Analyser.....	57
7.1.	Sjangerkatalog for Klassekampen.....	57
7.2.	Sjangerbruk frå år til år	64
7.3.	Sjangerbruk i mai og i november	69
7.4.	Formatanalyse av Klassekampen	71
7.4.1.	Seksjonsinndeling.....	74
7.4.2.	Framsida	75
7.4.3.	Einskildsider i avisa	78
7.5.	Modellesaren.....	80
8.	Klassekampen etter 2004.....	83
9.	Oppsummering og konklusjonar.....	87
9.1.	Svar på spørsmåla	87
9.2.	Sjangerbruk	88
9.3.	Format	89
9.4.	Diskurs	90
9.5.	Vidare studie på feltet	92
9.6.	Sluttord.....	93
	Litteraturliste	95
	VEDLEGG 1: Formattabell Klassekampen 1970-2004	97
	VEDLEGG 2: Innhaldsoversikt og sjangertabellar	99
	VEDLEGG 3: Nokre statistiske data om avisa	117
	VEDLEGG 4: Vedtekter for Klassekampen AS	119
	VEDLEGG 5: Noen fakta om avisa Klassekampen (notat frå avisleiinga 1997).....	121
	VEDLEGG 6: Finn Sjøe om arbeiderkorrespondentar.....	123

1. Innleiing

Eg har studert emnet *sjangrane i ei avis*, med fokus på avisa *Klassekampen* til forskjellige tider i avisa si historie. Målet mitt har vore å sjå på bruken av tekstar og sjangrar i avisa, og studere samanhengen mellom det ein kan kalle sjangerkatalogen og den meir innhaldsorienterte sida av avisa, og sjå dette i lys av dei ytre rammene for avisdrifta.

Klassekampen er ei avis som er eit takknemleg studieobjekt, fordi ho er ei avis med kort historie, som likevel har gått heile vegen frå å vere meir eller mindre ein løpesetel til å bli ei fullverdig dagsavis – på under 30 år. Ein konsekvens av den korte historia er at eg har hatt full tilgang til alle avisene som er gjeve ut sidan starten i 1969, det siste tiåret også i digital form. Dessutan har det vore mogleg å snakke med folk som har vore med på å lage avisa – ein stor del av dei som var med i starten har framleis ikkje nådd pensjonsalderen. Som historisk studium har dette difor vore enklare enn om ein til dømes skulle sett på dei tidlege norske dagsavisene.

Eg gjekk til arbeidet med ei forventning om å finne ganske store endringar mellom dei forskjellige årgangane. Dei eldste avisene er frå ei tid der det meste var friviljug arbeid, dei nyaste er aviser produsert av ein (til samanlikning) stor stab profesjonelle journalistar. Likevel er det framleis slik at Klassekampen har ein større del friviljuge bidrag enn kva som er tilfelle for dei fleste andre avisene i dag. I det ytre er naturlegvis Klassekampen anno 1970 og Klassekampen anno 2004 svært forskjellige. Papirtype, produksjonsmåte, skribenttilfang, distribusjon, fysisk format, sidetal – det meste er ulikt. Innhaldet er også tematisk ganske annleis no enn då – men dette tyder ikkje med sikkerheit at sjangerbruken må vere ein annan. Det er dette eg har hatt som mål å få meir innsikt i. I og med at eg sjølv har arbeidd med å lage aviser som ressursmessig kan likne på Klassekampen i tida som månadsavis, har det vore spesielt interessant å sjå kor kort tid det tok frå det stadiet og fram til dagsavisa var eit faktum berre åtte år etter oppstarten. Dei strukturelle likskapene mellom alle avisene i studien har også overraska meg, og er etter mitt syn eitt av dei interessante funna i dette arbeidet.

Merk at vedlegga er ein viktig del av denne oppgåva. Vedlegg 1 og 2 er tabellar med heile grunnlagsmaterialet for oppgåva, og resten av vedlegga inneheld ein del informasjon som kunne ha passa som fotnoter om dei ikkje var av det omfanget dei er. Det kan vere fornuftig å bla gjennom desse vedlegga før ein sett igang med hovudteksten, for å vite kva som ligg i vedleggsdelen.

2. Mål og problemstillingar

Målet med dette forskingsarbeidet har vore å studere bruken av faglitterære sjangrar i ei avis (*avissjangerar*). Dette er gjort ved hjelp av analyse av eit utval utgåver av avisa *Klassekampen*.

Målet mitt har vore å undersøke om sjangerbruken endrar seg over tid, og sjå på nokre moglege grunnar til at det har skjedd. Resultata er gjeldande for avisa *Klassekampen* i dei aktuelle åra eg har studert, og det er vanskeleg å vurdere om ein ville fått samanliknbare resultat ved studie av andre aviser eller nærstudie av andre årgangar av same avis.

Klassekampen har vore annleis enn dei fleste andre dagsavisene både emnemessig, når det gjeld skriftspråknormering, politisk ståstad, medarbeidarbruk, osv. Dette gjer mest sannsynleg utslag på sjangerbruken også. Perspektivet eg har hatt i arbeidet, har i stor grad vore ”innanfrå” – eg har sett på sjangrane i *Klassekampen* slik eg trur ein journalist i avisa, eller ein fast lesar av avisa, vil gjere det.¹ Dette har mellom anna å gjere med at eg sjølv er fast lesar gjennom det siste tiåret, og at eg ser meg som innanfor *Klassekampen-diskursen*.²

Aviser er i nokre samanhengar omtala som ein by i miniatyr. Ein har forskjellige marknadsplassar i form av annonsar og produkttestar, ein har informasjon om ting som har skjedd og skal skje, ein har omtaler av kulturtiltak, ein har den offentlege debatten i form av lesarbrev og kronikkar, og ein har offentleg informasjon av forskjellig slag. Og som i alle samfunn utviklar det seg ei form for felleskjensle – du merkar ofte om du er innanfor kodene eller ikkje i eit lokalsamfunn. Slik blir det også med den felleskjensla avisene skaper mellom dei som lagar avisa og dei faste lesarane. Yngve Hågvar³ omtalte dette forholdet med metaforen ”VG er din venn”,⁴ og peika på ein heilt medviten plan for korleis ein skal bygge samkjensla mellom avis og lesar. Denne planen er blitt ein del av *VG-diskursen*, og treng difor ikkje å bli uttalt eksplisitt i det daglege. Men denne samkjensla er sentral i forståinga av VG som ei av dei mest suksessrike avisene i Europa. Når det gjeld *Klassekampen*, ser det ikkje ut til at det har vore nokon uttalt plan for å byggje ei slik tilhøyrekjensle, men samkjensla og diskursen er ganske tydeleg. Avisa har eit sett av verdiar (nedfesta i formålsparagrafen), ei historie, og skriv om emne som er interessante for målgruppene – dvs. dei som er, eller lett kan kome, innanfor i fellesskapen *Klassekampen*. I den samanhengen har det også vore

¹ Redaktør Bjørgulv Braanen har også stadfesta per e-post at sjangerkatalogen eg har laga, er dekkande for slik han ser sjangrane i *Klassekampen*.

² *Diskursen* til ei avis er vanskeleg å definere presist. I denne oppgåvar nyttar eg omgrepet i tydinga ”fellesskapskjensle mellom dei som lagar og dei som les avisa fast, og som føler dette er *deira* avis.”

³ Hågvar levte i 2002 ei hovudoppgåve med avisa VG som tema, der han særleg så på format og diskurs. Arbeidet til Hågvar blir grundig presentert i kapitlet der dei teoretiske aspekta i arbeidet mitt er diskutert.

⁴ Hågvar 2003:97.

naturleg i oppgåva mi å trekkje inn tilhøvet mellom avisa Klassekampen og partiet AKP dei forskjellige åra. Torstein Tranøy sin oppgåvetittel *Fra partiorgan til venstresidas dagsavis*⁵ er ganske passeleg i den samanhengen. Det konkrete målet mitt har vore å sjå på korleis bruken av format og sjangrar har vore med på å byggje Klassekampen-diskursen, og i samband med det har eg også sett på andre faktorar som har bidratt til denne diskursen.

2.1. Format

For å kunne studere sjangerbruken verka det naudsynt å først sjå på *formatet* til avisa. Under arbeidet med oppgåva blei denne delen noko større enn eg planla i starten, slik at eg har sett meir på avisa på formatnivå, og på den måten trur eg også sjangerbruken blir sett i eit litt større perspektiv. Format og sjanger må seiast å vere to sider av same sak. Det vil vere *samspelet* mellom formatet og sjangerbruken som gjev oss profilen til ei avis, saman med utforming og val av saker dei skriv om. Aviser som er svært forskjellige vil nok kunne ha ganske lik sidesamansetting og utforming, men sjangerbruken vil kunne peike ut skilnadane meir tydeleg. På same vis kan aviser med forskjellig format kunne ha likskapstrekk i sjangerbruken.

Formatet og sjangerbruken til saman vil kunne gje eit innblikk i profilen eller *diskursen* til ei avis. Hågvar seier det slik i studien av VG:

*Det er VG-diskursen som gir avisa dens identitet – som sørger for at VG fortsetter å være VG dag etter dag. Alle diskusjoner og vurderinger av stoffutvalg og framstillingsmåte foregår innenfor dette rammeverket. I den grad medarbeiderne stiller spørsmål ved tekstproduksjonen, er spørsmålene rettet mot anvendelsen av de ulike normene, ikke mot normene i seg selv.*⁶

Dette rammeverket Hågvar skriv om, er vesentleg meir enn dei tinga eg freistar å sjå på for Klassekampen. Eg har vald å konsentrerer meg om dei *trykte* rammene for avisa – oppbygging av formatet og bruken av sjangrar. Eg har ikkje analysert politiske standpunkt og ”merkevara” Klassekampen, så eg vil ikkje kome så langt som å kunne formulere nokon definitiv Klassekampen-diskurs, utover det som ligg i formålsparagrafen.⁷ Det å seie heilt presist kva diskursen er, er heller ikkje noko mål, fordi den endrar seg over tid, og vil til ei

⁵ Tranøy 1992. Dette var ”berre” ei seminaroppgåve innlevert ved Norsk Journalisthøgskole, men er fagleg ganske tung fordi ho er skriven av ein som hadde arbeidd som journalist i Klassekampen.

⁶ Hågvar 2003:93. Hågvar byggjer mykje av omtalen her på Knut Wærstad sin hovudavhandling i sosiologi frå 1993, ”Verdens Gang?”

⁷ Paragraf 5 i *Vedtekter for Klassekampen AS*. Vedtektene finsr bak i denne oppgåva som vedlegg 4.

klar tid vere avhengig av kven som lagar, eig og les avisa. Val av sjanger og oppbygging av formatet er uansett heilt tydeleg *ein del* av diskursen og rammeverket. Målet med oppgåva mi har vore å sjå på både bruk av desse elementa, og endringane av dei over tid. Dette for å få eit innblikk i dei meir tekniske sidene som er med på å byggje avisa sin "sjel", eller *diskursen*, om ein vil. Det at eg har sett på avisa over tid, vil jo også gjere det vanskelegare å finne nokon eintydig diskursfellesskap for avisa gjennom heile perioden.

2.2. Mål for studien

Dette er i første rekkje ein diakron studie av avisa Klassekampen, ikkje ei samanlikning av Klassekampen og andre aviser. Slik skiljer denne studien seg frå dei fleste arbeid som er gjort med Klassekampen som studieobjekt. Eit søk i bibliotekdatabasen BIBSYS viser at den typiske studien av Klassekampen er ein samanliknande studie på lågare grad/nivå ved ei journalistutdanning. Slike studie er typisk på 25-50 sider, og samanliknar dekkinga av bestemte saker i Klassekampen og 2-3 andre aviser. Ein kan seie at det har vore svært lite variasjon i dei akademiske studia av denne avisa. Det er berre no i det siste det har vore noko forskning på hovudfags-/mastergradsnivå,⁸ men dette har vore meir fokusert mot partiet og personar, enn mot avisa. Ved dei språkvitskaplege institusjonane ser det ikkje ut til å ha vore forska noko på Klassekampen, som språkleg sett har vore svært spesiell. Strengt tatt er det ikkje (primært) noko studium av avisa Klassekampen eg har her. Dette er eit studium i sjangerbruk, og ei analyse av formatet til ei avis. Eg har gått ut frå at det er skilnader mellom Klassekampen og andre aviser, men har ikkje hatt høve til å studere dette. Samanlikningane eg gjer, er mellom *Klassekampen* og *Klassekampen*, på fem forskjellige tider i avisa sitt liv. Slik er dette ei oppgåve som hamnar i skjeringa mellom språkvitskap, historie og medievitenskap. Hovudfokusen på sjanger, sjangerteori og format gjer nok at det vil vere "språkfolk" som kjenner seg mest att i dei teoretiske kapitla, men forskingsresultata bør vere interessante for fleire, særleg dei som interesserar seg for pressehistorie. Kapitlet som presenterar avisa og historia rundt, er også meint for eit breiare publikum, og kan i stor grad lesast utanom den konteksten det står i her.

2.2.1. Problemformuleringar

I arbeidet med desse avisene har eg teke utgangspunkt i ein del spørsmål og gjettingar. Dei følgjande spørsmåla er grunnlaget for dei vala eg har gjort om kva eg skal studere.

⁸ Stranger-Thorsen 2006, Kolmannskog 2006, samt Hans-Petter Sjøli: *Fra raddis til kader. Kineseri i tidens ånd* (hovudoppgåve i historie, vår 2002. Også utgjeve i bokform under tittelen *Mao min Mao*).

Er sjangerbruken lik gjennom tidene? Eg har gått gjennom avisene og laga ei oversikt over kor stor del av avisene som er skrivne i kvar sjanger.

Kva for ytre faktorar ser ut til å påverke sjangerbruken? Det vil alltid vere ei mengd ting som påverkar det ferdige avisproduktet. Eg skal freiste å gjere nokre vurderingar ut frå dei hendingane og tinga som er nemnte i kapitlet som presenterar avisa Klassekampen, kopla saman med resultata frå sjanger- og formatanalysene, og sett i samanheng med kva folk som har vore med har sagt eller skrive.

Er det skilnad mellom dagsavisa og månadsavisa/vekeavisa? Eitt døme på slike skilnader vil vere at det kan vere andre krav til aktualitet. Der månadsbladet måtte setje kravet til aktualitet slik at sakene var aktuelle fire veker seinare, har dagsavisa eit heilt anna press på seg til å skrive om "det som skjer *no*". Dei siste åra har jo også dagsavisene fått nettutgåver som kan oppdatere nyhenda fortløpande, noko som har ført til endra syn på kva som er aktuelt.⁹ Eg har ikkje sett på nettutgåva til Klassekampen i denne studien, men nokre referansar er til artiklar på nettet.

Verkar sjangerbruken planlagd? Dette spørsmålet vil det vere vanskelegare å svare sikkert på, men etter å ha gått gjennom kjeldematerialet vil eg seie at eg kan svare på dette så langt som det er mogleg. Eg har hatt litt kontakt per e-post med eit par tidlegare redaktørar, og har lese ein del historiske artiklar om arbeidet med Klassekampen, skrivne i samband med dei forskjellige jubilea til avisa. Litt av sekundærlitteraturen tek også opp dette emnet. Samanlikninga mellom dei forskjellige årgangane gjev også ein peikepinn på systematikk og utvikling i sjangerbruk.

Korleis har oppbygginga av avisa endra seg, og kvifor? Eg har sett på framsidene til dei avisene eg har analysert, og eg har studert endring i sjangerbruken over tid. I formatanalysen har eg sett på korleis avisa er delt inn i relativt faste strukturar alt frå starten av. Dessutan har eg sett på andre formmessige sider ved oppbygginga av avisa, som oppdeling av ein sak i fleire artiklar, og gjennomsnittleg storleik på artiklane.

⁹ Klassekampen er ei av dei dagsavisene som i minst grad har sett seg råd til å satse på fortløpande oppdatering av nettutgåva si. Normalt blir 20-30% av dei større sakene i avisa lagt ut på nettsidene, så <http://www.klassekampen.no/> er til lita nytte som referansebase på nett. Dei aller siste årgangane (frå og med 2001) er tilgjengelege via nettbasen Atekst, som er ei betalingsteneste.

3. Om avisa Klassekampen

3.1. 1969: Ei revolusjonær avis kjem ut

I februar 1969 braut ungdomsgruppa Sosialistisk Ungdomsforbund (SUF), med Sosialistisk Folkeparti (SF), og dei endra namnet til SUF(m-l)¹⁰ på landsmøtet sitt i september same år. Dette kom som avslutting på ein langvarig konflikt der ungdomspartiet hadde gått dramatisk langt til venstre politisk, i forhold til vaksenpartiet sitt vedtekne program. I denne perioden hadde leiinga i SF tillate meir moderate ungdomsgrupper innan partiet. Desse "SF-ungdomsgruppene" (SFU) var ikkje med i SUF, og ungdomsorganisasjonen var svært kritiske til at partileiinga hadde tillate oppbygging av ein parallell ungdomsorganisering utanfor SUF. Oppgjeret var venta å kome på dette landsmøtet, og sentrale personar i SF mobiliserte gjennom "SF-aksjonen -69" partiet sine veljarar til å melde seg inn for å kunne motarbeide SUF sitt syn.¹¹ "Høgresida" i partiet fekk fleirtal for den politiske lina si, og 67 av delegatane gjekk frå møtet medan dei song "Internasjonalen". Dette blei starten på den organiserte norske ml-rørsla.¹²

Folk i miljøet rundt SUF i Oslo hadde arbeidd med avisplanar sidan hausten 1968, og kort tid etter splittinga i SF kom første nummer av månadsavisa Klassekampen ut. Bladet tok same namn som Norges Socialdemokratiske Ungdomsforbund¹³ sitt gamle magasin – eit magasin som kom ut i perioden frå 1909 og fram til 1940.¹⁴ Sentrale i arbeidet med å førebu

¹⁰ Sosialistisk Ungdomsforbund (marxist-leninistene). Namnet hadde samanheng med vedtaket om at "SUF(m-l)s hovedoppgave er studier i marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenkning." (Klassekampen 9/69 side 3)

¹¹ Det sto m.a. dette i ei annonse i *Dagbladet* på førstesida 11.januar 1969: "Over 23000 velgere i Oslo støttet ved siste stortingsvalg SF's politikk. Dersom det lykkes SUF-gruppen å erobre Oslo SF på årsmøtet for en ganske annen politikk, kan disse velgerne bli stående utan parti å stemme på til høsten." (sitert etter faksimilie i *Klassekampen* februar 1974)

¹² AKP beskriv omgrepet "m-l" slik på nettsida <http://www.ml-historie.no/>: "Det er en forkortelse for marxismen-leninismen (evt marxist-leninistene). Betegnelsen blei brukt fra 1960-tallet og utover av kommunistiske organisasjoner for å skille seg fra de organisasjonene som fortsatt var nært knytta til Sovjet og Moskva, og som derfor blei ansett for å følge en reformistisk kurs. Da Sosialistisk ungdomsforbund (SUF) brøyt med sin moderorganisasjon, Sosialistisk folkeparti (SF), i 1968, tilføyde en (m-l) bak navnet. Medlemmer og sympatisører blei gjerne kalt ml-ere." Håkon Kolmannskog (2006:2 fotnote 9) nyttar omgrepet "ml-rørsla" på om lag same måte som AKP gjer: "I denne oppgåva brukar eg omgrepet "ml-rørsla" om AKP (ml) og dei kjerneinstitusjonane som var underlagt partiet, dvs. ungdomsorganisasjon, studentforbund og avisa Klassekampen."

¹³ Dette var opphavleg ungdomsorganisasjonen til Det Norske Arbeiderparti (DNA), men følgte med Norges Kommunistiske Parti (NKP) ved partisplittinga i 1923. Dei skifta etter kvart namn til Norges Kommunistiske Ungdomsforbund (NKU). Som ein kuriositet kan det leggstil at det i dag eksisterer to organisasjonar som kallar seg Noregs Kommunistiske Ungdomsforbund, etter ei splitting mellom NKP og NKU sommaren/hausten 2006.

¹⁴ "Klassekampen – organ for den socialdemokratiske ungdomsbevegelse i Noreg" var fullt namn på bladet.

dette nye Klassekampen var mellom anna Pål Steigan og Tron Øgrim.¹⁵ Utgjevar var ”ei gruppe marxist-leninister”, og frå nummer to 1972 var det ml-gruppene (MLG)¹⁶ som sto som utgjevar. Avisa Klassekampen var nok den viktigaste einskildfaktoren i arbeidet med å førebu stiftinga av det ”ekte kommunistpartiet” – anten gjennom eigne oppslag og oppfordringar, eller gjennom at dei vidareformidla informasjon og agitasjon frå SUF(m-l) og MLG.

Den viktigaste målsettinga for avisa var ifølgje leiarartikkelen i første nummer:

Derfor, for å kunne tjene arbeiderklassens interesser, må vi tilegne oss Marxismen-Leninismen, Mao Tse-tungs tenkning, studere den og lære og anvende Formann Maos verker, å gjøre Mao Tse-tungs tenkning kjent for arbeiderklassen er nøkkelen til arbeiderklassens seier. (...) Formann Mao viser oss hovedoppgaven for de norske revolusjonære arbeidere og marxist-leninister i tida som kommer. Kampen for det marxist-leninistiske parti, i samsvar med Maos tenkning, må bli vår viktigste oppgave.¹⁷

Det første året kom Klassekampen ut med 10 nummer, med gjennomsnittleg 12 sider per avis. Opplaget denne første tida er vanskeleg å talfeste sikkert. Dette var ikkje noko profesjonelt avisprodukt, så opplagstala var ikkje like viktige som for dei fleste andre.¹⁸ Nummer 1 i februar 1969 blei trykka i 3500 eksemplar, og ifølgje avisa sjølv på den tida hadde ”opplaget stabilisert seg rundt 10000” ved utgangen av det første året. Mai-nummeret 1970 blei trykka i heile 18000 eksemplar, men det er vanskeleg å vite kor stor del av desse som faktisk blei selde. I følgje ein artikkel i Klassekampen nummer 8/69 var opplagsutviklinga i starten slik:

Nummer	Opplag
1	3500
2	4000
3	5000
4	10000
5	5000 ¹⁹
6	6000
7	10000
8	10000

¹⁵ Ein meir detaljert omtale av denne tidlegaste tida for Klassekampen kan ein finne i Pål Steigan si bok *På den himmelske freds plass* (1985), kapittel 10.

¹⁶ Oppretta i 1970, hovudsakleg for å arbeide fram mot opprettinga av eit kommunistisk m-l-parti i Noreg. Opphavleg var dei ei samanslutting av de ”sosialistiske arbeids- og studiegruppene” som blei danna etter splittinga i SF. Fullt namn på MLG var ”marxist-leninistiske studie- og arbeidsgrupper”.

¹⁷ *Klassekampen* 1/69 s. 3.

¹⁸ Sigurd Allern kommenterer det slik i ein e-post (2.11.06): ”Det er selvsagt all grunn til å være skeptisk til opplagstallene. De du nevner frå 1969 er bruttoopplaget, skjønt for noen numre ble nok store deler av dette solgt. Generelt var det lav profesjonalisme med hensyn til netto opplagsberegninger basert på økonomiske data, og dette varte ved fram til 1978-79.”

¹⁹ Dette nummeret hadde også eit 4-siders bilag om Buskerud, trykt i eit ekstra opplag på 40000 eks.

Dei første åra, med månadleg utgjeving, ser det ut til at opplaget varierte ein del, men at det for det meste låg mellom 10000 og 20000 eksemplar. Nokre unnatak var det – særleg blei nummera til 1. mai trykte i større opplag, og ekstraavgåva som blei trykka natt til 26. september 1972, om resultatet av EF-avstemminga, kom i eit opplag på heile 200000.

Den første årgangen var ganske atypisk for tida som månadsavis. Dei første sju nummera var sette med skrivemaskin, noko som fekk avisa til å sjå ut som ei skoleavis eller ein løpesetel. Måten avisa blei laga i denne perioden gjorde også at det var lite rom for bilete og illustrasjonar. Dessutan måtte redaksjonen nytte mykje spalteplass på teoretisk ideologisk stoff, i og med at ml-arane framleis ikkje hadde fått på beina teoretiske tidsskrift og eige forlag, som dei skulle få etter kvart. Frå nummer 8/69 blei Klassekampen sett med setjemaskin (composer), og framover blei månadsavisa med jamne steg meir som andre aviser når det var snakk om utsjånad. Klassekampen kom ut månadleg til slutten av 1972.

Utformings- og sjangermessig var det noko utvikling i denne perioden. Sigurd Allern²⁰ seier det slik:

Det skjedde noen endringer mht. bruk av bilder (forsiktig!) og bedre layout i perioden 1970-72, også med hensyn til sjangerbruk. De lange ideologiske artiklene ble færre, det ble rom for noe småstoff og en slags politisk petitspalte (rett nok meget grovkornet).²¹

Distribusjonen i tida som månadsavis var primært gjennom direkte sal. Folk med ideologisk tilknytning til Klassekampen selde avisene på dører i nabolaget, dei sto på torg og gater. Målet for Klassekampen var størst mogleg distribusjon på arbeidsplassane, men til det var det nok for få m-l-arar rundt omkring, til at dette kunne bli ein viktig distribusjonskanal. Spreiing på arbeidsplassane blei viktigast som ideologisk prinsipp. Dei fleste stadene i landet var det faste avisseljarar, som folk kjende frå lokalmiljøet.

3.2. 1973: Klassekampen blir partiorgan

I 1973 skjedde mykje i den marxistisk-leninistiske rørsla. Klassekampen blei vekeavis frå og med nummer 1/73, som kom ut 17. januar. Partiet *Arbeidernes Kommunistparti (marxist-*

²⁰ Sigurd Allern er den mest sentrale einskildpersonen i Klassekampen si historie, og blir vist til (og sitert) jamnleg her. Han var redaktør for Klassekampen både 1970-1972 og samanhengande frå 1979 til 1995. Før dette hadde han vore leiar i SUF (1967-1968), han var leiar i MLG 1971-1973 og i AKP(m-l) og RV 1973-1975.

Allern var sentralstyremedlem i AKP(m-l) fram til 1992. Han meldte seg ut av AKP samtidig som han sa opp jobben som redaktør våren 1995. Etter 1995 har Sigurd Allern arbeidd med medieforskning, og er i dag professor i journalistikk ved Universitetet i Oslo.

²¹ E-post 2.11.06.

leninistene), AKP(m-l),²² blei stifta 18. februar same år, som ei samanslåing av folk frå MLG, tidlegare SUF-medlemmar og andre som hadde kome i kontakt med ml-gruppene og/eller Klassekampen. Heile stiftingserklæringa til partiet sto på trykk i Klassekampen nummer 6/73 (21.-27. februar), og frå same nummer var avisa offisielt organ for partiet.²³ AKP har heile tida vore veldig opptekne av det trykte ordet for å formidle standpunkta sine – frå starten av gjennom Klassekampen, og seinare i publikasjonar som *Tjen Folket* (internblad), *Røde Fane* (opphavleg organ for ml-arane i NKP), *Rødt!* og no på 2000-talet avisa *akp.no*. Motivasjonen for denne fokusen blir forklart i Klassekampen med grunnlag i sitat frå Mao og Lenin.²⁴

SUF(m-l) skifta namn til Raud Ungdom (RU) våren 1973, og valde på landsmøtet å bli ungdomsorganisasjonen til AKP(m-l). 28. mai blei Raud Valallianse (RV) stifta som valfront for "AKP(m-l) og uavhengige sosialister". Kort sagt skjedde dette fordi Norges Kommunistiske Parti (NKP) protesterte på at AKP(m-l) stilte til val med eit namn så likt det dei sjølve hadde. Dei fekk departementet si støtte i dette, og RV blei stifta for at AKP(m-l) skulle få stille til val hausten 1973. Leiaren i AKP(m-l) var automatisk leiar for RV fram til 1979, og fram til den endelege delinga mellom AKP og RV i 1991 var det berre AKP-medlemmar som hadde full stemmerett på landsmøta i RV.²⁵

Med stiftinga av AKP(m-l) fekk vi ei ny partiavis i ei tid der dei fleste av dei etablerte partitilknytte avisene var i ferd med å bli "uavhengige".²⁶ Klassekampen blei eit propagandaorgan for partiet, på ein måte som ein måtte fleire tiår bakover i tid for å finne hos andre aviser. Frå partistarten i 1973 var avisa eit hovudprosjekt for AKP – eit parti som framleis, ved inngangen til 2007, har ein form for aktivitetsplikt for medlemmane sine. Det å lage, selje

²² Partiet kutta ut (m-l) i namnet på landsmøtet i 1990. Så langt det lar seg gjere, freistar eg å omtale partiet som "AKP(m-l)" når eg snakkar om tida fram til dette, og "AKP" når eg snakkar om tida etter. Dei stadene eg omtalar partiet gjennom heile perioden frå 1973 til no, omtalar eg det som berre "AKP".

²³ Vignetten blei bytta ut til "Avisa til Arbeidernes Kommunistparti (marxist-leninistene)". Denne formuleringa varierte litt opp gjennom åra, og den formelle knytinga til AKP forsvann i samband med formålsparagrafen. I dag er det avisa *akp.no* (<http://www.akp.no/avis/>) som nyttar vignetten "Avisa til Arbeidernes Kommunistparti".

²⁴ Andre norske kommunistgrupper har også vore svært fokuserte på å gje ut aviser og blad. NKP har gjeve ut avisa *Friheten* kvar veke sidan 1945, trotskistgruppa Internasjonale Sosialister (IS) ga ut *Sosialistisk Arbeideravis* annankvar veke nokre år (men har no heller satsa på tidsskriftet *Gnisten*), og ml-gruppa Revolusjon har fokusert på det teoretiske tidsskriftet *Revolusjon!*

²⁵ Dette var mest formelt, i praksis var det ikkje slik. Sigurd Allern forteljer (e-post 2.11.06): "Til og med i 1973 da jeg som AKP/RV-leder snekret sammen den første alliansen, så hadde tross alt de ikke-medlemmene som deltok på RV-konferansen både rett til å uttale seg og stemme!"

²⁶ Jamfør Skre 2004:7. Så tidleg som i 1973 var dette likevel ikkje hovudbiletet – partipressa eksisterte i stor grad gjennom 70-talet og utover 80-talet. Dagbladet var den første som blei avpartifisert (1977), følgt av nokre andre gamle Venstreaviser. Redaktørane i Høgrepressa deltok på partilandsmøta fram til 1983, og den endelege lausrivinga av A-pressa frå Arbeidarpartiet kom ikkje før på starten av 90-talet. Skilnaden i partitilknytning mellom Klassekampen og dei andre avisene var difor meir i funksjon enn i det formelle. Klassekampen var nok mykje tydelegare eit propagandaorgan enn kva dei andre partiavisene var på 70-talet.

og støtte Klassekampen har heile tida vore ein prioritert aktivitet i partiet. Dette pliktige engasjementet er nok også grunnen til at avisprosjektet Klassekampen har overlevd alle dei skiftande økonomiske, organisatoriske og journalistiske periodane avisa har vore gjennom. Sjølv om ein kan seie at stiftinga av partiet AKP(m-l) var eit resultat av arbeidet i Klassekampen, må ein seie at Klassekampen frå 1973 og heilt fram til i dag er eit resultat av enorm innsats frå partiet og partimedlemmane gjennom mange år.

Utsjånadsmessig fekk avisa også nokre endringar frå 1973. Ein nytta meir bilete (av folk) i avisa, og ein fekk fleire signerte artiklar, men desse signaturane var i all hovudsak dekknamn og initialar heilt til slutten av 70-talet. Klassekampen skulle vere eit kollektivt produkt, så namna på skribentane var ikkje sett på som relevante.²⁷ I tillegg var anonymiseringa av medarbeidarane ein viktig del av sikkerheitslina til partiet, særleg mot slutten av 70-talet. Rune Ottosen og Bjørn Westlie skriv dette om bruken av dekknamn:²⁸

Første skritt i retning av en mer liberal sikkerhetslinje (...) ble innvarslet da journalistene fikk lov til å operere under dekknavn i spaltene. (...)

Anonymiseringen, dekknavnene og "illegaliseringen" av journalistene måtte oppgis som linje av praktiske og politiske grunner. (...) Først da Sigurd Allern tiltrådte som redaktør ble det etter hvert slutt på dekknavnene og de falske navnene i avisas spalter. På det tidspunktet var da også journalistene organisert under sine egne navn i Norsk Journalistlag.

I tida som vekeavis blei Klassekampen i stor grad distribuert via post (i tillegg til det tradisjonelle gatesalet). Dette var praktisk, men det førte også til at partiet vart meir "gjennomsiktig", fordi abonnentlistene var svært tilgjengelege for eventuelle overvåkarar.

Gjennom heile 70-talet var intensiteten i bygginga av Klassekampen stor i partiet, med sterk partistyring og høgt arbeidspress i redaksjonen – særleg etter "oppgjeret med høgareavviket" og oppstarten av dagsavisa. Historiane forteljer om ekstreme oppofringar, og om arbeidsdagar i redaksjonen på oppimot og over 15 timar i periodar.²⁹ Det å lage

²⁷ Ottosen/Westlie 1989:181.

²⁸ Ottosen var red. sekretær/redaktør for *Røde Fane* i perioden 1977-1980, medan Westlie var journalist i Klassekampen 1977-82 og 1985. Dei var altså sentrale i arbeidet med propagandaarbeidet til AKP(m-l) på slutten av 1970-talet. Bokartikkelen som blir referert her, er basert på eit forskingsarbeid utført av Ottosen saman med Lise Stahl. Eg freistar å referere til Ottosen/Stahl når eg viser til forskingsresultat eller rapporten deira, og Ottosen/Westlie når eg peiker på artikkelen desse skreiv. I nokre samanhengar vil det vere aktuelt å referere til begge delar, og då refererer eg til Ottosen m.fl. Sitata her er frå Ottosen/Westlie 1989:180-181.

²⁹ Ottosen/Westlie (1989:172) skriv også: "I de første to årene av dagsavisperioden var den gjennomsnittlige ukentlige arbeidstiden for redaksjonsmedlemmene minst 60 timer og i perioder langt mer".

Klassekampen var ingen jobb med fastsett arbeidstid og dei normale arbeidsvilkåra avisa heile tida har kjempa for at "arbeidsfolk flest" skal ha. Dei som arbeidde med å lage Klassekampen desse første åra var heller ikkje tilsette på vanlege vilkår – redaksjonsmedlemmane måtte vere partimedlemmar,³⁰ med eller utan betaling for å lage avisa. Tilsettingsforholdet var heller ikkje i avisa – journalistane i Klassekampen var tilsette i partiet AKP(m-l), og var slik sett partifunksjonærer i første rekkje. Krava til dei tilsette var høge:

De ansattes politiske kvalifikasjoner og "klassestandpunkt" blei ikke minst målt ut fra evnen til å stå på, til å jobbe utrettelig og til å nedprioritere alt annet til fordel for avisa. Viljen til å jobben uten å stille spørsmålstegn ved hvor mye en faktisk jobbet fikk sin egen politiske kvalitet. Det gjaldt verken å være småborgerlig eller "pysete". Dette var en linje som utviklet seg også før Klassekampen ble dagsavis, men som ble forsterket da kravene økte.

I oktober 1976 under oppkjøringsfasen til dagsavis skjedde følgende episode som illustrerer dette godt. Et av punktene på et redaksjonsmøte var en debatt om helsetilstanden i redaksjonen. Årsaken til at dette kom opp var at redaksjonen hadde fått kommentarer om at de ansatte så syke ut. I tillegg til dette hadde en av journalistene skriftlig søkt om å få slutte på jobben klokka 20.00 to kvelder i uka fordi vedkommende hadde fått magekatarr av den stressende jobben. For å understreke behovet for mer tid i familien søkte hun om tillatelse til å få barn. Men nei. Til svar fikk journalisten av redaksjonsmøtet at det ikke var arbeidstida i Klassekampen som var problemet, men usunt kosthold og utflytende og usunn livsførsel. Som botemiddel mot disse utskielene ble det derfor foreslått at alle i redaksjonen heretter måtte begynne med morgengymnastikk fem minutter hver dag og ha med seg matpakke på jobben.³¹

Kvinna som søkte om å få barn, var Bente Thoresen. Ho skriv om episoden i 25-årsjubileumsbilaget: "I redaksjonsledelsens protokoll fra denne tida står det å lese (Margit var mitt dekknavn): 5. Familiesaker. Margit har tatt opp ønske om å få starte svangerskap med sikte på å få barn til våren. AU innstiller på at hun venter til høsten, fordi et svangerskap som vil medføre permisjon på samme tid som vi går over til dagsavis vil være problematisk midt i en så viktig overgangsperiode."³² Thoresen fekk barnet sitt på hausten, og mindre enn eitt år seinare søkte³³ ho om å få slutte i avisa.

³⁰ Dei første journalistane som ikkje var medlemmar i AKP(m-l), kom inn i Klassekampen på starten av 80-talet.

³¹ Ottosen/Westlie 1989:171-172.

³² Klassekampen 12.2.94 side 23.

³³ Praksis var faktisk at ein måtte å søkje om å få slutte, ein kunne ikkje seie opp på vanleg måte. Iallfall ikkje om ein ville halde fram som AKP-medlem etterpå.

Nokre av høgdepunkta i arbeidet på 70-talet er innsamlinga til, og innkjøpet av, eigen rotasjonspresse, overgangen frå vekeavis til utgjeving 2 dagar i veka, og så endeleg til dagsavis i 1977. Overgangen frå ei til to aviser i veka skjedde ved nyttår 1975-76, og det var ganske tydeleg at dette berre var å sjå som eit mellomsteg på vegen til dagsavis. I starten var tysdagsavisa³⁴ på 20 sider, og torsdagsavisa på berre 4 sider. Det gjekk ganske kort tid før sentralkomiteen i AKP vedtok at Klassekampen skulle bli dagsavis frå 1. april 1977.

Innsamlinga til eiga rotasjonspresse var det store økonomiske løftet i AKP på 70-talet, og tusenlappane rant inn til partiet og avisa på denne tida. At ”rotasjonskampanjen” var så vellukka var mykje av grunnen til at sentralkomiteen gjorde vedtak om oppstart av dagsavis så raskt som dei gjorde.

3.3. 1977: Å sykle på vatnet – Klassekampen blir dagsavis

Det lille partiet AKP(m-l) klarte, som Dag Solstad beskriv det i romanen *Gymnaslærer Pedersens beretning om den store politiske vekkelsen som har hjemsøkt vårt land*,³⁵ ”å sykle på vannet.”³⁶ AKP(m-l) sin største prestasjon på 1970-tallet når det gjeld Klassekampen, var at avisa i det heile tatt overlevde dei store økonomiske omveltingane og praktiske omleggingane som gjekk føre seg. Nokre kamelar måtte partiet svelgje, hovudsakleg av økonomiske årsaker. I 1978-79 var avisa i praksis konkurs, og etter ein hard debatt i partiet valde leiinga å ta imot pressestøtte og ta inn statsannonsar. Dette var eit brot med den sjølvbergingslina partiet hadde programfesta i 1976, der dei vedtok å ikkje vere avhengige av pengar frå staten eller andre grupperingar.³⁷ For å berge avisa, enda dei til slutt med å opne for å ta imot pressestønad og statsannonsar. Sigurd Allern omtalte den opphavlege sjølvbergingstanken slik i ein artikkel i samband med avisa sitt 25-årsjubileum:

³⁴ Dei aller første vekene kom avisene ut på onsdag og fredag, resten av perioden på tysdag og torsdag.

³⁵ Solstad 1982. Denne romanen var på ein måte Solstad sitt oppgjer med tida si i AKP(m-l), men det var ikkje eit verre oppgjer enn at Pål Steigan siterar boka alt i *På den himmelske freds plass* (1985). *Gymnaslærer Pedersen* blei filmatisert i 2005-2006, og starta ein ny debatt om AKP(m-l), utan særleg nye moment sidan førre ”oppgjer” med partiet berre eit par år tidlegare. Om lag samtidig som filmen hadde premiere, oppretta AKP prosjektet ”ml-historie”, der dei skal samle og publisere historisk materiale, og leggje mykje ut på internett.

³⁶ Solstad 1982:199. I boka skal folk ut til ei øy for å vere med på ei partisamling, og må då sykle på vatnet for å kome ut dit. Vendinga ”å sykle på vannet” er etter dette gått inn i språket som eit bilete på at sjølv om noe eigentleg er umogleg, så går det om ein berre trur hardt nok at det skal gå an.

³⁷ Særleg dette siste var viktig ifølgje både Steigan (1985) og Folkvord (1998). I Klassekampen desse åra blir også sjølvberging fronta som eit viktig prinsipp. Det var ei avgjerd som nok sikra AKP(m-l) sin uavhengigheit frå kommunistpartia i Albania og Kina. Pengeflyten har alltid vore spesiell i AKP og omlandet deira, med ein ganske kontantbasert økonomi. Trass i jamnelege skuldingar om finansiering frå utlandet, ser det ikkje ut til at dei mottok anna enn stønad til studieturar til Kina og liknande.

Både pressestøtte og annonseregler i Norge er tuftet på demokratiske prinsipper, noe som gir radikale aviser et langt bedre utgangspunkt enn i de fleste kapitalistiske land. At AKP – i et anfall av dogmatisk venstreidealismen – nektet Klassekampen å nyte godt av dette, holdt på slutten av søttallet på å bli avisas bane.³⁸

Allern var tydeleg ueinig i mykje av den ideologiske dreininga som skjedde i partiet på midten av 1970-talet. ”Oppgjeret med høgrevviket” i 1975-76 fekk konsekvensar både for han personleg³⁹ og for Klassekampen. Overgangen til dagsavis blei bestemt av sentralkomiteen, og partiet og redaksjonen måtte berre freiste å gjennomføre vedtaket. Det var ikkje akkurat lett – sjå berre på historia til ”Margit” eit par sider tilbake – men partiet fekk det umoglege til. På grunn av nye synspunkt i partileinga, og frykt for overvaking, blei det satsa på eigen distribusjon av Klassekampen:

Det var introduksjonen av dagsavisa (sammen med sikkerhetskysteriet knyttet til ultravenstre-svingen i 1975-77, krigsfare m.m.) som førte til et distribusjonsnett ”under jorda”, med spesielle leveringsadresser og egen distribusjon. Deler av dette brøt raskt sammen, men i enkelte områder i Oslo varte det svært lenge, i siste faste fordi mange av abonnentene (som også var bud) likte så godt å få avisa på døra kvelden før den kom ut!⁴⁰

Då Klassekampen skulle bli dagsavis i 1977, laga sentralkomiteen i AKP(m-l) eit svært detaljert redigeringsdirektiv for avisa.⁴¹ Redigeringsdirektivet var ein konsekvens av ”oppgjeret med høgrevviket”, og det Allern omtalar som ”ultravenstre-svingen i 1975-77”. Direktivet låste formatet i den perioden direktivet galddt, og var nok ein av grunnane til at redaktør Allern (frå 1979) såg kor naudsynt det var å profesjonalisere produksjonen av dagsavisa Klassekampen. Redigeringsdirektivet var gyldig fram til ein gong i 1979, og var det mest openberre styringsdokumentet frå leinga i AKP(m-l) til dei som skulle lage avisa. Desse emna skulle ha høgast prioritet i avisa:⁴²

- *Partiledelsens stoff skal inn. Ingen endringer tillatt uten ledelsens godkjenning, heller ikke oppdeling og mellomtitler. Alle løpende pålegg fra partiledelsen muntlig eller skriftlig skal inn snarest. Det skal føres en egen journal for disse pålegga.*

³⁸ Klassekampen 12.2.94 side 18.

³⁹ Sigurd Allern gjekk av som partileiar på eit sentralkomiteemøte i 1975, og blei erstatta av Pål Steigan.

⁴⁰ Allern, e-post 2.11.06. Avisbodsystemet er også omtala hos Ottosen/Westlie 1989:169-171.

⁴¹ Folkvord 1998 kap.31 og Ottosen/Westlie 1989:175.

⁴² Offentleggjort i *Tjen Folket* januar 1978, her sitert etter Ottosen/Westlie 1989:175-176.

- *Det er ei hovedoppgave for avisa å avsløre og bringe stoff om sosialimperialismen og den faren den representerer i verdensmålestokk og for Norge.*
- *Avisa må gjenreise og utvikle polemikken, særlig mot revisjonismen.*
- *Avisa må prioritere opp økonomisk stoff, både nyheter og analyser av den økonomiske situasjonen i Norge og i utlandet.*
- *Aktuelt stoff og nyhetsstoff prioriteres høyt.*
- *Kulturstoff og kulturdebatt må prioriteres høyt.*
- *Arbeiderkorrespondanse, lesebrev og henvendelser skal inn.*

Den første tida med dagsavis var det partisekretær Finn Sjøe som formelt var redaktør, noko han hadde vore sidan 1972-73. Han blei avløyst av Egil Fossum i 1978. Det var i redaktørtida til Fossum at arbeidet fram mot ei meir profesjonalisert avis tok til så smått.

3.4. 1979: Sigurd Allern tek over

Sigurd Allern, som hadde vore redaktør ein del av tida med månadsavis, blei redaktør saman med Fossum sommaren 1979, og sto som einaste redaktør for avisa frå hausten av. Han satt som redaktør heilt fram til 1995, og ein må kunne seie at utviklinga frå eit dogmatisk partiorgan (laga etter redigeringsdirektivet) til ei brei radikal avis i stor grad er Allern si forteneste. Stilmessig er denne perioden prega av ganske forsiktige steg kvar gong noko blir endra – ein kan sjå heile perioden som ein konstant prosess for å gjere den ferske dagsavisa etablert. Eitt døme på dette er utforminga av framsida. Denne er endra i små steg frå gong til gong det skjer, med fleire mindre justeringar av logoen til avisa, og moderate endringar elles.

Klassekampen hadde vore dagsavis eit par år då Allern tok over redaktørjobben, og avisa (og partiet) hadde starta på vegen ut av den økonomiske krisa i 1978-79. Frå han tok over og utover 80-talet var det ikkje dei store endringane når det gjeld avisa, i alle fall ikkje så mykje som var synleg frå dag til dag, dette var eit meir langvarig arbeid. Den viktigaste einskildendinga i 1979 var at eigarane (AKP(m-l)) aksepterte redaktørplakaten, og at redigeringsdirektivet forsvann som følgje av det. Frå då av kunne ikkje lenger tillitsvalde i partiet gripe direkte inn i arbeidet med avisa – all kontakt skulle skje med ansvarleg redaktør, som måtte stå inne for innhaldet overfor partileiinga.

Det kan likevel verke som om Allern i denne perioden i større og større grad blei avismann framfor tillitsvald i AKP(m-l).⁴³ Fokusen på Klassekampen som profesjonell avis blei utvikla vidare då Allern tok over:

*Presentasjonsform var et tema allerede i månedsavisas dager, men profesjonaliseringen skjedde i første rekke fra 1979 og utover (f.eks. gjennom ansettelse av egen layoutsjef. Vår første av det slaget, Trygve Berg, ble "kjøpt opp" av Dagbladet da avisa gikk over til tabloid i 1983).*⁴⁴

Allern omtalte endringane i utsjånad og format slik i jubileumsartikkelen ved 25-årsjubileet:

Klassekampen har opp gjennom årene hatt mange redaksjonelle omlegginger, og utseendet har endret karakter flere ganger. Det handler ikke bare om formgivning, men uttrykker også ulike ideer om hva avisa skal være og hvem den henvender seg til.(...)

*Det første forsøket med en mer "skreven" avis ble tatt høsten 1986 (...). Formgivningen ble forsøkt tillempet en mer seriøs, saksorientert nyhetskultur. Prosjektet lyktes bare delevis (sic), men idéene ble ført videre (sic) da Klassekampen ble presentert med utvidet sidetall og ny design høsten 1991. Målet var og er å lage – både i form og innhold – en avis som er allsidig, faktaorientert, avslørende – men aldri sensasjonalistisk. Altså en moderne variant av den klassiske fullformattradisjonen.*⁴⁵

Denne måten å sjå avisa på er ganske langt frå slik AKP(m-l) dirigerte avisredaksjonen siste halvdel av 1970-talet. At redaktør Allern skriv at utsjånaden "uttrykker også ulike ideer om hva avisa skal være og hvem den henvender seg til", les eg som tydeleg uttrykk for at han ser sjølve redigeringa av avisa som ein viktig faktor i kva avisa er og kva ho formidlar. Formatet på avisa har fått ein eigenverdi som er med på formidlinga av innhaldet. Allern peiker også på at avisa fekk fleire prisar for god formgjeving på åtti- og nittitalet.⁴⁶

⁴³ Dette er slik det blir antyda hos både Folkvord 1998 og Ottosen/Westlie 1989. At Allern meldte seg ut av AKP kort etter at han hadde slutta som redaktør, tyder også på at det var avisa som var (eller blei) det viktigaste prosjektet hans – ikkje partibyginga. I intervju med Ingrid Stranger-Thorsen seier han også dette om dei som var igjen i AKP etter 1991: "(...) den mer pragmatiske delen i AKP gikk over til å bare drive med RV, og jeg vet ikke om du vil kalle det de mest 'prinsippfaste' eller de mest 'prinsipprytterske' i AKP, men ihvertfall ble de som historisk har hatt en hang til ren og rød-tenkning, mye sterkere. Da kom virkelig deres 'storhetstid', for nå var de jo nesten alene." (Intervju 12.4.05 sitert i Stranger-Thorsen 2006:52)

⁴⁴ E-post 14.3.06. Allern legg til i e-post 2.11.06 at: "Etter Trygve Berg kom Bodil Fagerheim (som så ble tilbudt jobb i VG). Deretter kom Braanen, som startet sin KK-karriere som layoutsjef (med meg som ansvarlig redaktør og Bjerke som nyhetsredaktør)." Eg oppfattar dette tillegget som ei poengtering av kor viktig utforminga av avisa var på 1980-talet.

⁴⁵ Klassekampen 12.2.94 side 19.

⁴⁶ E-post 2.11.06.

3.5. 1991: Frå partiorgan til "venstresidas dagsavis"

Trass i utviklinga på 80-talet, var det først i 1991 det kom ei *prinsipiell* endring, ved at Klassekampen fekk ein radikal formålsparagraf i staden for vere å partiorgan.

Formålsparagrafen blei vedteken på generalforsamlinga 15.april 1991.⁴⁷ Seinare på året skilde AKP og RV lag, ved at RV blei eit eige politisk parti utan formelle band til AKP⁴⁸. Året før hadde AKP fjerna "(m-l)" frå partinamnet. I samband med den nye formålsparagrafen gav AKP 20% av aksjane til foreininga Klassekampens Venner (KV, sjå grundigare presentasjon seinare). Framleis satt partiet som hovudeigar av avisa, med 75% av aksjane. Denne utvidinga av eigargrunnlaget og tilføringa av kapital i etterkant av det, førte til ein ny opptur for avisa, som hadde sitt høgaste opplagstal i 1992, då dei var registrerte med eit gjennomsnittleg opplag på 10042 aviser. Denne rekorden i opplag blei først slått i 2006.⁴⁹

Avisa fekk denne formålsparagrafen⁵⁰ i 1991:

*Klassekampen skal drive en seriøs, kritisk journalistikk, med allsidige politiske og økonomiske avsløringer av alle former for utbytting, undertrykking og miljøødeleggelser - samt inspirere og bidra til ideologisk kritikk, organisering og politisk kamp mot slike forhold ut ifra et revolusjonært, sosialistisk grunnsyn.*⁵¹

Det var på grunnlag av denne nye formålsparagrafen Sigurd Allern gjorde framlegg om breiare samarbeid, meir utførleg omtala av Torstein Tranøy i studentarbeidet *Klassekampen: Fra partiorgan til venstresidas dagsavis*.⁵² Dette la også grunnlaget for den utviklinga av avisa som førte fram mot at Sigurd Allern slutta som redaktør i 1995, og Paul Bjerke blei avsett som redaktør to år seinare.⁵³ Alt dette er grundig diskutert på grunnlag av intervju med

⁴⁷ Første utgåve av Klassekampen utan vignetten "organ for AKP(m-l)" var 19. april 1991.

⁴⁸ RV hadde blitt meir og meir uavhengig frå AKP(m-l) gjennom 80-talet, og den endelege splittinga i 1991 var mest formell. I skrivande stund er AKP og RV i gang med førebuing av ei samanslåing våren 2007. Om dette lukkast, vil ein ikkje vere attende til noe utgangspunkt, men ein blir iallfall kvitt den "delvis splittinga" som er mellom dei to partia i dag.

⁴⁹ Tabell over opplagsutviklinga for perioden 1969 til 2006 finst i vedlegg 3.

⁵⁰ Det var skepsis til dette innan AKP. Det opphavlege framlegget frå Allern var følgjande tekst: "Klassekampen er ei revolusjonær dagsavis som skal drive en seriøs, kritisk journalistikk og allsidige, politiske avsløringer av alle former for utbytting, undertrykking og miljøødeleggelser - samt inspirere til organisering og kamp mot slike forhold" (ref. i Folkvord 1998 kap. 31). Den endelege teksten var eit kompromiss med dei mest skeptiske.

⁵¹ *Vedtekter for Klassekampen AS*, paragraf 5 (er med som vedlegg 4 her). Formålsparagrafen er ikkje endra sidan den blei vedteken i 1991.

⁵² Tranøy 1992:40-43. Tranøy arbeidde som journalist i Klassekampen fram til redaktørkonflikten i 1997. Etter 1997 har Tranøy vore journalist i Dagens Næringsliv.

⁵³ Tranøy 1992:60 leikar for øvrig spåmann, og fortutseier denne konflikten slik, allereie fem år før det skjer: "Han [Allern] har tillit hos begge fløyene i AKP. Men den dagen Allern går av og eierne (AKP) gjennom styret skal peke ut ny redaktør, kan det bli nye konflikter rundt avisa."

redaktørane Allern, Bjerke, Michelet og Braanen i Ingrid Stranger-Thorsen si hovudoppgåve *Kamp om Klassekampen* frå 2006.⁵⁴

3.6. 1997: Nestan konkurs igjen – og redaktørbråk

Hausten 1997 kom den største utskiftinga av ein redaksjon ein har sett i ei norsk dagsavis. Redaktør Paul Bjerke, viste til store underskot dei siste åra (2,4 millionar berre i 1996), og meinte at avisa ikkje kunne halde fram på same viset. Bjerke og styreleiar Aksel Nærstad la fram eit notat om framtida til Klassekampen,⁵⁵ og Bjerke la fram tre alternative vegar for avisa. Etter ein heit debatt rundt dette og påstandar om at avisa hadde blitt for ”finkulturell”, blei Bjerke kasta som redaktør hausten 1997, etter krav frå hovudaksjonær AKP. Bjerke fekk tilbod om ei anna stilling i avisa, noko som ikkje var aktuelt for han.⁵⁶ Redaksjonen sto bak Bjerke i konflikten med AKP og styret i avisa, og etter tilsettinga av ny redaktør forsvann journalistane ein etter ein.

Den nye redaktøren var forfattaren, sjømannen og journalisten Jon Michelet. Han blei naturleg nok sett på som representant for AKP, sjølv om han ikkje lenger var medlem i partiet. Michelet var faktisk den første redaktøren for Klassekampen som ikke samtidig var AKP-medlem. Han var ein av dei som hadde vore med i Klassekampen alt i tida med månadsavis, men gjennom arbeid som krimforfattar og skribent i bladet *Vi menn* hadde han ikkje ein profil som gjorde han til nokon samlande redaktør for venstresideavisa. Det hjelpte heller ikkje at han hadde blitt tilsett på den måten han blei. Opphavleg blei han tilsett direkte av styret i avisa utan utlysing og søknadar, noko redaksjonsklubben protesterte sterkt på. For å unngå streik valde styret i avisa å stoppe tilsettinga av Michelet, og utlyse stillinga på meir vanleg måte. Journalistklubbleiar Torstein Tranøy sto sentralt i konflikten på Bjerke og kulturredaktør Eivind Røssaak si side, og det var nok difor det ikkje var han som blei konstituert som redaktør i tida frå Paul Bjerke blei kasta og fram til Jon Michelet blei formelt tilsett nokre veker seinare.

Då søknadsfristen var ute, var det fleire aktuelle kandidatar, men styret enda likevel opp med Jon Michelet som ny redaktør for Klassekampen. Michelet satt som redaktør på 5-års åremålstilsetting fram til 2002, men slutta i praksis som redaktør året før, av helsemessige

⁵⁴ Stranger-Thorsen 2006:51-81.

⁵⁵ Bjerke/Nærstad 1997.

⁵⁶ Både Paul Bjerke og kona meldte seg ut av AKP etter denne prosessen. Dei siste åra har Bjerke hatt ei fast spalte i Klassekampen kvar veke, under vignetten *Pauli ord*, slik at ein kan seie han er ”med” igjen.

årsakar. Redaksjonssjef Bjørgulv Braanen⁵⁷ fungerte som redaktør då Michelet blei sjukmeldt, og det var inga overrasking at han blei tilsett som redaktør då åremålet til Michelet tok slutt.

I løpet av halvåret etter redaktørskiftet hausten 1997, sa store delar av redaksjonen i avisa opp stillingane sine, slik at Klassekampen ved inngangen til 1998 satt med både ny redaktør og ny redaksjon. Michelet omtalte den nye redaksjonen som ”den yngste redaksjonen nokon sinne i ei norsk dagsavis” i ein leiarartikkel i 1998. Mellom lesarane var det også stor usemje om saka, og det første året under Michelet mista avisa nærare 1600 tingarar. Det gjennomsnittlege opplaget for 1998 blei så lågt som 6506 eksemplar.

3.7. 2000: utvida eigargrunnlag

I tida etter 1997 har det administrative og redaksjonelle målet vore å gjennomføre målet frå 1991 om å lage ”venstresidas dagsavis”. Gjennom kampanjar med sal av aksjar til overpris (1000 kroner for ei 2,50-kroners aksje) har avisa styrka seg økonomisk og fått eit breiare eigargrunnlag. Dette aksjesalet skjedde både ved at avisa utvida aksjekapitalen og selde dei nye aksjane, og ved at AKP vedtok å selje seg ned og (i all hovudsak) donere inntektene til avisa.

AKP sendte ut denne pressemeldinga 13. oktober 2000:

KLASSEKAMPEN UTVIDER EIERGRUNNLAGET

AKP har nå åpnet for tidenes største eierutvidelse og kapitaltilførsel til Klassekampen. Gjennom generalforsamlingens vedtak om aksjeutvidelse og AKPs beslutning om salg av egne aksjer, vil avisa kunne bli tilført mellom 9,3 og 10,3 millioner kroner. Samtidig vil AKPs eierandel kunne bli redusert fra 49 til 20 %. En tredel av avisas aksjer er dermed til salgs.

Aksjesalget skjer teknisk ved en aksjeutvidelse på 2.750 aksjer, samtidig som AKP selger 7.500 av sine aksjer hvor verdien av 6.500 er forhåndsdisponert til avisa. (...)⁵⁸

Dei siste åra har fokusen på ”heile venstresida” vore oppe til debatt mellom dei som heile tida har følt Klassekampen som *si* avis. Innan RV og AKP er det ein del som er misnøgde med kor SV-orienterte avisa er blitt – noko som toppa seg i desember 2005 då AKP-leiar Jorun

⁵⁷ Braanen hadde vore leiar i Raud Ungdom 1979-1983, og var journalist og layoutsjef i Klassekampen på 1980-talet. Han kom attende til Klassekampen som redaksjonssjef i 2000, etter ti år i Dagens Næringsliv.

⁵⁸ Heile pressemeldinga finst på <http://www.akp.no/nytt/vedtak.htm#kk-okt2000>.

Gulbrandsen mellom anna skreiv at ”avisa konsentrerer seg mye om å bli SVs *Se & Hør*.”⁵⁹ Det kan altså vere slik at Klassekampen på sikt *kan* bli oppfatta som partiorgan for Sosialistisk Venstreparti, sjølv om det ikkje er nokre bindingar mellom partiet og avisa. Dette er interessant, sidan det skjer etter at avisa først har vore organ for AKP, og deretter (gjennom 90-talet) har vore oppfatta som ei RV-avis.⁶⁰ Om målet om å bli heile venstresidas dagsavis er nådd, er vanskeleg å seie. Den politiske venstresida har uansett alltid vore prega av tvisyn og fragmentering, så det kan vere at denne debatten nettopp *er* eit teikn på at Klassekampen har nådd målet om å dekke heile venstresida.⁶¹ Ifølgje redaktør Braanen har avisa ”en bred vifte (...)” mellom dei tilsette når det gjeld politisk ståstad.⁶²

I januar 2006 gjorde forlaga Pax og Oktober⁶³ framlegg om å kjøpe seg inn i Klassekampen med ein 20% del, altså like stor som AKP sin del. På same tid kjøpte forlaget Damm (som er ein del av det store danske Egmont-konsernet) opp det tidlegare SV-organet *Ny Tid* og gjorde denne vekeavisa om til eit vekemagasin. Desse to hendingane hadde i utgangspunktet ikkje noko med kvarandre å gjere, men blei sett i samanheng fordi det alt frå før Klassekampen sin ”fristilling” frå AKP i 1991 hadde vore snakk om mogleg samanslåing mellom Klassekampen og *Ny Tid*:

Høsten 1990 ble Sigurd Allern og en fra avisa Friheten (NKP) innkalt av styreformann i Ny Tid, Ivar Johansen, til møte. Dette møte kom i forbindelse med at Ny Tid diskuterte re-lansering av avisa. Ny Tid hadde i 1990 et opplag på 8000 og hadde da store økonomiske problemer.

*En mulig sammenslåing av avisene ble luftet, men i følge Allern ble det aldri noen seriøse drøftelser om dette. En av grunnene, igjen i følge Allern, var at ”forslaget” fra Ny Tid gikk ut på et fellesprosjekt om ei lørdagsavis.*⁶⁴

Ifølgje Tranøy var det Sigurd Allern og AKP som den gongen sette ein stoppar for ei slik samanslåing. Tranøy siterer også dåverande SV-leiar Erik Solheim, som i 1991 hadde eit møte med Sigurd Allern, der Allern ba om aksept frå SV-leinga for at Klassekampen drog inn

⁵⁹ Klassekampen 12.12.05 (framsida og midtsidene).

⁶⁰ Ifølgje lesarundersøkinga som blei gjennomført i 1997 (sjå vedlegg 5) var det ein stor del som stemte RV sist (38 prosent av lesarane), medan ein nestan like stor del (33 prosent) av dei stemte SV siste stortingsval (1993).

⁶¹ Tranøy definerer venstresida ut frå det som er skrive om målgruppa i eit notat frå salsavdelinga i Klassekampen: ”folk som er engasjert og aktive i forhold til samfunn, politikk og kultur, som har bruk for den kunnskap Klassekampen formidlar og som har hjartet til venstre.” (sitert i Tranøy 1992:5)

⁶² Radioportrettintervju NRK Østlandssendingen (”Lang lunsj”) 25.4.2006.

⁶³ Oktober var opphavleg AKP(m-l) sitt eige forlag, men blei seld på 90-talet, og er no heileigd av forlagshuset Aschehoug. Forlaget Pax hadde opphavet sitt i SF/SV-miljøa, men er no i privat eige.

⁶⁴ Tranøy 1992:41. Stavefeil i sitatet er slik dei står hos Tranøy.

sentrale SV-medlemmar i arbeidet sitt med omlegginga av avisa. Solheim sa dette om ei mogleg samanslåing av dei to avisene:

*- Avisa måtte bygge på en videreføring av Klassekampen. Men det måtte være en reelt uavhengig avis med annen eierstruktur, annet navn, annen formålsparagraf og muligens annen redaktør (...)*⁶⁵

På dette grunnlaget var det naturleg nok lite aktuelt for Allern og Klassekampen å gå vidare på diskusjonar om samanslåing med Ny Tid. Men ideen kom jamnleg opp, og då det var klart at Ny Tid var i djup økonomisk krise på slutten av 2005, var Klassekampen nemnt som ein mogleg oppkjøpar av "restane" av Ny Tid. Avisa endte som sagt opp hos Damm, som gjorde vekeavisa om til nyhendemagasinet i konkurranse med Dagbladet si nysatsing *Memo*.⁶⁶ Første redaktør for Ny Tid etter omlegginga⁶⁷ er forøvrig Martine Aurdal, som har arbeidd som journalist i Klassekampen tidlegare.

AKP avviste Oktober og Pax sitt oppkjøpstilbod i januar-februar 2006, men diskusjonane om eigarskapen til Klassekampen fortsette utover året. Ein av grunnane til at tilbodet på våren blei avvist av AKP-leiar Jorun Gulbrandsen, var at partiet meinte tilbodet prisa avisa for lågt. Hausten 2006 kom det difor eit nytt tilbod på bordet, der Oktober/Pax og fagsamansluttinga Fagforbundet skulle gå inn med 3,2 millionar kroner kvar, for kvar sin 10% eigardel. Dette tilbodet, som verdsette avisa meir enn dobbelt så høgt som tilbodet i januar, fekk tilslutting frå AKP-landsmøtet i oktober. Pål Steigan, som forhandla på vegner av AKP i samtalene med Oktober/Pax og Fagforbundet, svarte slik på kvifor partiet no hadde endra meining i saka:

*- Vi sa umiddelbart at prisen i tilbudet [i januar, mi merkn.] var for lav, og den er nå blitt mer enn fordoblet. I tillegg er det avgjørende å få på plass en stiftelsesmodell som kan hindre oppkjøp fra forlagskapitalen, vi må huske at Oktober er heleid av Aschehoug. Vi ser på tilbudene fra Pax/Oktober og Fagforbundet som vennligsinnede framstøt fra krefter som vil avisa vel. Det er også viktig at nye eiere aksepterer Klassekampens formålsparagraf og rolle som uavhengig avis for venstresida.*⁶⁸

⁶⁵ Tranøy 1992:42.

⁶⁶ Memo blei eit kortliva prosjekt, med totalt 24 utgåver i perioden mars til september 2006. Ny Tid har også hatt økonomiske problem etter overgangen til magasinforma, og måtte i januar 2007 kutte 5 av 18 stillingar. Opplaget dobla seg likevel i løpet av 2006. (Klassekampen 4.1.07 side 1 og 14, og 13.1.07 side 23)

⁶⁷ Dag Herbjørnsrud var redaktør før og under oppkjøpet og omlegginga til magasin, og fungerte i stillinga dei første vekene. Aurdal blei konstituert i stillinga frå mars 2006, og blei tilsett som redaktør i mai.

⁶⁸ Klassekampen tysdag 24.10.06, side 9. Saka er også omtalt på framsida, og på kommentar plass (av redaktør Braanen) på side 2 i same avis.

Denne endra haldninga hos AKP, og redaktøren sin tydelege stønad til prosessen i same avis, gjer at Klassekampen AS i løpet av 2007 mest sannsynleg vil ha ein slik eigarsamansetting: AKP ca. 20%, Oktober/Pax ca. 10%, Fagforbundet ca. 10%, Klassekampens Venner 10-15%, og dei ca. 4250 mindre aksjonærare dei resterande 45-50%.

3.8. Klassekampens Venner

Foreningen Klassekampens Venner (KV) må nemnast spesielt her. KV er nest største deleigar i AS Klassekampen, med nestan 15% av aksjane.⁶⁹ Hovudoppgåva til KV er rett og slett å skaffe mest mogleg pengar til drifta av avisa Klassekampen, og medlemmane får ingen andre fordelar enn at dei får lov til å donere ekstra mykje pengar til avisa. KV har vore drivkrefter i både aksjesals- og abonnementskampanjar dei siste åra. Det som er spesielt med KV er at dei av prinsipp ikkje ønskjer å nytte eigarmakta si til noko som helst. KV sin einaste misjon er å skaffe mest mogleg pengar til avisa, totalt utan å ta stilling til drifta eller den redaksjonelle retninga. I konfliktsituasjonar er dette naturlegvis noko KV blir kritiserte for, seinast i 2006 i samband med det første framstøtet frå Pax og Oktober om å kjøpe seg inn i avisa. KV presenterar seg sjølve slik:

Klassekampens Venner er en forening uavhengig av Klassekampen. Hvert år samler vi på forskjellige måter inn nesten en million som vi, gjennom blant annet direkte pengestøtte og stipender, bruker til å støtte opp under avisen. Vi har nå over 800 medlemmer, i alle aldre og fra alle samfunnslag, som gjennom et månedlig bidrag bidrar til å la avisen utvikle seg i positiv retning. I dag er vi også den nest største aksjonæren i Klassekampen. Vårt formål er å sikre avisen god drift og bidra til at Klassekampen skal kunne nå så mange lesere som mulig.⁷⁰

Klassekampen har heile tida vore annleis enn dei fleste andre avisene, ved at avisa i lang tid har vore laga på dugnad i større eller mindre grad. Generelt kan ein seie at avisa har hatt eit mykje større innslag av friviljuge (ubetalte) bidrag enn dei fleste andre dagsavisene i Noreg. Det er framleis slik, men dei friviljuge bidraga er færre og mindre lette å identifisere. Om denne dreininga frå mykje til mindre gratisarbeid i spaltene til avisa har noko å seie for totalproduktet er vanskeleg å seie. Det einaste ein kan stadfeste ganske sikkert, er at det nok har svekka Klassekampen som ”dugnadsprosjekt” – sjølv om det framleis er eit stort engasjement rundt avisa. Klassekampen anno 2007 er eit produkt i all hovudsak skrive av tilsette journalistar og nokre frilansarar/faste skribentar. Løns- og honoreringsnivået i

⁶⁹ 14,59% per 31.12.05. Sjå vedlegg 3.

⁷⁰ Teksten er henta frå ei reklamebrosjyre for KV, distribuert m.a. i Klassekampen 21.3.06.

Klassekampen er likevel lågare enn i dei fleste andre avisene og tidsskrifta i Oslo, og det er berre nokre få år sidan ein gjekk vekk frå prinsippet om *flat løn*, der alle tilsette i avisa (inkludert redaktør og dagleg leiar) får like mykje betalt.⁷¹ Klassekampen blir i dag sett på som ein god "første arbeidsplass" for unge og engasjerte journalistar – særleg dei som skriv innanfor feltet *kultur og medier*. Unge journalistar som har arbeidd i Klassekampen etter 1998, har seinare endt opp i Morgenbladet, Ny Tid og Dagsavisen.

3.9. Redaktørane

Klassekampen har hatt mange menn⁷² som har vore (eller fungert som) redaktør, men som tabellen (med fotnoter) under viser, er det ikkje alle som har fungert like lenge i jobben.

1969 ⁷³	Anders M. Andersen ⁷⁴ , Finn Aasheim, Sigurd Allern
1970-1972	Aasheim/Allern til 5/70, deretter Sigurd Allern ⁷⁵
1973-1978	Finn Sjue ⁷⁶ , på slutten av 1978 saman med Egil Fossum
1979	Egil Fossum, deretter Fossum/Allern, så Sigurd Allern frå 14.8.79
1980-1995	Sigurd Allern
1995-1997	Paul Bjerke
1997-2002	Jon Michelet
2002-	Bjørgulv Braanen

Det kan vere interessant å sjå at dei fleste av desse no driv med forskning og undervising innan journalistikken. Sigurd Allern er professor i journalistikk ved Universitetet i Oslo, Finn Sjue er førstelektor i journalistikk ved Høgskolen i Oslo, Egil Fossum er førsteamanuensis i journalistikk ved Høgskolen i Oslo, og Paul Bjerke er forskar ved De Facto og doktorgradsstipendiat i presseetikk ved Høgskolen i Volda. Finn Aasheim er avdelingsdirektør i Sosial- og helsedirektoratet, og Anders M. Andersen er amanuensis ved Institutt for kultur- og språkvitenskap ved Universitetet i Stavanger. Jon Michelet har halde fram som forfattar og frilansskribent etter tida som redaktør. Han er forøvrig den einaste redaktøren i Klassekampen som hadde journalistutdanning før han blei redaktør.

⁷¹ Eg veit ikkje kor stor del av tida dette prinsippet har blitt følgt i Klassekampen, men det var iallfall viktig som prinsipp i tida Jon Michelet bygde opp igjen avisa etter 1997.

⁷² Ordet er vald med vilje.

⁷³ Kven som i praksis var redaktør når, er eigentleg vanskeleg å seie. Avisa var eit kollektivistisk prosjekt utgjeve av ein gjeng unge aktivistar, som alle arbeidde døgeret rundt og gjorde alle oppgåver i avisa. Dei tre som er lista opp her, er dei som sto som redaktørar for forskjellige utgåver av Klassekampen i 1969.

⁷⁴ Andersen sto berre som redaktør heilt i starten, og var knapt med i arbeidet etter dette. Han hadde vore redaktør for "Tjen Folket" frå slutten av 1967, og var på same tid redaksjonsskrivar i Orientering.

⁷⁵ Bernt Holtmark fungerte som redaktør i 1971, då Allern var leiar i MLG (Klassekampen 12.2.94 side 18).

⁷⁶ Finn Sjue var primært sekretær i AKP, og utførte til tider redaktørarbeidet sitt via telefonen. I praksis var det Roald Helgheim som fungerte som redaktør i periodar medan Sjue var ansvarleg redaktør (Ottosen/Westlie 1989:177).

4. Tidlegare arbeid på feltet

Det er etter kvart blitt gjort fleire gode studie med slektskap til mitt eige arbeid. Til dømes har Per Ledin studert framveksten av den tidlege svenske arbeidarpressa og sjangerendringar der i doktoravhandlinga si,⁷⁷ Arnhild Skre har sett på endringar i avisene Arbeiderbladet (no Dagsavisen), Dagbladet og Aftenposten under "lausrivinga" frå partia på 60-talet i hovudoppgåva si,⁷⁸ og Yngve Benestad Hågvar har sett på avisa VG sine saker i eit sjangerperspektiv i hovudoppgåva si.⁷⁹ Eg har også sett på oppgåver og studier som ikkje har vore direkte relevante for forskingsarbeidet mitt, men som til dømes har analysert ml-rørsla, eller organisatoriske sider rundt AKP og Klassekampen.⁸⁰

Det eg sjølv har studert, har nokre likskaper med Per Ledin si avhandling. Ledin såg på sjangerendringane i tre svenske partiaviser i perioden 1892-1912 – den perioden dei tre blei starta opp, og dei første åra etter. Dette kan til eit visst mon samanliknast med Klassekampen i perioden 1969 til 1977, men på eit vis enda meir med dei første åra som dagsavis, 1977-79.⁸¹ Ledin har ein noko annan innfallsvinkel enn kva eg har nytta, men resultatane hans kan vere nyttige+ som historisk referanse også her. Ledin gjorde også samanlikningar med borgarlege aviser, noko eg ikkje har gått inn på. Ein kan likevel sjå avhandlinga til Ledin som eit slags førebilete for undersøkinga mi. Teoridelen til Ledin (i revidert utgåve i Ledin 1996/2001) har vore svært nyttig, og metodikken han har nytta har vore inspirerende i mitt eige arbeid.

Yngve Hågvar sin studie av VG har lite til felles med min studie av Klassekampen når det gjeld sjølve studieobjektet. Dei to avisene er grunnleggjande forskjellige både når det gjeld alder, opplagstal, målgruppe og politisk profil. Likevel har Hågvar sitt arbeid vore retningsgjevande for ein del av det eg sjølv har studert, men for det meste som førebilete. Det

⁷⁷ *Arbetarnes är denna tidning. Textförändringar i den tidiga socialdemokratiska pressen*. Publisert i "Stockholm Studies in Scandinavian Philology, New Series" nummer 20 frå 1995. Referert som Ledin 1995. Ledin er i dag professor i svensk ved Örebro Universitet.

⁷⁸ *I dag må ingen sitte hjemme. Presse og partiloyalitet 1957-1963*. Publisert i "Pressehistoriske skrifter" nummer 1 frå 2004. Referert som Skre 2004. Skre arbeider som journalist og kommentator i avisa Aftenposten.

⁷⁹ *Hele folkets diskurs. En kritisk analyse av den gode VG-sak*. Publisert i "Norsk sakprosa" nummer 7 frå 2003. Referert som Hågvar 2003. Hågvar jobbar no som høgskolelektor ved Høgskolen i Oslo, journalistutdanninga.

⁸⁰ I framste rekkje er det snakk om Håkon Kolmannskog sin *Ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla. Det umoglegets kuns 1965-1980* og Ingrid Stranger-Thorsen sin *Kamp om Klassekampen. En institusjonsanalyse av Klassekampen med fokus på redaktørskiftet i 1997 og utviklingen av redaktørrollen i avisa*. Begge desse oppgåvene er mykje baserte på intervju, og begge var ferdige våren 2006. Dei har til dels vore korrigerande når eg har gått gjennom ting eg har skrivne tidlegare, og dei har gjeve ein del nye innspel, både når det gjeld fakta og analysene mine.

⁸¹ Akkurat denne perioden er faktisk analysert av Rune Ottosen m.fl., og resultatane er publisert som ei forskingsrapport og i Tore Tvedt (red.) si bok (*ml*) frå 1989. Eg går grundig inn på desse analysene seinare.

er særleg når det gjeld formatanalysen og analysemetodikken eg har følgd Hågvar. Litteraturlista til Hågvar har vore nyttig når det gjeld å finne fram til ein del relevant litteratur på dette feltet.

Journalistane Vibeke Pettersen og Kristin Øyen sin studie av Dagbladet i åra 1935, 1965 og 1995 er den andre norske studien med parallellar til mi eiga oppgåve. Både omfangsmessig og nivåmessig er denne studien noko anna enn det eg har hatt som mål å gjere, men nokre moment har vore nyttige også derfrå. Særleg har den beskrivande sjangeroversikta deira vore eit nyttig innspel i arbeidet med å lage sjangerkategoriar tilpassa Klassekampen. I kapitlet "Nokre framlegg til sjangersystem" diskuterer eg Pettersen og Øyen sin sjangeroversikt for Dagbladet grundigare, og samanliknar med arbeida til Ledin, Hågvar og Ottosen m.fl.

Det einaste forskingsarbeidet som er gjort på Klassekampen som kunne vore overført meir eller mindre direkte til det eg har studert, er det Rune Ottosen og Bjørn Westlie presenterte i artikkelen *Da "Klassekampen" ble dagsavis. Eller hvorfor ingen kan starte dagsavis i Norge uten en fanatisk vilje til å lykkes.*⁸² Denne artikkelen er ei blanding av statistikk, personlege vurderingar av resultata som blir presenterte, og det som verkar å vere målet med boka – personlege røynsler frå den tida dei sjølve var involvert i arbeid i AKP(m-l) og Klassekampen. Det statistiske materialet i artikkelen er basert på ein innhaldsanalyse gjort av årgangane 1977-1979, utført av Rune Ottosen og Lise Stahl.⁸³ Ottosen og Stahl gjorde ein del metodiske val som gjekk i ei anna retning enn dei vala eg har gjort, slik at eg ikkje utan vidare kan nytta datagrunnlaget deira i direkte samanlikning med funna mine.

4.1. Min eigen posisjon

Mitt eige forhold til studieobjektet er ikkje nøytralt. Eg har rett nok ikkje vore direkte involvert i arbeidet med å lage avisa på noko tidspunkt, men eg har tilknytning på andre måtar. Eg eig eit par aksjar i avisa, og eg har vore med i styringsgruppa for ein av

⁸² Ottosen/Westlie 1989. Artikkelen er ein del av boka (ml) *En bok om maoismen i Norge* (red. Terje Tvedt, Ad Notam 1989). "Vaskesetelen", plassert på framsida av omslaget, presenterer boka slik: "En sterk og oppsiktsvekkende bok om ungdom i opprør, Vietnamkrig, EF-kamp og streikestøtte. Om Rød Front, Rød Ungdom, SUF og AKP(m-l). Om kjærlighet til Kina og nådeløse kadervurderinger. Om partiledelsen som sannhetsministerium og bygging av en kommunistisk dagsavis. En kritisk bok om norsk maoisme, skrevet av folk som selv var aktivt med."

⁸³ Ottosen/Stahl 1990. Her er det litt problematisk med årstalsreferansar. Ifølgje forordet til Ottosen/Stahl er undersøkinga gjennomført i perioden februar 1989 til februar 1990, medan boka Ottosen og Westlie sin artikkel står i, er utgjeven 1989. Rune Ottosen har stadfesta per e-post at arbeidet med desse to utgjevingane gjekk ganske parallelt, slik at data frå undersøkinga kunne bli nytta i boka før rapporten blei ferdig. Kapitlet frå boka er også gjengjeve som faksimilie i rapporten, så boka var tydelegvis ute før rapporten var ferdig trykka.

abonnementskampanjane for avisa. I tillegg har eg vore friviljug omsetjar og petitskribent, og eg har vore aktiv i fleire av organisasjonane i det såkalla omlandet til Klassekampen.⁸⁴

Posisjonen min er likevel såpass langt unna vinklinga på studien her, at han ikkje har påverka dette arbeidet. Der eg har tatt standpunkt i studien, handlar det om faglege standpunkt og vurderingar, ikkje politiske vurderingar av Klassekampen eller innhaldet i avisa. Det eg har studert er *måten å lage avis på*, ikkje eigentleg kva denne avisa blir fylt med. Der eg kjem inn på politiske vurderingar av avisa, er det som ein del av forklaringsgrunnlaget for kvifor det er slik eller slik. Analysemetoden min kunne vore brukt på mange aviser her til lands.

På den andre sida trur eg det er ein stor fordel at eg har god kjennskap til avisa slik ho framstår i dag (eg har abonnert på ho sidan 1997), og at eg har mange kjenningar som har arbeidd i, og/eller har vore friviljuge i Klassekampen – i heile perioden frå oppstarten og til i dag. Ingen av desse kjenningane kan kallast kjelder i vitskapleg forstand, men nokre av dei har gjeve meir innsikt i totalbiletet av avisa Klassekampen. Kapitlet om Klassekampen etter 2004 er basert på ein kombinasjon av resultata i studien (av avisene frå 1970-2004) saman med den generelle kjennskapen til avisa og tendensar i og rundt ho. Det blir mest tankar omkring korleis avisa kan bli sjåande ut framover, på grunnlag av korleis avisa har vore til no, særleg i tida etter omlegginga hausten 1991.

Det at eg kjenner avisa såpass godt, var også ei viktig årsak til å velje Klassekampen som studieobjekt. Det har vore lettare å kome inn i stoffet, og det er sjølvsagt meir interessant å forske på materiale ein har eit forhold til, og som ein kan lære noko nytt om. I løpet av tida eg har grave i desse papirbunkane med kopier av gamle aviser, har eg funne mange trådar og emne eg gjerne skulle arbeidd vidare med, men mykje av det er litt på sida av fagfeltet eg arbeider med, og det er heilt klårt utanfor dei tidsrammene eg har hatt for arbeidet mitt her.

⁸⁴ For min eigen del vil dette primært seie Raud Valallianse, Juvente, Forbundet Mot Rusgift, Ungdom Mot Narkotika og Nei til EF/EU. Dette eg omtalar som omlandet til avisa er ikkje nokon eintydig definert samling organisasjonar, men omfattar sosialistiske og kommunistiske parti/grupper og store delar av naturvernørsla, kvinnerørsla, målrørsla, fråhaldsrørsla, samt organisasjonar som har tatt standpunkt mot norsk EU-medlemskap. Litt upresist kan ein seie at dette "omlandet" består av dei same gruppene som blir omtala som "heile venstresida" i andre samanhengar, pluss nokre til.

5. Utval og avgrensingar

Eg har tatt utgangspunkt i to aviser per år (1. mai og 1. november) frå fem forskjellige årgangar av Klassekampen; fem årgangar som til dels har vore forskjellige med omsyn til utgjevingsfrekvens, redaktør, redaksjonssamansetting, tilknytning til partiet AKP, papirstorleik, trykketeknikk og distribusjonsmåte. Det er først og framst årstala som har vore avgjerande – årgangane er spreidde så godt som mogleg over heile perioden frå starten til no, med 1970 som den eldste og 2004 som den nyaste. For å freiste å unngå avvik som t.d. unormalt mykje lesarbreve eller større vekt på innanriksnyhende enn i det jamne, har eg vald ut år som ikkje er valår. Dei fem årgangane eg enda opp med, er 1970 (månadsavis), 1974 (vekeavis), 1986, 1992 og 2004 (dagsavis). Om ein skulle hatt eit tidsmessig meir jamt utval ville ein også tatt med 1980 og 1998, men desse blei kutta ut av kapasitetsomsyn. 1998-årgangen ville vore ekstra interessant å sjå nærare på sidan avisa det året hadde heilt fersk redaksjon, men dette ville ha vore interessant på eit anna grunnlag enn det eg har arbeidd med i denne oppgåva. I tillegg er det slik at 1998-årgangen er svært spesiell redaksjonsmessig, noko som kunne vore ei feilkjelde i studien av dei lange linene i arbeidet.

Utvalet av årstal og aviser er gjort etter å ha bladd gjennom store delar av alle årgangar Klassekampen (rundt 9000 aviser i perioden 1969-2006). Dette er gjort ganske overflatisk, men har gjeve innsyn i korleis avisa har endra seg utsjånads- og innhaldsmessig i periodane mellom dei utvalde årgangane. På dette grunnlaget vil eg seie at samanlikningane i arbeidet mitt er litt meir lineære enn kva utvalet skulle tyde på. Dei fem årgangane eg har plukka ut ser ut til å vere ganske prototypiske for periodane dei er frå – slik at t.d. 2004-avisene ser ut til å representere perioden frå 1998 og til i dag på ein akseptable måte.

Talet på aviser er ganske lite, berre to for kvart av dei fem åra. Som statistisk grunnlag er det ikkje nok om ein vil ha nokon definitiv analyse av årgangane. På den andre sida har eg med dette avgrensa utvalet fått høve til å gå grundig nok inn i det materialet eg har hatt.

Utvalet av aviser har gjeve mange innsikter i korleis avisa blei og blir laga, og til undersøkinga mi har eg prioritert tidslinene framfor statistisk validitet. Det vil seie at det *kan* vere store avvik frå medianverdiane for dei aktuelle åra i dei avisene eg har sett på.⁸⁵ Eg kan difor ikkje seie definitivt at tala eg har funne er representative i stor grad, men dei gjev

⁸⁵ Ottosen og Stahl såg på 12 aviser frå kvart av dei tre åra dei analyserte. Ifølgje Stempel (1952:334) vil dette vere ei akseptable mengde for å få resultat som med stor sjans er representative for heile året (10% standardavvik). Så statistisk er ikkje utvalet mitt brukbart om ein skulle seie ting om heile årgangane eller lengre periodar.

inntrykk av korleis avisa blei laga på to bestemte dagar dei forskjellige åra. Valet av dagar har derimot vore svært medvite. ”Arbeidernes internasjonale kampdag” 1. mai er naturleg nok ein viktig dag for ei revolusjonær avis, og ved å studere dei avisene som er laga for sal/utdeling på denne dagen, kan eg sjå på oppbygginga av den avisa redaksjonen nok har lagt mest innsats i det året. Tilsvarende har eg vald ut 1. november (eller næraste kvardag før/etter, dersom den 1. er ein helgedag)⁸⁶ som eit døme på ei heilt vanleg kvardagsavis. Valet av akkurat 1. november var litt tilfeldig, men det var eit poeng for meg at det skulle vere ei tid på året der det mest sannsynleg ”ikkje er noko spesielt”, og det var ein fordel at denne kvardagsavisa var på hausten eller vinteren når den andre avisa eg har sett på var på våren/forsommaren.

Sjølv om eg ikkje har studert aviser frå tida etter 2004 i denne studien, les eg avisa dagleg, og har gjort meg tankar om korleis utviklinga av format og sjangerbruk ser ut til å gå framover, ut frå generelle inntrykk. Dette blir ein del av totalbiletet, og eg har difor tatt med eit kapittel om dette mot slutten av oppgåva, i tilknytning til konklusjonane.

5.1. Metode

Eg har gjort ein formatanalyse av dei ti avisene for å sjå på endringar i formatet til avisa gjennom perioden. Sjølv om desse ti avisene er svært forskjellige storleiksmessig (frå 12 til 48 sider), vil strukturen i avisene likevel vere samanliknbare (om enn ikkje i ein side-for-side tabell).

Vidare har eg sjangerbestemt artikkelmaterialet i dei aktuelle avisene, og samanlikna bruken av dei forskjellige sjangrane i dei fem årgangane. Sjangerkatalogen eg har nytta, har eg utvikla og justert medan eg har analysert avisene, i tillegg til at eg har sett på andre sine arbeid på feltet. Slik har eg fått kartet til å stemme med terrenget, og dei sjangrane eg har lista opp, dekkjer alt innhaldet i dei ti avisene eg har sett på. Det å sortere på denne måten blir sjølvsagt skjønnsbasert. Ein del artiklar vil kunne kategoriserast i fleire sjangrar – desse er vurdert etter kor mykje eller lite prototypiske dei er i forhold til dei aktuelle sjangrane, og andre vil sjølvsagt kunne ha vurdert det annleis.

⁸⁶ Dei åra Klassekampen har vore dagsavis har laurdagsavisa vore større og meir magasinaktig enn avisene på kvardagane – difor vil det bli feil å samanlikne ei laurdagsavis med ei kvardagsavis. Åra 1970 og 1974 var avisa høvesvis månadsavis og vekeavis, og då blir det ikkje noe problem. I 1986 var 1. november ein laurdag, så der har eg sett på fredagen i forkant. 1992 var 1. november ein søndag, så eg har sett på måndagen etter. 2004 var 1. november ein måndag, og det er denne datoen eg har analysert der.

Materialet eg har sett på, er redaksjonelle artiklar og eksterne bidrag (inkludert tradisjonelle lesarinnlegg og NTB-meldingar) som har stått på trykk i avisene. Eg har også teke med annonsar og vignettar, slik at eg har sjangerbestemt alt som har stått på trykk i avisene. Sidan innhaldet (utover det sjangerbestemmande) i teorien har vore uviktig, har eg tatt lite omsyn til representativitet⁸⁷ utover at dei utvalde avisene er frå same datoar for kvart av åra.

Metoden eg har nytta for å finne ut kor stor del kvar sjanger tar, er å måle kor mange kvadratcentimeter kvar artikkel dekker i avisa, og sjangerbestemme kvar artikkel. Slik kan eg rekne ut prosentdel av kvar sjanger, for kvar avis og kvart år. Overskrifter, bilete, bilettekstar og "luft i teksten" er rekna med til kvar einskild artikkel, og med det også i deltalet for dei forskjellige sjangrane. Luft mellom/utanom artiklar er ikkje rekna med nokon stad. Metodisk er dette eit anna val enn det Ottosen og Stahl⁸⁸ gjorde i undersøkinga av årgangane 1977-1979, fordi eg meiner ein må ta utgangspunkt i heile den trykte artikkelen slik den framstår, når ein skal seie kor stor del av avisa kvar sjanger har fått. Dette er nok ein reell skilnad i sjangersyn. Om denne metodiske skilnaden gjev forskjellige resultat ved analyse av dei einskilde avisene, veit eg ikkje. Slik eg ser det, er metoden med å skilje ut alt som ikkje er brødtekst, mest eigna om ein ønskjer å studere arbeidsmåtane til sideutteiknarar, ikkje elles. Dette er sjølv sagt eit interessant aspekt, men har ikkje vore nokon prioritert sak for meg.

På dette datagrunnlaget har eg laga ein sjangerkatalog som dekker dei tekstane ein finn i avisa Klassekampen i perioden, slik at eg kan sjå på variasjonen i sjangerbruk over tid. 34 år er eigentleg ikkje ein lang periode – i andre aviser vil du kunne finne tilsette som var journalistar der i heile denne perioden. I Klassekampen ville det heller ikkje vore *utenkjeleg*, men så vidt eg veit er det ingen i avisa som har vore så uthaldande.⁸⁹ Ein grunn til det er det arbeidspresset som var i avisa (særleg) på 1970-talet, som eg skriv meir om i kapitlet som presenterer avisa si historie.

Når det gjeld samanlikning av storleiken på artikkelmaterialet, har eg vald å gjere dette på ein annan måte enn Ottosen og Stahl. I undersøkinga si skilde dei mellom bilete, titlar,

⁸⁷ I tradisjonell forstand, der ein plukkar ut aviser til konstruerte veker og/eller plukkar aviser etter særskilte kriterium. Sjå Hågvar 2003:11-12 og Ottosen/Stahl 1990:4-6 for diskusjonar om utvalsmetodikk.

⁸⁸ Ottosen/Stahl 1990:13-16.

⁸⁹ Mange har vore involverte i avisa i fleire periodar, og nokre har arbeidd lenge der. Til dømes var Jon Michelet med frå starten av, og har skrivne i avisa med varierende opphald heilt fram til i dag. Sigurd Allern var nært knytta til avisa heilt frå første årgangen og fram til han gjekk av etter 17 år som redaktør, i 1995. Fleire av dei eldre tilsette i dag, både i redaksjon og administrasjon, var med i AKP(m-l) på 70- og 80-talet.

tekst (genre), vignettar, annonsar og luft. Dermed er det berre 30-40%⁹⁰ av avisinnhaldet som er vurdert når dei har studert kor mykje av kvar sjanger det finst i avisene⁹¹. Dette finn eg problematisk, fordi ein slik statistikk ikkje seier noko tydeleg om kva for prioriteringar som er gjort mellom dei forskjellige sjangrane. Sjølv tek eg utgangspunkt i at både bilete og overskrift er ein del av artikkelen, og at det er denne heilskapen som "har" ein bestemt sjanger – ikkje berre brødteksten (som altså berre er ein tredel av det totale innhaldet i avisa). Utan at Ottosen m.fl. gjer greie for sjangersynet sitt, oppfattar eg dette som at vi har forskjellig syn på kva ein sjanger er, og kva det er mogleg å finne ut ved å velje den eine eller den andre tilnærminga.

Ein annan ting eg har vurdert forskjellig frå Ottosen og Stahl, er synet på kva som er "ein artikkel". Eg har sett alle artiklar (både hovudsaker og undersaker) som separate tekstelement, medan Ottosen og Stahl skriv: "*Der det har vært mulig har vi valgt å klassifisere flere mindre artikler under ett felles oppslag som en artikkel.*"⁹² Det er litt vanskeleg å seie kva Ottosen og Stahl har definert som "mogleg". Undersaker som kan kategoriserast i andre sjantrar enn hovudoppslaget må etter mitt syn bli telt for seg og lista til den rette kategorien sin. Om Ottosen og Stahl har gjort dette, er vanskeleg å vurdere ut frå det dei skriv om metodikken sin. Om dei *har* gjort det, vil ikkje desse forskjellige tilnærmingane ha mykje å seie, fordi *eg* uansett ser på overskrifter, bilete og luft som ein del av artikkelen. Utsjånadsmessig vil det vere stor skilnad på om ei sak er laga samanhengande, eller som fleire separate saker på same side. I undersøkinga eg har gjort av saker per side, kjem dette redigeringsmessige aspektet til syne. Eg finn det rart at Ottosen og Stahl (som i andre samanhengar er opptekne av layout/utforming) ikkje ser dette på same vis.

Ein sideeffekt har vore at eg fekk ein vesentleg enklare målejobb enn Ottosen og Stahl, fordi eg kunne konsentrere meg om å måle større flater, og ikkje måtte dele opp i kor mange kvadratcentimeter som går med til overskrifter, bilete og luft. Eg kjem meir attende til metodikken og utvalet hos Ottosen/Stahl seinare, når eg presenterer mitt eige sjangersyn.

⁹⁰ 39,1% i 1977, 34,7% i 1978 og 31,7% i 1979, jf. Ottosen/Stahl 1990:27.

⁹¹ Dei måletekniske reglane dei har nytta er presenterte i Ottosen/Stahl 1990:13-16 (kapittel 2.1).

⁹² Ottosen/Stahl 1990:6.

6. Teoretiske aspekt

6.1. Omgrepet "sjanger"

Det er lett å gå seg vill i kva ein sjanger eigentleg er. Språkleg sett tyder sjanger (frå fransk *genre*) rett og slett "type", "sort", "slekt/art" eller "slag", og i ein del språk er det framleis dette som er hovudtydinga for ordet. Bruken av ordet sjanger er heller ikkje eintydig i forskjellige språkbrukarmiljø. For ein lærar vil det vere ein hovudfokus på enkle definisjonar og kategoriar, slik at det skal vere overkommeleg for elevane. For ein avisjournalist vil sjanger som oftast vere synonymt med "skriveteknikk". For ein del skjønnlitterære forfattarar vil ordet vere negativt lada, fordi forfattaren føler han/ho blir "sett i bås" på grunnlag av ein sjangermerkelapp andre (bokmeldarar o.l.) har sett på produkta deira.

Om ein går inn i ein bokhandel, møter ein eit anna sjangersyn. Her er hyllene delte inn i forskjellige kategoriar, som ein nok må forstå som "sjangersystemet" hos bokhandelen. Dette systemet går som oftast på tvers av format og innhald, til dømes er dette "sjangerkatalogen" for ein bokhandel⁹³ slik den blir presentert med plakatar på hyllene:

Nyheter	Fiction (engelsk)	Skjønnlitteratur	Psykologi/filosofi
10 på topp	Fantasy (engelsk)	Hage/hobby	Helse
Film/musikk/foto	Reise/kart	Mat og vin	Alternativ
Crime (engelsk)	Krim	Kunst	Samfunn/historie
Ungdom	Gavebøker	Barn	Salg

Denne aktuelle bokhandelen hadde også relativt store avdelingar med papir- og skrivevarer, spel og lydbøker – markerte med tilsvarande "sjangerskilt" som over bøkene. Dette er eit veldig instrumentelt sjangersystem, meint som rettleiing for kundane, og er heller ikkje avgrensa til berre bøker.

Historisk har sjangeromgrepet vore mest knytt til litteraturvitskapen, og dei tre "ahistoriske" hovudkategoriane lyrikk, dramatik og epikk (som har vore etablerte heilt sidan antikken). Ut frå desse har ein så delt inn sjangrar ved høve gjennom historia. Det er med dette bakteppet ein må sjå sjangerteorien i dag. I samtale med litteraturvitarar har eg også merka at desse ikkje umiddelbart skjønner kva eg meiner med sjanger når eg seier at eg arbeider med sjangerbruk i aviser. Det som er utgjeve av sjangerteoretisk litteratur på norsk, fokuserer også mest på boklege ("skjønnlitterære") sjangrar. Avissjangrar er eit omgrep som er

⁹³ Tanum bokhandel, Oslo City kjøpesenter. Notert ned 22.februar 2006.

forståeleg mellom dei som arbeider innan journalistikk, mediavitskap og tilsvarande – men for dei med andre fokus vil det vere noko som må forklarast meir.

6.2. Sjanger innan avisverda

Rogalands Avis skreiv dette i ei stillingsannonse i fagbladet Journalisten: ”*Vedkommende bør ha sans for tabloidformen, både hva presentasjon og journalistisk sjanger angår.*”⁹⁴ Den som har utforma denne annonsa meinte altså at denne typen avis (*tabloidavis*) kravde bruk av bestemte sjangrar, som var andre enn kva som var vanleg i aviser som ikkje såg seg som tabloidaviser. Det var ikkje spesifisert kva denne skilnaden går ut på – det var føresett at aktuelle kandidatar veit kva som er ”*tabloide sjangrar.*” Eit anna døme på bruk av omgrepet *sjanger* knytt til avis, finn vi i eit intervju i Klassekampen, der skribenten Dag Seierstad uttalar at ”*Det som betyr noe er at den som skriver i Klassekampen skriver innenfor en forpliktende sjanger.*”⁹⁵ Det er ikkje presisert nærare kva som er særlege for sjangeren *Klassekampen-tekst*, men noko er det tydelegvis. Det Seierstad er inne på (kan hende umedvite), er nettopp dette med fellesskapen rundt Klassekampen – at sjangerbruken i skrivinga er med på å bygge *diskursen* til Klassekampen.

Når det gjeld utforming av avistekstar, er sjangerbruk i stor grad normativ framfor deskriptiv. Avisa VG har til dømes laga eit eige hefte⁹⁶ som skal gje informasjon til dei tilsette om ”VG-stilen”, det vil seie ein sentral del av grunnlaget for å bygge *VG-diskursen*.⁹⁷ Ein skriv innanfor ein sjanger for å få fram poenget sitt – det ligg noko som ikkje er direkte tekstleg i bruken av sjangeren. Dette er ikkje formulert nokon stad, og ein som er urøynd med diskursen til den aktuelle avisa, vil kan hende gå glipp av noko om han/ho berre les ein artikkel eller to i avisa. At Klassekampen fram til 1992 var organ for eit politisk parti, var ein ganske uttalt del av diskursen. I dag er den politiske ståstaden ikkje like enkel å sjå for ein lesar som ikkje kjenner avisa.⁹⁸ Fordelen med dette er sjølvstøtt at ein ikkje møter avisa med eventuelle fordommar – men om ein ikkje kjenner meiningsuniverset ei avis byggjer på, får ein heller ikkje alltid med seg det uttalte i ein avisartikkel. Alle aviser har ein slik

⁹⁴ *Journalisten* (nettutgåva) januar 2006, <http://www.journalisten.no/stilling/> (lesedato 1.2.06)

⁹⁵ *Klassekampen* laurdag 28.1.06, side 4.

⁹⁶ *Slik lager du VG bedre*, av Thorstein Hoff

⁹⁷ Yngve B. Hågvar presenterar VG-diskursen grundig i Hågvar 2003:95-104.

⁹⁸ Om ein ser vekk frå namnet på avisa. Namnet er jo også ein av dei faktorane som byggjer profilen og diskursen til ei avis. Namnet på avisa har også vore til debatt dei gongene det har vore omleggingar i Klassekampen.

underliggjande diskurs som er med på å forme budskapet i artiklane – også ”nøytrale” aviser som Dagbladet og VG.⁹⁹ Ledin skriv dette om diskurs:

För att på ett överipande (sic) sätt fokusera texters innehållssida används diskurs i den kritiska textanalysen. Detta diskursbegrepp är starkt influerat av Foucault (jfr kapitel 2 i Fairclough 1992a) och är ett vidare begrepp än genre. En diskurs både uttrycks i och konstitueras av flera olika genrer, textstrukturer och stilar.

Som jag ser det utmärks en diskurs av ett speciellt interesse- eller erfarenhetsområde, som är knutet till en social institution och därmed beroende av vissa sociala positioner etc. En diskurs inrymmer kort sagt ett visst grundläggande perspektiv.¹⁰⁰

Det er denne oppfattinga av omgrepet eg også går ut frå der eg snakkar om *diskurs*. For Klassekampen sin del vil dette perspektivet ha grunnlaget sitt i formålsparagrafen, historia til avisa, dei einskildpersonane og politiske gruppene som ser avisa som si avis, og kven som er (og har vore) tilsette i Klassekampen. Eit anna omgrep som dekker ein del av diskursen, er *meningsfelleskap*.

6.3. Kvifor er sjanger viktig?

Val av sjanger er ein del av meningsbygginga i avisa sin budskap, og sjangeren ein avistekst er skriven i, er ein del av teksten. Difor vil sjangerbruken gje eit bilete av kva avisa (i tydinga ”felleskapen av redaksjon og faste lesarar”) er oppteken av. Sjangerbruken i ei avis er noko som har utvikla seg over tid, og som nye journalistar ganske umerkeleg blir sosialiserte inn i. Val av avissjanger er difor sjeldan eit veldig medvite val når ein journalist startar skrivinga – det er automatisert, og journalisten gjer ”rett” sjangerval fordi han/ho er innanfor diskursen til avisa.

Ein sjanger er ei form for semje mellom skrivjar og lesar om kva for måte teksten skal forståast. For å sikre at avsendar og mottakar oppnår slik semje, kan sjangeren markerast tydelegare i avisa ved hjelp av vignettar. Står det t.d. ”kronikk” over ein tekst i ei avis har avisa og artikkelforfattaren signalisert eit sett av forståingsreglar som lesaren nyttar meir eller mindre automatisk når han/ho les:

- Teksten ønskjer å formidle eit bestemt syn på ei sak.
- Teksten greier ut om ei sak, motseier andre syn, og konkluderar med at det eigne synet er det rette.

⁹⁹ Jamfør Hågvar og Wærstad om VG-diskursen, i Hågvar 2003:95-104.

¹⁰⁰ Ledin 1995:45.

- Innhaldet i teksten er synet til den som har signert artikkelen, det behøver ikkje vere i samsvar med avisa sitt syn. Forfattaren er ofte ikkje tilsett i avisa.
- Det er større krav til dokumentasjon og fagleg underbygging enn om det hadde vore eit lesarbrev.

Andre sjangrar vil ha andre slike reglar som det er samkjensle om mellom skrivar og lesar. Desse reglane gjer at lesaren automatisk vil lese teksten på ein bestemt måte – sjangeren kommuniserar innhald i teksten, berre i kraft av å vere den bestemte sjangeren. På denne måten kan ein seie at sjangeren er ein del av teksten. På same vis ser eg på overskrifter og bilete som andre delar av teksten. Det er denne heilskapen av tekst, typografi, sjanger, bilete, vignettar og plassering i avisa, som er *teksten* eller *artikkelen*.

Bruken av sjanger er ein del av kommunikasjonen mellom avis og lesar. Difor er det blitt vanleg i dag at avisene nyttar vignettar som meir eller mindre tydeleg kommuniserer sjanger, for å sikre at lesaren oppfattar utgangspunktet frå skribenten rett. Klassekampen har dei seinare åra innført tydelege vignettar på alle tekstar som er skrivne av avisa sine egne tilsette, og på dei fleste innsende tekstane. Det einaste som ikkje er markert med slike vignettar, er nokre få undersøker og NTB-meldingar. Om ein skal følgje Hågvar og Ledin bokstavleg, ville ei oversikt over alle desse vignettane i ei avis kunne kallast ”sjangerkatalogen for den aktuelle avisa”. Men denne vignettbruken er ikkje på same nivå heile vegen, så ei sånn inndeling vil bli misvisande. I avisa for onsdag 8. november 2006 har ein til dømes dette utvalet av vignettar: 8. NOVEMBER, FOKUS, KRON OG MYNT, PÅ TEPPET, NYHETER, POLITIKK, ARBEIDSLIV, SOSIALPOLITIKK, VITEN, ARBEID, UTENRIKS, MEXICO, FRANKRIKE, PROFIL, KRONIKK, BØKER, 70-TALLET, MEDIER, KUNST, MØTER OG ARRANGEMENTER, MED ANDRE ORD, I DAG og AKKURAT NÅ. Nokre av desse vignettane er knytta til lesarbrev, nokre til nyhende, og andre til forskjellige sjangrar. Vignettbruken er likevel viktig, fordi den er med på å definere sjanger, sjølv om det ikkje alltid er ”sjangernamnet” (som t.d. *kronikk*) som er nytta til vignett. Saman med formatet og seksjonsinndelinga i avisa, kommuniserer dette til lesaren kva han/ho kan vente seg av den aktuelle teksten. Slik har avisredaksjonen og desken¹⁰¹ sikra seg at dei har kommunisert sjangeren tydeleg – sjølv om dei ikkje alltid har definert nokon ”kjend sjanger” for teksten. Dette er også ein del av diskursen. Den faste lesaren veit umiddelbart kva han kan vente seg av av vignettane, som t.d. KRON OG MYNT (*kronikk* med økonomi som

¹⁰¹ Med ”desk” meiner eg den/dei i avisa som jobbar med den endelege utforminga av avisa, altså grafisk utforming, sluttkorrektur, redigering og ombrekking. Klassekampen har i dag (januar 2007) ti personar tilsette på desken; tre vaksjefar, to redigerarar, ein grafisk produksjonsleiar og fire typografar. Til samanlikning har dei 18 redaksjonelt tilsette, to fotografar og 12 administrativt tilsette (tal frå *Klassekampen* 23.1.07 s. 22).

tema, skriven av ein av nokre få faste skribentar for denne vignetten), AKKURAT NÅ (*petitartikkel* på sistesida som skal vere underhaldande, signert av den/dei som har følt for å sende inn ein petit denne dagen), eller MED ANDRE ORD (lengre *kronikkar* sendt inn av eksterne skribentar, normalt om aktuelle emne, normalt utan betaling). Noko av denne forståinga er det mogleg å lese ut frå vignetten eller teksten første gongen ein les ein tekst under vignetten, medan andre må ein vere fast lesar for å kjenne (til dømes AKKURAT NÅ og PÅ TEPPET), fordi desse aldri blir forklarte for nye lesarar.

Sjangeren og vignettbruken (som kan seiast å vere eit slags "ad hoc sjangersystem") er blitt tydelegare kommunisert i avisa dei seinare åra enn i dei tidlege. Eg har ikkje sett noko på årsakene til at det har utvikla seg slik, men ei mogleg forklåring kan vere eit ønske hos avsendar (avisredaksjon) om å bli meir sikker på at tekstane blir leste slik dei hadde tenkt seg. Ei avis som har mål om å få fleire lesarar, vil jo også bli nøydd til å skrive/presentere innhaldet slik at også dei som enn så lenge er *utanfor* fellesskapen til avisa, kan bli "rettleia" til å lese avisa slik redaksjonen hadde tenkt seg, og på sikt bli inkludert i avisa sin diskurs.

6.4. Kva er ein sjanger?

Per Ledin er ein av dei i Norden som har arbeidd mest med sjangeromgrepet innan sakprosa, mellom anna i doktoravhandlinga si og i rapporten "*Genrebegreppet*",¹⁰² som er ei revidering av det sjangerteoretiske kapitlet i avhandlinga. Mykje av mitt eige sjangersyn samsvarar med arbeidet til Ledin. Ein sentral del av forskinga til Ledin har handla om nettopp avistekstar, og er difor veldig relevant for det eg har studert i Klassekampen. Ledin har sett opp fire kriterium for kva som avgrensar ein sjanger:¹⁰³

1. *En genre kopplar texter till en återkommande social process där människor samhandlar genom texter*
2. *En genre innefattar prototypföreställningar om textutformningen*
3. *En genre är normalt namngiven och på så sätt språkligt och socialt kodifierad*
4. *En genre är en tradition som tas i bruk i en situation, varför den förändras över tid*

Desse fire kriteria er utgangspunktet for den sjangerlista Ledin bygde opp for dei tidlege svenske arbeidaravisene i avhandlinga si, og har vore tilsvarande nyttige for meg i arbeidet med å lage ein sjangerkatalog for avisa Klassekampen.

¹⁰² Ledin 1996.

¹⁰³ Ledin 1996:26-27.

Her i Noreg er det Ottar Grepstad som har gjort mest når det gjeld å lage ein slags ”generell sjangerkatalog”, presentert i boka *Det litterære skattkammer* frå 1997. Sjølv om Grepstad i utgangspunktet avgrensar seg til eitt format, den trykte boka, har han laga eit framlegg, eit ”forsøk på ein sjangerkatalog”¹⁰⁴ som er eit nyttig innspel i denne samanhengen også. Ein del element ved dette ”forsøket” er kritisert sterkt av Per Ledin. Både Ledin og Grepstad sine teoriar blir grundigare presenterte seinare.

Yngve Hågvar har arbeidd med omgrepet sjanger i hovudoppgåva si om VG-diskursen, og støttar seg mykje på Per Ledin når det gjeld dei konkrete teoretiske passasje om sjangeromgrepet og sjangerbruk. Hågvar har ikkje utvikla nokre spesielle nye teoriar, men som sekundærlitteratur innan sjangerteorien har det vore nyttig for meg å lese oppgåva til Hågvar.

I tillegg må Kjell Lars Berge nemnast, som ein av dei som har arbeidd mykje med sjølve omgrepet *sjanger* (eller *genre*, som han føretrekkjer å stave det) her til lands. Berge får ein dobbeltposisjon her, fordi han både er rettleiar for skrivinga av denne oppgåva, og ting han har skrive er viktige kjelder for den teoretiske delen her. Eg har ingen direkte referansar til Berge sine arbeid, men han er referert i mykje av litteraturen eg sjølv viser til. Fagmiljøet for denne typen arbeid med sjantrar er relativt lite, slik at dei fleste av forskarane og forskingsarbeida eg sjølv støttar meg på teoretisk, viser til kvarandre på forskjellige punkt. Berge er ein av dei som er mykje sitert hos Ledin og Hågvar.

Både Ledin, Berge, Hågvar og Sigmund Ongstad¹⁰⁵ baserar mykje av arbeidet sitt på John Swales (*Genre Analysis*, Cambridge 1990) og Tzvedan Todorov (*Genres in Discourse*, Cambridge 1991) sine arbeid. I tillegg skjeler dei til Mikhail Bakhtin (*Spørsmålet om talegenrane*, Ariadne 1998). Eg har ikkje hatt tid eller høve til å studere desse nærare sjølv.

Eg for min del ser på *sjanger* som eit resultat av tre faktorar: *form*, *innhald* og *funksjon*. Sterkt forenkla kan ein seie at desse tre faktorane tilsvarar sjangersynet i skolen (fokus på form), avisene (fokus på innhald) og skjønlitteraturen (fokus på funksjon). Dei tre faktorane saman gjev eit i prinsipp uendeleg sjangersystem, så dette må avgrensast på ein eller fleire måtar. Om ein også skal skilje mellom *form* og *format*, er eg meir usikker på. Dette er to aspekt ved den ”fysiske” utsjånaden som til dels overlappar kvarandre.

¹⁰⁴ Grepstad 1997a:161-163.

¹⁰⁵ Ongstad, Sigmund (red.): *Hva gjør vi med sjangrene – og de med oss?* (LNU/Cappelen 1996)

Ei viktig avgrensing vil vere at for å kallast ein eigen sjanger, må sjangeren (resultatet av dei tre faktorane) ha (eller få konstruert) eit eige namn.¹⁰⁶ Sjangrane er prototypiske, så det vil seie at kvar sjanger femnar ulike teksttypar, avhengig av kva for faktor som er mest framtrедande for å definere den aktuelle sjangeren. Ein formorientert sjanger som *enderimsvers* vil kunne ha enorme skilnader i kva for innhald eller funksjon teksten har, medan ein innhaldsorientert sjanger som *referat* vil kunne ha forskjellige former eller funksjonar. Der *referatet* blir til ein *protokoll*, har det straks meir fastbunden form enn om det framleis hadde vore å rekne som referat. Ein protokoll har normalt referatsfunksjon, men det er ikkje sikkert at referatet har protokollsform. Dette kan vere eit argument for å nytte ein hierarkisk¹⁰⁷ sjangerkatalog, iallfall i nokre samanhengar.

6.5. Sjangrane – definisjon og diskusjon

Eit sentralt spørsmål er altså ”Kva er ein sjanger?”, og då særleg i avissamanheng. Det følgjande blir ei oversikt og utdjuping av forskjellige syn, og problema med sjangerkategorisering i avisene, samt grunnlaget for den inndelinga eg har vald å nytte her. Ein interessant kommentar til bruken av avissjangrar fann eg i ein bokomtale skriven av Bjørgulv Braanen, som kan stå som ein introduksjon til problemstillinga rundt sjangerinndelinga i aviser:

Det er spesielt interessant å lese disse artiklene i dag, fordi de representerer en så slående kontrast til det meste av dagens norske journalistikk. Volds artikler er subjektive, kommenterende og observerende på en og samme tid. Denne måten å skrive på er stort sett en saga blott i dagens norske presse, der skillet mellom kommentarer og nyheter er drevet nesten ut i det absurde.¹⁰⁸

Denne ytringa er viktig som grunnlag i det vidare studiet, fordi ho minner om at avissjangrane er skiftande, og at same sjangernamn kan ha forskjellig innhald til forskjellige tider. Dette er sjølvsagt også noko eg har vore nøydd til å ta omsyn til i mitt eige arbeid med å lage ein sjangerkatalog for Klassekampen.

¹⁰⁶ Ledin 1995:48-49.

¹⁰⁷ Eg nyttar ikkje omgrepet ”hierarkisk” på same måte som Ottar Grepstad (1997a). Grepstad sin bruk av ordet peiker på eit sjangersyn der nokre sjangrar er meir ”høgverdige” enn andre. Eg nyttar ordet for å omtale korleis ein kan systematisere sjangrar i ein katalog. Eit døme er at eg har både *innanriksnyhendeartikkel* og *kulturnyhendeartikkel* som sjangrar, men på eit høgare nivå (meir grovkorna sortering) vil begge to vere ein del av sjangeren *avisartikkel*.

¹⁰⁸ Bjørgulv Braanen i *Klassekampen* 26.11.2006 side 41. Omtale av boka *Motstand. Artikler i Dagbladet 1930-1945*, med artiklar av Ragnar Vold (redigert av Jan Erik Vold).

Grepstad definerar sjanger slik: ”*ei føremålsretta ordning av stoffet, forma i pakt med sosiale normer for skriving og lesing.*”¹⁰⁹ Ledin sin definisjon på sjanger er litt annleis, men framleis i same retning: ”*En genre ser jag som en fast och återkommande uppsättning textnormer, som är bunden till en viss social aktivitet och som är namngiven.*”¹¹⁰ Thore Roksvold ved journalistutdanninga i Oslo har formulert denne definisjonen på kva ein sjanger er: ”*Med sjanger forstår jeg en formidlingskode der bestemte valg av oppbygning, stil og fortellerteknikk er avstemt etter forskjellige typer innhold, arbeidsmetode og sosial kontekst.*”¹¹¹

Desse definisjonane er greie å nytte, og eg har ikkje funne nokon grunn til å velje ein annan definisjon eller velje berre ein av dei. I dei tre definisjonane ligg det også at det må vere ei form for semje mellom den som skriv og den som les teksten om kva for sjanger ein tekst har, og kva som er særskilt for denne sjangeren. Ei slik semje finst som regel, sjølv om dei færreste vil kunne klare å peike presist på kva som ligg i den bestemte sjangeren og som gjer den vesensforskjellig frå andre sjantrar. Dette er i stor grad ein del av den internaliserte språkforståinga hos den einskilde.

Noko ein må ha klart, er at ein kan nytte sjangeromgrepet på mange *nivå*. Sjantrar kan grovt sett organiserast etter to system: som eit hierarki eller som ei sideordna (likestilt) liste. Fordelen med ein hierarkisk inndelingsmodell er at det vil det vere mogleg å organisere underkategoriane etter forskjellige kriterium på kvart einskild nivå, og ein vil kunne definere sjantrane presist kvar for seg gjennom denne strukturen med kategori under kategori. Ulempa er at den hierarkiske strukturen lett blir innvikla og omfattande. Hovudårsaka til dette ligg i det at ein tekst sjeldan kan kategoriserast i ein ”rein” sjanger, og same sjangeren kan ende opp fleire stader i strukturen. Den sideordna lista vil på si side ikkje ha det problemet, men vil bli tilsvarende meir uoversiktleg.

Vidare har vi eit meir fysisk formatorientert nivå på sjangeromgrepet, der *bok*, *trykksak*, *hefte* og *avis* er døme på sjantrar. Dette er *ikkje* etter mitt syn korkje eit ”lågare” eller ”grundigare” nivå, det er snarare ein annan fokus på sjanger. Likevel er ikkje dette ei form for sjangerinndeling som kan seiast å gje særleg innsikt. Rett nok vil val av medium styre lesinga noko, og det *kan* seie noko om kva avsendaren ønskjer å formidle – men eit sjangersystem der Lars Larsson Fjørtofts diktheft *Ideologi og poesi* og vegvesenet sitt

¹⁰⁹ Grepstad 1997a:153.

¹¹⁰ Ledin, sitert i Hågvar 2003:45.

¹¹¹ Roksvold 1997, sitert i Hågvar 2003:63-64.

informasjonshefte om førarkort kjem i same sjanger, har lita praktisk nytte for å kunne forstå eller kategorisere tekstar. Dessutan får vi straks problemet med elektronisk distribuerte tekstar. Får dei ikkje nokon sjanger før dei finst på papir, eller er alle elektroniske tekstar same sjanger?

På neste nivå finn ein sjangerkatalogar av den typen Ottar Grepstad har freista å lage.¹¹² Rett nok avgrensar Grepstad seg til den trykte boka, men her startar det å likne meir på brukelege kategoriar og systematiseringar. Grepstad har fått velgrunna kritikk for sjangerkatalogen sin, men den er brukbar i mange samanhengar. Grepstad har sett opp ein del sjangrar som han så har kategorisert tematisk. Dette blir ikkje nokon hierarkisk ordna sjangeroversikt, men snarare ein katalog, ifølgje Grepstad. Årsaka til denne ordbruken er at Grepstad nyttar omgrepet *hierarkisk* på ein annan måte enn kva eg ville ha gjort i ei sjangeroversikt. Det Grepstad kallar hierarkisk ordning, er ei rangering der nokre sjangrar er meir "høgverdige" enn andre. Eg nyttar omgrepet i tydinga som går på korleis ein strukturerer, der nokre sjangrar er undersjangrar av dei meir generelle sjangrane, til dømes at *innanriksnyhendeartikkel* er ein undersjanger til *nyhendeartikkel*.

6.6. Nokre framlegg til sjangersystem

Det er mange måtar å systematisere sjangeroversikter på. Her presenterer eg nokre sentrale innan den norske/nordiske sjangerforskinga. To av dei har preg av generell sjangeroversikt (Ongstad/L97 og Grepstad), medan dei andre er meir direkte retta mot avissjangrar. Det er naturleg å seie litt om dei to generelle, men eg vil nytte lite tid på dei utover den korte presentasjonen og at eg refererer diskusjonen mellom Grepstad og Ledin.

Per Ledin er den som i størst grad har arbeidd med avissjangrar som forskingsfelt. Han sette opp denne katalogen for avisene han analyserte¹¹³:

¹¹² Grepstad 1997a:163.

¹¹³ Ledin 1995:54.

<u>Nyhetsmaterial</u>	<u>Fördjupningsmaterial</u>	<u>Opinionsmat.</u>	<u>Litterært mat.</u>	
Notis	Kulturartikel	Kommenterende artikel	Övrig skönlitterär prosa	Omarkerade genrer
Nyhet				
Handel och sjöfart	Intervju	Fackliga meddelanden	Dikt	Markerade genrer
Idrott	Populärvet.			
Korrespondens	Resebrev	Insändare	Följetong	
Kulturnyhet		Ledare	Skämt	
Mötesreferat		Polemikk		
Personalia		Recension		
Rättegångsref.				
Utrikesnyhet				

Dette er ein oversikt som er laga for eit utval aviser med ei bestemt målgruppe, utgjevne ein bestemt periode. Som ein kan lese ut av debatten mellom Ledin og Grepstad, vil denne oversikta kunne gje god innsikt i det aktuelle grunnlagsmaterialet, fordi det er ganske tids- og mediumavgrensa. Det vil framleis vere risiko for å sjå anakronistisk på det, ved å nytte ei ”moderne” sjangerforståing på tekstmateriale frå førre hundreårsskifte, men gjennom historiske studium kan ein sikre seg så godt som råd er. Og så lenge tidsperspektivet mellom eldste og nyaste avis er på berre nokre få tiår, kan ein sjå sjangrane som uendra innan perioden.

Det som særleg er problematisk når ein lagar ei sjangeroversikt for ein historisk periode som eg sjølv også har gjort, er punkt fire i kriteria til Ledin (*”den förändras över tid”*), som også Grepstad er inne på (*”ei grunnleggjande forståing av at sjanger endrar seg”*). Oppfattinga vi har av dei einskilde sjangrane og korleis dei *er*, endrar seg over tid, og det er ein fare for å gå i anakronisme-fella. Eg meiner likevel dette går greitt i arbeidet mitt, fordi den aktuelle perioden (1970 til 2004) på 34 år frå første til siste studieobjekt, er så kort at sjangrane ikkje har endra seg meir enn at tekstar framleis vil kunne seiast å tilhøyre same sjanger – dei vil berre vere meir eller mindre prototypiske i forhold til tidlegare sjangeroppfatningar. Korleis ein oppfatta dette med sjangerbruk i Klassekampen sin redaksjon anno 1970, er det jo også umogleg å seie sikkert når det no har gått over 30 år, og alle aktuelle informantar har fått 30 år røymsle som kan påverke korleis dei hugsar ting frå den gongen – medan sjangeroppfattinga i avisa i dag iallfall *kan* undersøkast gjennom intervju. Sigurd Allern skreiv dette om korleis oppfattinga var på tidleg 70-tal: *”Presentasjonsform var et tema allerede i månedsavisas dager(...).”*¹¹⁴ Dei hadde altså tydeleg hatt ein tanke om

¹¹⁴ E-post 14.3.06.

korleis ting skulle presenterast, men dei hadde neppe nokon teoretisk debatt omkring omgrepet *sjanger*. Slik eg les Allern, både e-postar eg har motteke no og artiklar han har skrive i samband med jubilea til avisa opp gjennom åra, var det *utforming* som var viktig, og at dei nok såg mest på korleis avissidene var utforma fysisk. Med utforming følger også sjangerbruken, sjølv om det ikkje verkar som om dette aspektet var formulert spesielt den gongen.

Journalistane Vibeke Pettersen og Kristin Øyen studerte i 1996 ”*sjanger, stoff- og presentasjonsutvikling*” i avisa Dagbladet åra 1935, 1965 og 1995. Dette har nokre likskapstrekk med mi eiga undersøking av Klassekampen. Resultata til Pettersen og Øyen er presenterte i ein artikkel i Thore Roksvolds (red.) *Avissjangerer over tid* (Institutt for Journalistikk 1997). Her har dei utvikla ein sjangerkatalog for Dagbladet desse tre åra, basert på Nils E. Øy sine sjangerdefinisjonar i kompendiet ”*Genrer i journalistikken*”.¹¹⁵ Særleg interessant hos Pettersen og Øyen, er det at dei har gjeve korte definisjonar av dei 18 sjangrane dei nyttar:

- 1. Nyhetsmelding:** Meldinger om dagsaktuelle hendelser, som presenterer fakta: hvem, hva, hvor og når.
- 2. Nyhetsnotis:** Her har vi tatt med korte notiser i telegramstil om dagsaktuelle hendelser.
- 3. Nyhetsreportasje:** Dagsaktuell hendelse – dekket av en tydelig tilstedeværende journalist. Reportasjen går i dybden; bakgrunn og virkninger kommenteres.
- 4. Notis:** Kort melding – ikke dagsaktuell. Notisen kan for eksempel være statistikk fra foregående år, eller den kan formidle kuriosastoff.
- 5. Referat:** Saker hvor journalisten refererer det kilden skriver/sier, uten egne vurderinger.
- 6. Reportasje:** Saker hvor journalisten tydelig har vært til stede og observasjon er en av flere metoder. Reportasjen omtaler mer tidløse emner. Typisk er featurereportasjen.
- 7. Intervju:** En eller flere personer uttaler seg om saksforhold/synspunkter.
- 8. Portrett:** Presentasjon av en personlighet. Intervju eller samtale er en av metodene, men ikke nødvendigvis presentasjonsform.

¹¹⁵ Referert som Øy, Nils E: *Genrer i Journalistikken* (Fredrikstad 1991). Dette er eit kompendium laga for kursdeltakarar ved Institutt for Journalistikk, og er ikkje tilgjengeleg ved nokre av BIBSYS-biblioteka.

9. Leder: Avisas (redaktørens) mening.

10. Kommentar: Bakgrunnsartikkel der skribenten behandler et emne faglig og analytisk.

11. Kronikk: Artikkel der skribenten behandler et emne faglig og analytisk.

12. Petit/Kåseri: Lett og underholdende tekst, med mye humor og ironi – men gjerne med en alvorlig undertone. Vi har i likhet med Øy valgt å ikke skille mellom petiten og kåseriet, fordi lengden er den eneste klare forskjellen mellom de to.

13. Omtale: Forhåndsomtale av arrangementer, møter, konserter, utstillinger etc. Også omtale av jublanter (runde dager).

14. Ranking: Her er både rene resultatlistor og rankinger eller lister som avisa selv har satt opp.

15. Anmeldelse: Saker som refererer, vurderer og kommenterer kultur og underholdning.

16. Inserat: Leserinnlegg.

17. Bildesak: Bildet er saken. Det vil si: Bildet har bare en liten tekst til.

18. Vitsetegning/tegneserier: Humoristiske tegninger og tegneserier.

Yngve B. Hågvar siterer følgjande sjangeroversikt som han har henta hos VGs ”skrivekusk” Thorstein Hoff – frå heftet *På kryss og tvers i VG-spaltene. Genrer i journalistikken*.¹¹⁶

- | | | |
|--------------------|---------------|--------------------------|
| • Nyhetsartikkel | • Referat | • Petit |
| • Reportasje | • Sitat | • Imaginær-journalistikk |
| • Bildereportasje | • Anmeldelse | • Enquete |
| • Notis | • Faktabørs | • Nekrolog |
| • Intervju | • Spillerbørs | • Kampanjesak |
| • Portrettintervju | • Leder | • Rigg |
| • Feature | • Kommentar | |

Sjølv om Hågvar både diskuterer og kritiserer sjangerlista til Hoff, aksepterer han den som sjangersynet i avisa VG. Det er også denne lista han nyttar som utgangspunkt i dei samanhengane han trekk inn sjanger i vurderingane sine av dei forskjellige VG-sakene han har analysert.

¹¹⁶ Hoff 1998, sitert i Hågvar 2003:62

Rune Ottosen og Bjørn Westlie skreiv ein lengre artikkel om avisa Klassekampen i boka "(ml) – ei bok om maoismen i Norge" (Ad Notam 1989, red. Terje Tvedt), der dei skriv ein god del om sjangerbruken i avisa de tre første åra som dagsavis.¹¹⁷ Sjangerkatalogen Ottosen m.fl. nyttar, har sortert artiklane i Klassekampen i totalt 13 sjangrar:¹¹⁸

	1977	1978	1979
1. Propaganda-artikler for AKP(m-l)s linje	14,2	8,5	11,1
2. Agiterende nyhetsartikler	21,3	21,0	19,6
3. Tradisjonelle nyhetsartikler	3,7	13,5	14,6
4. Reportasjer	12,9	13,5	13,2
5. Redaksjonelle kommentarartikler	19,4	11,4	14,5
6. Anmeldelser	0,6	1,5	2,2
7. Portrettintervjuer	1,6	4,3	3,9
8. Kåserier og petiter	2,8	2,3	1,8
9. Debatt og leserbrev	4,0	10,2	8,3
10. Arbeiderkorrespondanse	13,2	3,8	0,7
11. Radio og TV-stoff	4,8	7,3	9,5
12. Litterært stoff	1,6	2,7	0,4
13. Enqueter	0,0	0,2	0,0
Sum	100,1	100,2	99,8

Så vidt eg veit, er dette den einaste sjangerkatalogen som er laga for avisa Klassekampen tidlegare, og den har sjølvsagt vore viktig som grunnlag for dei sjangrane eg har delt mitt eige materiale inn i.

Gjennom si eiga utgjeving kan ein tekst også føre til etablering av ein sjanger, sjølv om det er meir sjeldan slikt¹¹⁹ skjer på grunnlag av ein eller nokre få artiklar. I avisverda gjerast slikt som regel ved bruk av vignettane avisene lagar, t.d. Klassekampen sin *Arbeiderkorrespondent*, som blei innført i 1974. Slik vignettbruk kan også over tid omdefinere ein sjanger, eller innføre nye namn på gamle sjangrar. Avis VG har freista å etablere sjangernamn i fleire tilfelle. Eitt døme er vignetten "Heia Norge!", som dei nyttar på reportasjar eller nyhendesaker der dei meiner norske myndigheiter eller myndigheitspersonar har gjort idiotiske ting eller innført ubrukelege reglar. Mykje av dette handlar om VG sin trong til sjølvreferanse, som Hågvar skriv ein del om – det handlar om å bygge *merkevara* VG. Dette blir ei form for *ad hoc* sjangerkatalogar, som nemnt tidlegare.

¹¹⁷ Alle tabellar/statistikkar i Ottosen og Westlie sin artikkel er henta frå Ottosen/Stahl 1990.

¹¹⁸ Ottosen/Stahl 1990:29 (tabell 3.2.4), og Ottosen/Westlie 1989:184 (tabell 1). Basert på 12 aviser frå april-september i kvart av åra 1977, 1978 og 1979. Nærare omtale av sjangrane finst i Ottosen/Stahl 1990:9-10.

¹¹⁹ At sjangeren blir "etablert" utanfor avisa (eller ein annan opphavleg trykkestad) sjølv. Problemet er at ein sjanger blir etablert som konvensjon, slik at ein artikkel som etablerar sjangeren på grunnlag av berre denne eine (eller nokre få) utgjevinga(r), må ha ein svært sentral posisjon innan fagmiljøet eller i samfunnet.

Sigmund Ongstad har forska og undervist i sjangerlære i skolesamanheng, mellom anna som professor og lærar i norskdidaktikk ved Høgskolen i Oslo. I boka *Hva gjør vi med sjangrene – og de med oss? Om plansjangerer og sjangerplaner* har han laga ei oversikt¹²⁰ over sjangrar som er nemnte i norskplanen i læreplanen L97.¹²¹ For at teksten her skal bli rett i høve til Ongstad si oppstilling, har eg halde meg til Ongstad sin bokmålsomsetting av omgrepa. Sjangrane er henta rett frå L97, og berre lista opp for kvart årssteg i skolen. Eg har samla dei saman, og sortert dei alfabetisk. Sjangrar som står under fleire årssteg er berre med ein gong, det same med sjangrar som er stava litt forskjellig på dei ulike årsstega.

Agering	Gåter	Reklame
Artikkel	Historier	Replikk
Barne- og ungdomslitteratur	Humor	Reportasje
Barneregler	Humoristisk litteratur	Retorikk
Billedbøker	Hørespill	Revy
Biografisk tekst	Illustrasjoner	Rocketekster
Bokanmeldelse	Improvisasjon	Rollespill
Brev	Ingress	Roman
”Bøker”	Innlegg	Sagalitteratur
Dans	Intervju	Sagn
Debattinnlegg	Ironi	Salmer
Debattprogram	Kabaret	Sanger
Den muntlige fortelling	Komedie	Sangleker
Diagram	Kunstbilde og plakat	Skilt
Dialektpøver	Kunsteventyr	Skjønnlitteratur
Dikt	Kåseri	Skrøner
Diskusjon	Legende	Skuespill
Eddadikt	Lek	Spill
Ellinger	Litteraturhistorie	Språkhistorie
Essay	Lyrikk	Språklek
Eventyr	Margtekst	Søknader
Fabel	Mime	Taler
Fantastisk litteratur	Musikkvideoer	Teaterforestillinger
Faste uttrykk	Myte	(eventuelt videoopptak)
Figurer	Notat	Tegneserier
Filmfortelling	Noveller	Tragedie
Filmmanus	Oppslag	”Tungekrøllarar”
Folkedikting	Ordtak	Ungdoms- og
Folkeeventyr	Overskrift	underholdningsprogram
Foredrag	Plakat	Ungdomsromaner
Formelle brev	Propaganda	Utgreiing
Formelle møter og	Prydskrift/kalligrafi	Vandrefortellinger
diskusjoner	Radioprogram	Veggaviser
Fortelling	Referat	Viser
Fotnoter	Regler og rim	Vitser

¹²⁰ Ongstad 1996:142-144.

¹²¹ *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen* (KUF/NLS 1996). Omtalast både her og elles som L97.

Denne oversikta er ikkje nyttig i seg sjølv, som oppramsing av 102 punkt ein kan identifisere som sjangrar i læreplanen. Det denne oversikta seier noko om, er korleis omgrepet *sjanger* nyttast av dei som lagar læreplanar. Ein hovudkonklusjon kan vere at ”alt er sjanger”, alt til si tid. Dette er interessant som eit sidespor i debatten om sjangeromgrepet, men kjem ikkje til nytte vidare i arbeidet mitt.

Ottar Grepstad har laga eit anna framlegg til ei generell sjangeroversikt. I boka *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk* (Samlaget 1997) har han inkludert eit eige kapittel som heiter nettopp ”sjangrane”. Grepstad si bok har mange interessant kapittel og aspekt, men det var kan hende i eit anfall av overmott at han laga ”forsøk på ein sjangerkatalog”:¹²²

<i>Biografisk framstilling</i>	<i>Dialogisk tekst</i>	<i>Religiøs forkyning og oppbygging</i>
Dagbok	Dialog	Preike
Memoarar		Andakt
Sjølvbioografi	<i>Brev</i>	Bøn
Biografi	Offisielt brev	Katekisme
	Privatbrev	Traktat
<i>Topografisk framstilling</i>		
Reiseskildring	<i>Essayistisk</i>	<i>Oppslagsbok</i>
Topografisk skildring	Essay	Handbok
Naturskildring	Epistel	Leksikon
	Skisse	Ordbok
<i>Historisk framstilling</i>	Kåseri	Almanakk
Annal		
Krønike	<i>Aforistisk kortprosa</i>	<i>Juridisk tekst</i>
Historie	Aforisme	Lov
Dokumentarskildring	Fragment	Forskrift
	Maksime	Føresegn
<i>Pamflett</i>	Sentens	Instruks
Pamflett	Ordtak	Vedtekt
Debattbok		Konvensjon
	<i>Lærebøker</i>	Retsstale
<i>Vitskapsprosa</i>	Lærebok	Kjennelse
Avhandling	Lesebok	Dom
Utgreiing	Førelesing	
Artikkel		
Samandrag	<i>Populærvitenskap</i>	
Framtidsstudie	Innføringsbok	
	Populær fagbok	
	Foredrag	

¹²² Grepstad 1997a:161-163.

Denne sjangerkatalogen ”byggjer på historisk litterær konvensjon, form og bruk i samspel med emne, metode og medium.”¹²³ Vidare i boka har Grepstad delt sakprosaen inn i fire teksttypar, som han knytter dei einskilde sjangrane i katalogen til. Desse er:

- Argumenterende og utgreiande tekstar
- Forteljande og skildrande tekstar
- Pedagogiske tekstar
- Rettleiande tekstar

Når Grepstad setjer opp desse fire teksttypene som kategoriar alle sjangrane kan sorterast i, og samtidig har delt inn som i tabellen over, er det litt vanskeleg å følgje fråsegna hans om at ”Katalogen med fjorten sjangrar og 53 undersjangrar er ei ikkje-hierarkisk klassifisering.”¹²⁴ Grepstad nyttar nemlig omgrepet ”hierarkisk” i den forståinga at nokre sjangrar er meir høgverdige enn andre. Men reint teknisk er ”katalogen” til Ottar Grepstad eit hierarki med tre nivå, om ein snakkar struktur i staden for makt. Difor er omgrepsbruken til Grepstad noko uklår på dette punktet.

At avistekstar fell utanfor sjangerkatalogen til Grepstad, er sjølvsagt ei sentral innvending for dei av oss som arbeider nettopp med slike sjangrar. Grepstad skriv: ”Sidan ramma for framstillinga er boka som medium, har eg sett bort frå reklame, avisprosaen med sine mange undersjangrar, og upublisert prosa frå heim, skule, arbeidsplass.”¹²⁵ Det at Grepstad avgrensar sakprosaomgrepet sitt på denne måten er litt rart, og gjer også nytteverdien i sakprosakatalogen hans mindre.

Boka til Grepstad blei omtala av Per Ledin i artikkelen ”Många av sakprosans skatter funna.”¹²⁶ Her går Ledin inn på sterke og svake sider ved verket til Grepstad – og det er særleg når det gjeld sjangerkatalogen og grunnlaget for denne han er skeptisk. Ledin skriv:

*Det är i den (...) teoretisk inriktade läsningen som boken har sina största svagheter. De teoretiska begreppen är oskarpa och förenklar textuniverset på ett sätt som riskerar att snarare minska än öka vår historiska förståelse av sakprosan. Jag uppfattar att Grepstad inte gör någon riktig skillnad på teori och empiri.*¹²⁷

¹²³ Grepstad 1997a:162.

¹²⁴ Grepstad 1997a:164.

¹²⁵ Grepstad 1997a:162.

¹²⁶ Ledin 1997. I *Tekstens mellommenn – Norsk sakprosa tredje bok* (red. E.B. Johnsen) side 11-17.

¹²⁷ Ledin 1997:26.

Ledin er kritisk til at Grepstad presenterar katalogen sin som ein teoretisk modell, og at han har svært uklære skilje mellom ein del av omgrepa han nyttar – skilnaden mellom tekstelement, teksttype og sjanger er ikkje alltid umiddelbart synleg. Ledin sin kritikk går også på typologien til Grepstad, som han meiner er problematisk av (minst) to grunnar:

Min första invändning är att begreppen är oskarpa. Kategorierna utesluter inte varandra, vare sig vi lesar horisontellt eller vertikalt. (...) I den vertikala läsningen tycker jag att det är tveksamt att teoretiskt förutsätta att texter är så homogena som texttyperna ger intryck av.(...)

Detta leder till min andra invändning, at genrekatalogen riskerar att blockera vår historiska förståelse av sakprosan. (...) typologin i sig ser programmatiskt bort från kontakter mellan och variation och förändring inom texttyper och genrer. Den sorterar textuniverset i exacta fack.¹²⁸

Ledin konkluderar vidare med at Grepstad i praksis definerer *teksttype* og *sjanger* likt, berre med skilnaden at teksttypene er ahistoriske og sjangrane historiske. Dette skiljet er Ledin kritisk til, og siterer også Grepstad på at sjangrane kan gli over i kvarandre, særleg over tid. På dette grunnlaget stille Ledin spørsmål om kvifor Grepstad likevel held seg til den typologien han faktisk presenterar i boka. Meir generelt er han også negativ til at Grepstad framstiller produktet sitt som ikkje-akademisk, og at dette blir framstilt som ein bra ting.

Vidare peiker Ledin på at Grepstad presenterar sakprosaen på eit litteraturvitskapleg grunnlag – *sakprosaen* blir sidestilt som hovudsjanger, saman med fiksjonslitteraturen sin *epikk*, *dramatikk* og *lyrikk*.¹²⁹ Gjennom fleire kommentarar til einskildelement i Grepstad si bok, kjem Ledin fram til ein siste kritikk av at Grepstad er for fokusert på bokmediet, og dei sosiale avgrensingane det fører med seg:

Enligt den tabell som Grepstad redovisar på s. 441 stod boken för ca. 30% av den publicerade sakprosan i Norge i 1995. Det är tidningen som är sakprosans största medium. (...)

Grepstads fokus på boken innebär att han tenderar att skriva den bildade elitens sakprosa historia. (...) Vardagens sakprosa, t. ex. Kvällstidningen, broschyren om hälsa (...) etc. utelämnas.¹³⁰

Ledin presiserar forsåvidt at ”*jag kan inte se att det ena urvalet är bättre än det andra*”, men det han skriv totalt sett, gjev eit inntrykk av kritikk mot Grepstad sine val på dette feltet.

¹²⁸ Ledin 1997:18.

¹²⁹ Ledin 1997:22-23.

¹³⁰ Ledin 1997:25.

Grepstad skriv då også i svarartikkelen sin ei forklåring på kvifor han har fokusert på bokmediet framfor avismediet.¹³¹ Kritikken frå Ledin når det gjeld omgrepsbruken, tilbakeviser Grepstad i stor grad med at det ikkje finst nokre eintydige definisjonar av desse omgrepa, og at den tekstlingvistiske oppfattinga av desse omgrepa (som Ledin står på, ifølgje Grepstad) uansett er så fagintern at ”den er vanskeleg å bruke i tverrvitskaplege framstillingar eller populærvitskaplege innføringar.”¹³² Det er interessant å sjå at Grepstad i sitt svar faktisk er inne på same tenkemåte som Ledin, ved at han skriv:

Om ein ikkje avviser typologien som grep, kan ein likevel spørje om ein bestemt typologi er god nok. Eg valde å etablere eit hierarki¹³³ av teksttype, sjanger og undersjanger. Alternativet kunne vere å tenkje seg ein matrise av teksttype og sjanger, der til dømes teksttype A særleg pregar tekstar i sjanger B, D og F, mens teksttype C går att i sjanger A, D og H. Ein slik typologi ville tydelegare få fram det som er eit poeng både i boka og i Ledins kritiske lesing av boka, nemleg at tekstane ikkje er så homogene som sjanger- og teksttype-begrepa kan gi inntrykk av.¹³⁴

Denne matrisetenkinga ville nok gjeve ein del faglege perspektiv på sjangeromgrepet som Grepstad ikkje er inne på i *Det litterære skattkammer*. Grepstad utdypar også i svarartikkelen sin dette med at sjangrar endrar seg over tid, noko Ledin kritiserte han for å underkommunisere:

Den sjangerkatalogen eg har stilt opp, er kumulativ. Den er altså summen av ei utvikling, ikkje berre eit tverrsnitt gjennom tekstmassen anno 1996. (...) Å skrive at sjangerkatalogen summerer ei utvikling, inneber ei grunnleggjande forståing av at sjanger endrar seg. Men kva skal til for at ein sjanger blir så mykje endra at det gir meining å tale om ein ny sjanger?¹³⁵

Denne diskusjonen mellom Ottar Grepstad og Per Ledin har gjeve litt meir innsikt i begge forskarane sine syn på sjangeromgrepet og sjangersystem. Grepstad står framleis på sjangerkatalogen han presenterte i *Det litterære skattkammer*, men Ledin sin kritikk og svarartikkelen frå Grepstad løysar opp i ein del uklåre element rundt både sjangerkatalogen og omgrepsbruken til Grepstad.

¹³¹ Grepstad 1997b:40.

¹³² Grepstad 1997b:31.

¹³³ Her kan det vere interessant å merke seg at også Grepstad no nyttar omgrepet ”hierarki” i tydinga over- og undersjangrar, og ikkje på den måten han nyttar omgrepet i Grepstad 1997a – der ein ”hierarkisk modell” skulle tyde at nokre sjangrar var meir høgverdige enn andre.

¹³⁴ Grepstad 1997b:32.

¹³⁵ Grepstad 1997b:33.

Sjangeroversiktane lista opp her (Ongstad/L97, Grepstad, Hoff/VG (Hågvar), Ledin, Ottosen/Stahl og Pettersen/Øyen) er alle laga til forskjellige høve, og har alle sine styrker og veikskaper. Både Ledin og Ottosen/Stahl er også tydelege på at dette er sjangeroversikter som gjeld for det tekstutvalet dei har arbeidd med (høvesvis svenske arbeidaraviser 1900-1912 og Klassekampen 1977-1979). Pettersen og Øyen har bygd sjangeroversikten sin på avisa Dagbladet (frå åra 1935, 1965 og 1995), men gjev meir inntrykk av at dette er ein sjangeroversikt som kan passe til mange dagsaviser. Hoff sin oversikt for VG ber preg av å vere meir normativ enn dei andre. Grepstad på si side er mest oppteken av boka som medium, så eg skal ikkje si mykje meir om akkurat han sin oversikt her. Eg skal heller gjere nokre samanlikningar mellom dei fire som går spesielt på avissjangerar.

Dei tre avissjangeroversiktene har mange likskaper, sjølv om dei kvar for seg har med ting dei andre ikkje har. *Rettsreferat* og *Handel og sjøfart* (båe hos Ledin) er sjangerar som var viktige avissjangerar for hundre år sidan, men som i dag ikkje eksisterar – iallfall ikkje med same sjangernemning. I dag vil slike tekstar kunne kallast innanriksnyhende, kriminalstoff, næringslivsartiklar, og så bortetter, avhengig av vinkling og presentasjonsform. *Personalia* er ein sjanger som finst i ein del aviser, men i forskjellige former. Pettersen og Øyen har til dømes lista *omtale* som ein sjanger, men slik dei skriv, ser denne ikkje ut til å inkludere *nekrologen*, som må seiast å vere ein ganske tydeleg avissjanger dei stadene ein finn han. Ottosen/Stahl har på si side med sjangeren *arbeiderkorrespondanse*, som er ein unik sjanger for Klassekampen.

Det å lage ein sjangerkatalog handlar også om perspektiv. Av dei eg har presentert her, er vel Ottar Grepstad sin sjangerkatalog den som i størst grad ser ting utanfrå, ein slags allvitande oversikt. På ei akse vil dette då vere glidande over mot det andre ytterpunktet, som er Ledin og Ottosen/Stahl sine sjangerar, som er "henta ut" frå tekstkorpuset, og freistar å sjå sjangerbruken frå brukarperspektivet. Hoff (VG) og Pettersen/Øyen ser også i all hovudsak sjanger frå eit journalistperspektiv, og representerer også eit slikt "innanfrå"-syn på sjangerbruken.

I det at ein tek utgangspunkt i ei bestemt avis (eller fleire av same type, som Ledin gjer), ligg det også at ein ikkje lagar nokon oversikt over avissjangerar som kan gjelde fullstendig for fleire aviser. Alle aviser har sitt eige sett med sjangerar som er i bruk, og desse vil også endre seg over tid. I analysedelen av oppgåva presenterer eg det settet med sjangerar eg har kome fram til for Klassekampen for dei fem åra eg har sett nærare på, og knyter nokre

trådar til sjangrane Pettersen/Øyen og Ottosen/Stahl har nytta i studia sine. Denne sjangerkatalogen for Klassekampen vil også vise avisa sin eigen identitet – dei viser ei side av *merkevara* Klassekampen.

Før eg kunne sette i gang med å byggje ”min eigen” sjangerkatalog, passeleg for Klassekampen, måtte eg sjå nærare på kvifor eg ikkje kunne overføre nokre av dei eksisterande meir eller mindre direkte. Pettersen og Øyen si oversikt¹³⁶ verkar i utgangspunktet ganske allmenn for aviser, men dei gjer nokre grep og vurderingar som eg ikkje er einig i. Til dømes verkar skiljet mellom *nyhetsmelding* og *nyhetsnotis* lite naudsynt, særleg når *notis* er ein tredje sjanger, som skal vere avgrensa til ikkje dagsaktuelt stoff. Ut frå den korte omtalen Pettersen/Øyen har skrive til kvar sjanger, verkar det heller ikkje klårt kor skiljet mellom *nyhetsmelding* og *referat* går – utover at nyhendemeldinga har eit aktualitetskrav. Vidare kan overgangane mellom *nyhetsmelding*, *nyhetsreportasje* og *reportasje* vere vanskelege – iallfall ut frå korleis dei er definerte i teksten til Pettersen og Øyen. Skiljet mellom *kommentar* og *kronikk* er også vanskeleg å sjå, all den tid den einaste skilnaden ser ut til å vere at kronikken er ein *artikkel* og kommentaren ein *bakgrunnsartikkel*. Utover desse innvendingane er oversikta hos Pettersen/Øyen grei – men det er såpass mange sjangrar der som eg ikkje finn i avisene eg har studert, at oversikta ikkje er overførbar. Tilsvarande hadde eg behov for fleire sjangrar i oversikta mi, som ein ikkje finn hos Pettersen/Øyen.

Slik sett er Ottosen/Stahl sin sjangeroversikt for Klassekampen 1977-79 betre. Dei opererer med 13 sjangrar, som ville vore dekkande for dei fleste tekstane i dei avisene eg har analysert. Det er likevel ein del veikskaper i Ottosen/Stahl sitt arbeid, og det handlar mest om utgangspunktet for arbeidet, og metoden dei har nytta ved å dele i ”kategoriar”. Ottosen og Stahl skriv sjølv ”I vår analyse er det først og fremst endringer over tid i Klassekampen som interesserer.”¹³⁷ Dette kan vere ei årsak til at dei har vald ein såpass forskjellig målemetode frå den eg valde. Ottosen/Stahl hadde som mål å sjå på både utviklinga i det innholdsmessige og utvikling i layout/presentasjonsform. Eg trur likevel vi har eit grunnleggjande forskjellig sjangersyn når det kjem til kva sjanger *er*.

¹³⁶ Dei byggjer som tidlegare sagt på eit kompendium av Nils E. Øy, men eg har ikkje sett meg tid til å spore opp dette kompendiet og studere likskaper og skilnader mellom Øy og Pettersen/Øyen sine sjangersyn.

¹³⁷ Ottosen/Stahl 1990:2.

Det eg stiller meg mest uforståande til hos Ottosen/Stahl, er skiljet mellom *kategori* og *sjanger*, der *sjanger* er ein av fem kategoriar i avisa.¹³⁸

Vi har delt undersøkelsen inn i følgende hovedkategorier:

Kategori 1. Forholdet mellom bilder/illustrasjoner/titler og vignetter.

Kategori 2. Forholdet mellom ulike genre.

Kategori 3. Forholdet mellom ulike stoffområder.

Kategori 4. Annonser.

Kategori 5. Luft.

Denne oppdelinga er rett nok fornuftig når det gjeld den delen av analysen som handlar om utsjånad og utforming av avisa, men den er etter mitt syn lite brukbar når det gjeld forholdet mellom sjangrane. Undersøkingkategoriane 2 og 3 er fysisk dei same delane av avisa, og er avgrensa til "brødteksten" i artiklane. I ein analyse av utviklinga i utforming av avisa er dette greitt, men i alle samanhengar både hos Ottosen/Stahl og Ottosen/Westlie blir "innhaldet" i avisa oppfatta som kategori 2/3, altså berre brødtekst. Dette blir særleg problematisk i møte med artikkelen til Ottosen og Westlie –fordi det er *denne* presentasjonen av resultata folk møter (nedslagsfeltet for *Forskningsrapport nummer 5* frå Norsk Journalisthøgskole var nok relativt avgrensa), og hos Ottosen og Westlie er det godt skjult at det er denne måten ting er kategorisert på. For å vite at "Tabell 1. *Innholdsanalyse av årgangene 77-79 fordelt på genre. Prosentandel av total stoffmengde*" ikkje inkluderar overskrifter eller bilete, må ein gå til kjelda (dvs. Ottosen/Stahl). I praksis har dette kanskje ikkje noko å seie,¹³⁹ men etter mitt syn blir det ikkje rett å skilje på denne måten. Når Ottosen/Westlie heller ikkje formidlar kva som ligg under tala dei presenterar, blir resultata vanskelege å diskutere.

Ein "sjanger" i ei avis må etter mitt syn inkludere både tekstlege og grafiske element (bilete, illustrasjonar, overskrifter og luft), fordi eg oppfattar presentasjonsforma som ein del av sjangeren, og at sjangeren er ein del av presentasjonsforma. Det visuelle uttrykket er viktig i bygginga av merkevara og samkjensla som avisa lagar. Måten ein sett opp teksten på ei side, og korleis ein nyttar bilete, vignett, overskrift og vignett, er faktorar som er med på å signalisere korleis ein ønskjer at ein tekst skal lesast. Sjølv om sjangeren er eit samspel mellom avsendar og mottakar, vil det vere avsendaren som legg opp til korleis ein tekst skal

¹³⁸ Ottosen/Stahl 1990:8-13. Eg har berre tatt med overskriftene her, ikkje teksten som omtalar kategoriane.

¹³⁹ Det er det heller ingen som veit, fordi det ikkje fins nokon samanlikning mellom sjangrane i desse avisene etter ein metode der ein ser heile artikkelen inkludert bilete og overskrifter som uttrykk for same sjanger.

lesast, mellom anna i val av sjanger og oppsett av teksten. Om ein ser på dei tre sjangerdefinisjonane eg refererer tidlegare, kan synet mitt akseptereast i alle tre:

Grepstad sin definisjon¹⁴⁰ seier ikkje noko eksplisitt om tekst, han nyttar omgrepet *stoffet*, som kan omfatte meir enn berre ord. Det sentrale hos Grepstad, er det at stoffet er ordna på ein bestemt måte. Ledin¹⁴¹ er meir direkte inne på tekst, men det sentrale er likevel at måten det gjerast på, er *fast och återkommande*. Roksvold¹⁴² nyttar ordet *formidlingskode*, og har også ein sjangerdefinisjon som utan problem kan inkludere ikkje-tekstlege element.

Når det gjeld Klassekampen spesielt, er dette ei avis som den første tida ikkje var det gjennomarbeidde journalistiske produktet det er i dag. Det var inga ordinær avis laga av profesjonelle journalistar - det var eit produkt av at AKP-arane skulle ”sykle på vatnet”, og at dei, metaforisk talt, greidde det når det gjeld avisa Klassekampen. Dei tidlege årgangane av Klassekampen ser likevel ut til å vere godt planlagde produkt, og som vi ser i vedlegg 1 var allereie 1970-avisene til stor grad ordna i tydelege kategoriar, sjølv om det ikkje alltid var markert på same måte som i seinare år. Den partiførebuande avisa og seinare partiavisa Klassekampen hadde også eit anna mål med det å nå ut enn kva ”*venstresidas dagsavis*” har i dag. I dag er målgruppa vanskelegare å definere presist, og med det følgjer nok også at inndeling og kategoritenking i avisa blir viktigare no enn då dei skreiv primært for ”sine egne”.

6.7. Format og formatanalyse

Formatanalyse er ein måte å studere sidebruken i ei avis på. I formatanalysen er det sidedisponeringa gjennom avisa som står i fokus. Fordelen med ein slik fokus er at ein kan sjå på oppbygginga av avisa på eit større nivå enn når ein går inn i dei einskilde artiklane. Formatanalysen gjev eit inntrykk av redaksjonelle prioriteringar og profil på avisa.

Her til lands er det Yngve Benestad Hågvar som på akademisk nivå har gjort mest bruk av systematisk formatanalyse, gjennom hovudoppgåva si frå 2002, *Hele folkets diskurs – en kritisk analyse av den gode VG-sak*. Hågvar viser at *formatet* Verdens Gang er totalt gjennomgripande i alle utgåver av avisa, absolutt uavhengig av kva for innhald som blir dytta

¹⁴⁰ ”Ei føremålsretta ordning av stoffet, forma i pakt med sosiale normer for skriving og lesing.”

¹⁴¹ ”En genre ser jag som en fast och återkommande uppsättning textnormer, som är bunden till en viss social aktivitet och som är namngiven.”

¹⁴² ”Med sjanger forstår jeg en formidlingskode der bestemte valg av oppbygning, stil og fortellerteknikk er avstemt etter forskjellige typer innhold, arbeidsmetode og sosial kontekst.”

inn på avissidene. No er nok VG ekstremt formatorientert samanlikna med alle andre aviser her til lands, men mitt eige innblikk i Klassekampen syner at formatet ikkje er uviktig her heller – om ikkje anna er det ei praktisk disponering av avisa i det daglege arbeidet. Som tidlegare redaksjonssekretær og grafisk utformar for mindre aviser har eg sjølv merka kor mykje lettare det er å lage avis når malen (eller formatet) ligg i botn, og ”berre skal fyllast med innhald”. Dette er ein veldig instrumentell måte å nytte format på, men i det daglege arbeidet er det nyttig. Så lenge den/dei som lagar avisa har arbeidd skikkeleg med å lage den malen dei etterpå ”fyller”, er dette både praktisk og gjev informasjon om opp- og nedprioriteringar i avisa. Faren med slike faste malar er at det heile ”stivnar”, slik at formatet ikkje endrar seg i takt med den jamne utviklinga i avisa. På den andre sida er verkar dette også retningsgjevande på redaksjonen, slik at tradisjonen som ligg i formatet og sidebruken, sørgjer for å sosialisere nye medarbeidarar inn i diskursen til avisa.

Formatanalysen gjev innsikt i korleis den/dei ansvarlege tenkjer om totalinnhaldet i ei avis. Denne tenkinga er kan hende ikkje alltid like medvite, men ho er like fullt veldig styrande for kva avisa blir fylt med til slutt. Der sjangerbruken i stor grad er uttrykk for val som er gjort av den einskilde skribenten/journalisten i avisa, vil formatet vere eit produkt av alle tekstane, saman med val og prioriteringar gjort av redaktøren og desken. Formatet er dermed den mest sentrale einskildfaktoren i profilen til avisa, fordi det viser korleis ting er prioritert av dei som har mest å seie på innhald og utforming av avisa.

For lesaren er det nok atkjenningsaspektet som er det viktigaste ved eit relativt fast format. Den som les Klassekampen kvar dag veit at han finn ”Perspektiv” på sistesida, at lesarbreva er etter ”Kultur & Medier”, og at kronikk og kommentarar er på side 2 og 3. Formatet fungerer altså som ei brukarretteleing for avisa – ikkje for den einskilde utgåva og den tilfeldige lesaren, men gjennom det at formatet ikkje endrar seg frå dag til dag.

Formatet er altså ein del av den grafiske profilen til ei avis. Sjølv om forskjellige aviser ser ganske forskjellige ut, kan det kan likevel vere påfallande å sjå kor *like* formata til forskjellige aviser er. Eg har ikkje gjort noko samanliknande studium av formata til forskjellige aviser, men ser at dei fleste av nyhendeavisene i dag følgjer ein ganske enkel modell med rammeverket *framside – diverse/smått* (svært få sider) – *nyhende*¹⁴³ – *kultur/sport*

¹⁴³ Når det gjeld ”nyhende” vil det vere ein del skilnad mellom lokalaviser, regionaviser og riksaviser. Men også der går hovudlinene på vektinga av lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nyhende, ikkje på plasseringa.

– *diverse/smått*¹⁴⁴. Det kan sjå ut til at dette rammeverket er grunnleggjande for norske dagsaviser. Om dette er medvite, er usikkert. Det er nok heller slik at dette er blitt ein slags mal for produktet ”avis” her til lands. Få, om nokre i det heile, norske dagsaviser har *ikkje* hovudtyngda av nyhenda i første halvdel av avisa (og i del 1 om avisa er i fleire delar). Ein titt på utanlandske aviser vil mest sannsynleg vise det same.¹⁴⁵ I mitt eige materiale frå fem svært forskjellige årgangar av Klassekampen, kan ein også sjå at formatet følgjer modellen over, i alle årgangane eg har sett på.

¹⁴⁴ Aviser som har mykje annonsar, t.d. Aftenposten, plasserar gjerne større seksjonar med annonsar og reklame på plassen eg har kalt ”diverse/smått” i slutten av avisa.

¹⁴⁵ Av kapasitetsomsyn har eg ikkje analysert slike aviser for å bevise denne påstanden.

7. Analyser

Sjangerbruken og samansettinga av forskjellige sjangrar nytta i ei avis vil kunne gje eit litt anna perspektiv på oppbygginga enn kva formatanalysen har gjort. Det er fullt mogleg å "fylle sidene" med svært forskjellig innhald og stil innanfor eitt og same format. Eit godt døme på det finn vi i Hågvar sin analyse av VG-formatet. Han såg på kategoriane i VG veka etter terroriståttaket på World Trade Center i New York 11. september 2001, samanlikna med dei vekene han opphavleg hadde analysert:

Terrorstoffet fikk riktignok mye spalteplass og ble absolutt satt i fokus, men kategoriforekomsten var nesten identisk med desember- og januaruka (...) Vi slutter med andre ord ikke å løse onsdagskryssordet selv om det skjer en verdensbegivenhet. Imidlertid er innholdet i de forskjellige kategoriene tilpasset nyhetsbildet, slik at "VG hjelper deg" 13.9. handler om hvordan man skal la barna bearbeide terrorangrepet, og "Bevegelser" samme dag er viet en drøfting av mulige politiske og kulturelle konsekvenser. Det understreker kategoriens rolle som uavhengige variabler.¹⁴⁶

Denne innsikta om at formatet i stor grad ligg fast sjølv om det skjer ekstraordinære ting som krevjer mykje spalteplass, fører til at ei avisanalyse må ta føre seg meir enn berre kategoriane i formatet. Sjangerbruken vil gje meir kunnskap – ein kan til dømes anta at det var noko meir *intervju og kommentarar* i VG 12.-18. september 2001 enn i dei to vekene (i desember 2000 og januar 2001) som Hågvar analyserte meir inngående.

7.1. Sjangerkatalog for Klassekampen

Med grunnlag i sjangerkatalogane for aviser som er sette opp av Ledin,¹⁴⁷ Pettersen/Øyen¹⁴⁸ og Hoff/Hågvar,¹⁴⁹ starta eg å lage ein sjangerkatalog for avisa Klassekampen. I arbeidet med denne sjangerkatalogen har eg heile vegen samanlikna med den lista Ottosen m.fl. nytta i analysa si av Klassekampen dei første tre åra som dagsavis.¹⁵⁰ Inndelinga deira var ikkje heilt dekkande for det utvalet av aviser eg har sett på, og eg var også ueinig med dei eit par stader i måten dei hadde skilt mellom sjangrane. Mykje av skilnaden kjem nok av at Ottosen m.fl. såg på eit større utval aviser frå tre påfølgjande dagsavisår, medan eg har tatt for meg berre to aviser frå kvart år, men med mange år mellom årgangane. Dette førte til at det var nokre

¹⁴⁶ Hågvar 2003:108.

¹⁴⁷ Ledin 1995:53-54.

¹⁴⁸ Pettersen/Øyen 1997:185f, på grunnlag av Nils E. Øy.

¹⁴⁹ Hågvar 2003:61-63, på grunnlag av Hoff 1998.

¹⁵⁰ Ottosen/Westlie 1989:184 og Ottosen/Stahl 1990:16-19.

sjangrar hos dei som eg ikkje såg som naturleg å ta med i opplistinga (fordi det var lite eller ingenting av dei der). Samtidig såg eg det som naturleg å skilje mellom utanriks og innanriks nyhende. Dette siste har eg gjort fordi innanriks- og utanriksstoffet blir sett som vesensforskjellig i formatet, og av dei som skriv i avisa.¹⁵¹ Inndelinga vil alltid vere mogleg å diskutere, og ein kan alltid dele opp sjangrar endå meir om ein vil. Eg har vald å ha såpass få og femnande sjangrar at ein kan få eit statistisk brukbart materiale å arbeide med. Dette vil mellom anna seie at eg har vald å ikkje skilje mellom lesarbrev i forskjellig stil, forskjellige typer annonsar, osb. Kva ein sjanger ”er”, diskuterar eg andre stader her, og den problemstillinga er framtrekkande når ein skal lage ein endeleg sjangerkatalog for eit tekstutval. I dei avisene eg har sett på, har det vore fleire sjangrar som opptre svært sjeldan, eller som i stor grad fungerer som meir og mindre fast fyllstoff. Desse sjangrane har eg samla under merkelappen ”Underholdning/Diverse” for å gjere utvalet handterlig når eg skal samanlikne dei større linene i sjangerbruken i avisa.

På dette grunnlaget har eg utarbeidd ein sjangerkatalog for avisa Klassekampen i åra 1970, 1974, 1986, 1992 og 2004. Etter å ha bladd gjennom alle årgangane av avisa, vil eg seie at dei fem nemnte årgangane er representative for dei periodane dei er frå. I og med at utvalet aviser er lite, kan det sjølvstundt vere tilfeldige utslag som gjev statistiske feil, men sidan eg har sett på samanliknbare aviser (dei to same tidspunkta for kvart år), tek eg utgangspunkt i at sjangerkatalogen er dekkande også for dei åra og avisene eg *ikkje* har analyserte. Difor ser eg det som *sannsynleg* at sjangerkatalogen i stor grad er dekkande for Klassekampen generelt, for heile perioden frå starten i 1969 og fram til i dag (våren 2007). I konklusjonane mine tar eg uansett berre for meg dei ti avisene eg har analysert. Sjangrane som er sett opp, er i all hovudsak innhalds- og formorienterte. Lista over sjangrane er sett opp etter lengre arbeid med dei undersøkte avisene, og korrigert noko i løpet av sorteringsprosessen. Totalt har eg endt opp med 18 sjangrar.

Under har eg freista å definere sjangrane eg har komme fram til. På slutten av kvar omtale har eg også markert ein samanheng med sjangerdefinisjonane nytta av Pettersen og Øyen (PØ) og Ottosen og Stahl (OS), t.d. *PØ 1*, *OS 3* som tyder ”denne sjangeren tilsvarer heilt eller delvis sjanger 1 (Nyhetsmelding) hos Pettersen/Øyen og sjanger 3 (Tradisjonelle nyhetsartikler) hos Ottosen/Stahl”. Oversiktene over desse sjangrane finst i kapitlet ”Nokre

¹⁵¹ Store delar av tida som dagsavis har nyhendejournalistane vore delte i separate grupper som arbeider primært med innanriks eller utanriks nyhende. Sjangerkatalogen min som heilskap er også akseptert av noverande redaktør Bjørgulv Braanen, per e-post i oktober 2006.

framlegg til sjangersystem”. Referansane til Pettersen/Øyen og Ottosen/Stahl sin sjangerbruk er naturleg nok ikkje direkte parallellar, men viser kva for sjangrar andre har definert for heile eller delar av den sjangeren eg har plassert stoffet i. Sjå same kapittel for ei nærare drøfting av kvifor eg har vald andre skiljeliner mellom sjangrane enn kva både Pettersen/Øyen og Ottosen/Stahl har gjort. Når det gjeld val av omgrep, nyttar eg *tekst* og *artikkel* som synonym, med tydinga ”den samlinga med ord og bilete som eg har vurdert å høyre til ein bestemt sjanger”.

Nyhendeartikkel, innanriks: Dette tilsvarar den innanriks delen av ”Tradisjonelle nyheter” hos Ottosen/Stahl, altså nyhendeartiklar som handlar om ting som har skjedd i Noreg, eller som primært har med Noreg å gjere (t.d. hovudoppslaget om ”Ozonholet” over Svalbard, *Klassekampen* 30.10.86).¹⁵² Inkludert i sjangeren er artiklar som handlar om arbeidslivet,¹⁵³ med unnatak av ting som er *arbeidarkorrespondanse*. *PØ 1/2/5 OS 3*.

Nyhendeartikkel, utanriks: Dette blir heilt parallelt til innanriksnyhende. Dette er nyhendeartiklar der temaet er ting som ikkje direkte har med Noreg å gjere. Utanriksnyhenda er litt meir refererande enn innanriksnyhenda, men likskapen er stor. Eg trur likevel det er rett å skilje mellom innanriks- og utanriksnyhende, fordi desse ser ut til å bli fokuserte på forskjellige måtar i avisa gjennom mesteparten av perioden. *PØ 1/2/5 OS 3*.

Arbeidarkorrespondent:¹⁵⁴ Dette er ein særeigen sjanger for Klassekampen. Ifølgje Finn Sjøe¹⁵⁵ var dette i stor grad ”arbeidar-romantikk”, eit forsøk på å lage avis av og for arbeidarar, der posisjonen til skribenten var viktigare enn skrivedugleiken.¹⁵⁶ Dei artiklane som blei trykte under denne vignetten var i varierende grad forskjellig frå andre arbeidsplassreportasjar, og fortener etter mitt syn å få separat listing i statistikken her. I avismaterialet har det ikkje vore veldig store mengdar arbeidarkorrespondentstoff, men der det er, har det vore tydeleg markert – særleg i den perioden då arbeidarromantikken i avisa var på sitt sterkaste. *OS 10*.

¹⁵² Framsida + side 8 og 9.

¹⁵³ Artiklar etter arbeidsplassbesøk, omtale av faglege kampar i bedriftar, osv.

¹⁵⁴ Eg har vore usikker på om eg skulle skilje ut ”Arbeidarkorrespondent” som eigen sjanger, men har vald å gjere det fordi redaksjonen hadde ein tydeleg ideologisk grunngjeving for å opprette dette som ein eigen vignett i avisa. Som ”autentisk arbeidartekst” er det ein sjanger som er vesensforskjellig frå andre nyhende- og referatsaker frå arbeidslivet. Eg har skrive litt meir om arbeidarkorrespondentane i kapitlet som presenterar avisa Klassekampen i starten, og Finn Sjøe forteljer om røynslene med ordninga i vedlegg 6.

¹⁵⁵ E-post 14.3.06 (vedlegg 6).

¹⁵⁶ Akkurat det var ikkje særeigent for denne sjangeren. Heilt fram til 1979-80 var ideologisk overtyding viktigare enn journalistiske evner når ein skulle tilsetje folk i redaksjonen i Klassekampen, sjå m.a. Ottosen/Westlie 1989:177-178. Ideologien bak arbeidarkorrespondansen er omtala allereie i leiarartikkelen i den aller første utgåva av avisa (*Klassekampen* 1/69 side 3).

Artiklar om avisa Klassekampen: Denne sjangeren er "litt av kvart" når det gjeld form, og handlar primært om innhald. Her har eg teke med alle artiklar som har som funksjon å seie noko om avisa Klassekampen, foreininga Klassekampens Venner eller liknande. Når avisa skriv om seg sjølv og sine eigne ting, får det ein spesiell posisjon og funksjon i avisa. Det som ikkje er teke med her, er annonsar for abonnement på Klassekampen og liknande. Dette er lista under *vignett og "teknisk stoff"*, fordi eg oppfattar slikt som meir del av ein "grafisk" sjanger enn som ein sjanger som skal seie noko bestemt om avisa. *OS 1*.

Nyhende og møteomtale av organisasjonar: Inn under dette hamnar alle omtaler av ting som skjer i friviljuge organisasjonar, møte, demonstrasjonar, osv. Eg har vald å likestille alle organisasjonar, og ikkje skilje ut "AKP-omtaler" spesielt, slik Ottosen og Stahl har gjort. Dette fordi Klassekampen etter kvart går frå å vere "AKP-avis" til å vere ei avis som dekkjer organisasjonslivet ein del breiare, og fordi eg oppfattar OS sin inndeling som veldig datert (til 1977-79, som er den perioden dei såg på) akkurat når det gjeld denne sjangeren. Nokre artiklar med AKP/RV som tema har vore vanskeleg å plassere i anten *ideologi/agitasjon* eller i *organisasjonar*. Då har eg freista plassere den aktuelle artikkelen i den sjangeren "den er mest av". Fordi dei fleste av organisasjonane som er omtalte, er "kundegrunnlaget" for Klassekampen, blir også omtale av slike organisasjonar gjort på ein annan måte enn dei ville ha blitt i "nøytrale" aviser. *OS 1/2*.

Debattartikkel/lesarinnlegg: Dette er innsende bidrag som er meint for debatt. Grensa mot sjangeren kronikk er ikkje absolutt, men i dei fleste tilfella fell artiklane enkelt i den eine eller den andre sjangeren. Stilmessig kan lesarinnlegga få forskjellige uttrykk, men dei sentrale kriteria er at det er innsendt stoff, at ein må gå ut frå at det ikkje er betalt for av avisa, og at innlegget skal bringe fram skribenten sine personlege synspunkt (eller synspunkta til gruppa han/ho skriv på vegner av). *PØ 16 OS 9*.

Ideologisk artikkel, agitasjon: Dette er artiklar, reportasjar og andre tekstar der det viktige er å propagandere for AKP eller Klassekampen sitt syn i forskjellige spørsmål, og/eller å skolere lesarane i "marxismen-leninismen Mao Tsetungs tenkning". Sjangeren er særleg framtrødande på 1970-talet, og forsvinn i samband med overgangen frå partiavis til "venstresidas dagsavis" i 1991. Utviklinga av denne sjangeren i avisa viser utviklinga i forholdet mellom avisa og partiet. I avisene frå 1992 og 2004 har eg berre funne *ein* artikkel i

denne sjangeren.¹⁵⁷ Grenseoppgangen mellom leiarartikkel og agiterande artikkel har eg gjort ved om det ligg ei direkte oppfordring i teksten (agitasjon) eller om det berre er ein presentasjon av synet til avisa. Der desse sjangrane opptre ”inne i avisa” (altså andre stader enn på leiarplassen på side 2-4) er begge kategorisert som ”kommentarar”. Dei fleste av desse les eg som leiarartiklar framfor agiterande artiklar, fordi dei i framste rekkje berre opplyser om kva for syn avisa har på den aktuelle saka. *OS 1/2*.¹⁵⁸

Leiarartikkel, redaksjonelle kommentarartiklar: Meiningsartikkel der ein representant for avisa¹⁵⁹ presenterar synet deira på ein bestemt sak. Tradisjonelt har leiarartiklane hatt faste plassar i aviser, noko som også er tilfelle i Klassekampen – men i det analyserte materialet har eg også funne typiske leiarartiklar andre stader, då gjerne i form av ”kommentarar” til bestemte saker. *PØ 9 OS 5*.

Kronikk: Utfyllande tekst i rommet mellom lesarbrev og fagartikkel. Forfattaren har som regel eit mål med artikkelen, men det er større krav til sakleg og ”objektiv” framstilling enn i eit lesarbrev. Mange kronikkar kunne vore kategoriserte som vitskaplege artiklar, men har likevel som oftast ein personleg bodskap på same måten som lesarinnlegget.¹⁶⁰ *PØ 11 OS 5/9*.

Smånotis: I denne kategorien har eg plassert alle mindre tekstar av notistypen, som oftast er det snakk om artiklar på 20-30 kvadratcentimeter, utan eigen overskrift. Grenseoppgangen mellom notis og artikkel går svært ofte gjennom å sjå på om det er eigen overskrift eller ikkje, men ikkje alltid. Det typiske for denne sjangeren er at notisane er plasserte ut frå kor dei passar inn fysisk, meir enn ut frå innhaldet.¹⁶¹ *PØ 2/4*.

Kultur- og mediaartiklar: Nyhende- og andre artiklar som handlar om kultur (inkl. idrett) eller om media. Klassekampen er ei avis som tydeleg markerer at felte ”kultur” og ”media” er såpass nært samanvevde at dei no er same seksjon i avisa. Grenseoppgangen

¹⁵⁷ Klassekampen 30.4/1.5 2004, side 14. Dette er ein tekst som grensar til kommentarartikkel, men er skriven som ein blanding av nyhende og kommentar, med ein tydeleg ideologisk bodskap.

¹⁵⁸ I stor grad vil dette vere same type tekstar som hos Ottosen/Stahl (1990:16-17) er sjangerbestemt som ”Propaganda” og ”Agiterande nyhetsartikler”.

¹⁵⁹ Ein ting som er spesielt for leiarartiklane i Klassekampen, er at dei er signerte. I dei fleste avisene her i landet er leiarartiklane usignert, med eit litt udefinert ”vi” som avsendar.

¹⁶⁰ I Klassekampen er også vegen kort mellom kronikk og leiarartikkel – det er ein del kommentarartiklar der det er litt tilfeldig om det som er skrive på vegner av avisa eller andre. Innhald og form ville nok vore det same uansett, men det er ståstaden til avsendaren som definerer teksten i den eine eller andre sjangeren – i og med at denne ståstaden vil ha innverknad på korleis lesaren oppfatar teksten.

¹⁶¹ Sjølv om også desse blir plassert i nærleiken av ”liknande” stoff der det lar seg gjere. Også smånotisane følger formatet i Klassekampen – kulturnotisar på kultursidene, utanriksnotisar i utanriksdelen osv.

mellom denne sjangeren og *kulturvurderingar* eller *intervju* kan til tider vere vanskeleg, men det som pregar denne sjangeren i forhold til dei to andre, er at denne vil ha ein meir framtrudande journaliststemme som legg premissa for innhaldet, samtidig som det ikkje inneheld nokon form for vurdering av eit kulturelt produkt (det er iallfall ikkje vurderinga som er *hovudpoenget* med artikkelen). *Ikkje eigen sjanger hos korkje PØ eller OS.*

Kulturvurderingar: Dette er alle vurderande omtaler av bøker, musikk, film, biletkunst og scenekunst. Nokre gonger kan det vere vanskeleg å vurdere om ein artikkel er *vurdering*, *intervju* (typiske "lanseringsintervju") eller *kulturartikkel*, men eg legg til grunn at kulturvurderingane er artiklar som primært har som mål å frambringe ei eller anna *vurdering* av det omtalte kulturproduktet, ein form for rettleiing frå avisa til folk som tenkjer på å sjå/kjøpe det som er vurdert. Skribentane i slike vurderingsartiklar er ofte spesialistar (eller iallfall meir enn vanleg interesserte) i det feltet han/ho gjer ei vurdering av.¹⁶² *PØ 15 OS 6.*

Intervju: Denne sjangeren er definert ved at det er samtalen med ein eller fleire personar som er det berande elementet i artikkelen. Tekstar der ein eller fleire personar blir siterte innimellom journalisten sin redaksjonelle tekst, vil som regel falle utanfor omgrepet "intervju" i denne samanhengen. Skilnaden mellom *intervjuet* som avissjanger og *nyhende-* eller *kulturartiklar*, vil vere der personen/personane som blir intervjuja kjem tydeleg fram som sentral i artikkelen. *Portrettintervjuet* er det mest prototypiske intervjuet, der samtalen med ein person primært handlar om han/ho sjølv, og synspunkta som kjem fram hovudsakleg er der for å gje eit bilete av personen, ikkje for å gje informasjon i ein bestemt sak. Artiklar der intervjuet berre er eit element i ein større tekst, har eg ikkje sjangerbestemt som intervju. *PØ 7/8 OS 7.*

Reportasje/temaartikkel: Dette er saker i avisa som til vanleg får ein del plass når dei blir trykte, og på ein eller annan måte skal byggje opp ei kjensle eller presentere ei sak på ein grundig måte. Sjangeren er mellom anna kjenneteikna ved at avisa nyttar ein del ressursar på dei aktuelle tekstane (det er ofte fleire undersøker til hovudartikkelen), og at dei ønskjer å få fram ein bestemt budskap eller ei særleg kjensle hos lesarane. Reportasjen eller

¹⁶² Difor er mange slike artiklar skrivne av frilansarar, og dei fleste andre av faste folk i redaksjonen, som har særleg ansvar for akkurat dette.

temaartikkelen er også med på å byggje profilen til avisa, ved å syne kva for ting avisa fokuserer på redaksjonelt og ressursmessig. *PØ 3/6 OS 4.*¹⁶³

TV/radio/kino/teater: Oversikter over kva som sendast på radio og TV, kva som går på kino og kva som settast opp på ulike teater. Til denne sjangeren høyrer det også mindre (førehands)omtaletekstar i direkte samband med oversikta. (*PØ 13*) *OS 11.*

Underhaldning/diverse: Dette blir ein slags "samlesjanger" som eigentleg kunne vore delt opp i mange fleire sjangrar. I denne aktuelle analysen er det naudsynt å samle desse og rekne dei for ein sjanger, fordi dei i stor grad har same funksjon i avisa Klassekampen. Samlesjangeren innfattar petitar, kåserier, enquetar, dikt, utdrag frå skjønlitteratur, kryssord og teikneseriar – det er altså primært tekstar meint for underhaldning eller aktivitet hos lesaren. *PØ 12/(14)/17/18 OS 8/12/13.*

Vignett og "teknisk stoff": Denne sjangeren inkluderar framsidelogoen, kontaktinformasjon, annonsar for abonnement, forskjellige kategorivignettar og tilsvarande. Det meste av dette vil vere sortert etter "kategori" hos Ottosen og Stahl, og ikkje rekna som eigen sjanger i måten dei har analysert avisene.¹⁶⁴ Sjangeren er kjenneteikna av å vere hovudsakleg grafiske tekstelement som skal minne lesaren på at det er avisa Klassekampen han/ho les, og/eller informere i annonseform om abonnement, korleis kontakte avisa og liknande. *Blir ikkje sett på som sjanger korkje hos PØ eller OS, men hamnar som "kategori" hos OS.*

Annonsar: Tekstar (oftast små) som er rykte inn av andre enn redaksjonen for å informere om produkt til sals, ledige stillingar, tenesteyting eller arrangement/demonstrasjonar. Annonsar for Klassekampen (abonnement, kontaktinformasjon osv.) høyrer til sjangeren *teknisk stoff*. Annonsane er som regel klart grafisk definerte, ofte med ei ramme rundt kvar einskild for å skilje dei frå redaksjonelle tekstar eller andre annonsar. Er særmerkte ved budskapen og at avsendaren er nokon utanfor avisa, som har betalt for at annonsen skal kome på trykk. *Blir ikkje lista opp som sjanger korkje hos PØ eller OS.*

¹⁶³ Dette vil til ein viss grad tilsvare det som i VG-språket blir kalla eit "rigg", jf. Hoff (sitert hos Hågvar 2003:108): "ofte brukt betegnelse i VG på en større sak/reportasje som går over mer enn en side (f.eks. 8 spalter). Et rigg har gjerne hovedsak og flere undersaker."

¹⁶⁴ Ottosen/Stahl 1990: 26. "Tabell 3.2.1 Fordelingen av kategorier for første avis i utvalget for årgangene 1977-79. Kvadratcentimeter og prosent av avis". Her ser ein tydeleg at Ottosen og Stahl har eit anna syn på omgrepet "sjanger" enn kva eg nyttar i min analyse. Grovt sett har dei berre rekna brødtekst i artiklar som "sjanger" – alt anna i avisa er sortert etter "kategori". I analysen til Ottosen/Stahl er difor berre 30-40% av avisa rekna med i det dei har sjangersortert. Sjå t.d. Ottosen/Stahl 1990:27.

7.2. Sjangerbruk frå år til år

Tabellen under viser sjangerbruken i dei studerte avisene, som prosentdel av det totale innhaldet i avisa. Eg har lista same sjangerkatalog for alle avisene, sjølv om nokre sjangrar berre finst i nokre årgangar. Sjangrar som ikkje er i bruk det aktuelle året er markert med ein strek (-) i tabellen. Tabellen under er ei oppsummering av dei fem tabellane med ”sjangerfordeling” på slutten av vedlegg 2. Merk at det statistiske grunnlaget ikkje stort nok til å konkludere definitivt utover det som har med dei aktuelle avisene å gjere.

Artiklar sortert etter sjanger og år.

Sjanger	1970	1974	1986	1992	2004
Nyhendeartikkel, innanriks	17,9	7,6	23,1	9,5	8,2
Nyhendeartikkel, utanriks	5,5	4,3	15,3	11,0	6,3
Arbeiderkorrespondent	1,4	5,7	-	-	-
Artiklar om avisa Klassekampen	0,2	1,4	0,8	-	0,9
Nyhende og møteomtalar om organisasjonar	4,4	9,2	5,7	2,1	5,1
Debattartikkel/lesarinnlegg	1,7	4,7	1,4	0,8	1,5
Ideologisk artikkel, agitasjon	32,4	7,6	2,0	-	0,3
Leiarartikkel, redaksjonelle kommentarar	3,3	4,4	1,8	1,0	1,1
Intervju	8,8	22,7	12,4	5,0	4,8
Reportasje/Temaartikkel	9,8	12,2	5,2	23,5	20,4
Kronikk	-	0,9	4,6	11,1	10,2
Smånotis	6,8	5,6	1,8	1,2	0,7
Kulturvurderingar	1,8	1,5	3,0	1,1	4,6
Kultur- og medianyhende	-	0,6	1,0	4,6	8,3
TV/radio/kino/teater	-	0,6	3,9	8,5	6,9
Underhaldning/diverse	1,0	5,3	7,3	6,1	7,7
Vignettar og teknisk stoff	2,7	2,5	4,6	5,2	5,2
Annonсар	2,3	3,1	6,1	9,2	7,7
TOTALT	100	99,9	100	99,9	99,9

Desse tala seie mykje om fokus dei forskjellige åra. Om ein først ser på dei einssilde sjangrane, ser ein at ting har endra seg ganske mykje når det gjeld samansettinga av desse. I 1970 (månedssavis) sto *ideologisk artikkel/agitasjon* for 32,4% av trykkeflata, og *innanriksnyhendeartiklar* for 17,9%, totalt var altså halvparten av innhaldet i 1970-avisene i desse to sjangrane. Fire år seinare var Klassekampen vekeavis, og då var det *intervjuet* som var mest dominerande, med 22,7%. Vidare var det 12,2% *reportasje/temaartiklar* og 9,2% *organisasjonsomtalar* (i det vesentlege om AKP(m-l) og ml-rørsla). Desse tre sjangrane sto altså for rett under halvparten (45,1%) av plassbruken i 1974. I 1986, 12 år seinare, var Klassekampen godt etablert som kritisk dagsavis, relativt sjølvstendig frå partiet. Dette året er det *nyhenda* som dominerar fullstendig. Dei to nyhendesjangrane står for heile 38,4% av

innhaldet i dei to avisene eg har sett på frå 1986. Saman med *intervju* (12,4%) utgjer desse halvparten (50,8%) av innhaldet i avisene. Seks år seinare, like etter ”fristillinga” frå partiet, er mengda *nyhendeartiklar* (innanriks og utanriks) nede i 20,5%. Det som var komme i større fokus i 1992, var *reportasje/temaartikkel* (23,5%) og *kronikk* (11,1%). I 2004 var *reportasje/temaartikkel* (20,4%) og *kronikk* (10,2%) om lag på same nivå som i 1992. *Innanriks- og utanriksnyhendeartiklar* er nede i totalt 14,5%. Det som har auka, er *kultur- og medianyhende* (8,3%).

Desse tendensane er om lag som forventa. Månadsavisa Klassekampen (1969-1972) var eit tydeleg propagandaorgan, og på dei få sidene redaksjonen hadde kapasitet til å lage, var det viktig å få med mykje om den politiske innstillinga til folka bak avisa. Normalavisa var på 12 sider i 1970, det vil seie at dei på eitt år hadde om lag like mange sider dei kunne nytte som det Klassekampen i dag har i løpet av ei veke. Då blir det beinharde prioriteringar.

I 1974 var Klassekampen blitt vekeavis, med normalt 12 eller 16 sider per utgåve. I løpet av året gav dei altså ut rundt fem gonger så mange avissider som i 1970. Den totale mengda *ideologisk artikkel/agitasjon* var altså om lag den same som i 1970, men sidan avisa kom ut kvar veke var det mogleg å spreie det meir, og det var meir plass til anna stoff. 7,6% av totalt sidetal i 1974 er like stor flate som 35-40% av det totale sidetalet i 1970. Det som var dominerande i 1974-avisene, var sjangrane *intervju* og *reportasje/temaartikkel*, med rundt ein tredel av den totale trykkeflata. Begge desse sjangrane blir brukt svært politisk i Klassekampen anno 1974. Intervjuobjekta driv med politisk teater, de er NKP-veteranar, nokre kritiserer Sovjetunionen, og det er snakk om fri abort. Tilsvarande handlar reportasje- og temastoffet om årsmøte i fagforbund, og om streikar. Desse sjangrane er altså veldig ”politisererte” i 1974, slik at vekeavisa ikkje står tilbake for månadsavisa når det gjeld å skrive om politikk. Det er berre ikkje like propaganderande som fire år tidlegare.

Klassekampen blei dagsavis i 1977, etter ein kort periode der ho kom ut to dagar i veka.¹⁶⁵ Eg har ikkje studert nokre aviser frå starten av dagsavisperioden, så her må eg sjå på Ottosen/Stahl sine tal for denne perioden.¹⁶⁶ Om ein ser på 1979, som er det året som kjem mest ”midt mellom” når eg sjølv har studert 1974 og 1986, er det fire av dei 13 sjangrane dei

¹⁶⁵ Rett nok var ”ekstraavisa” på slutten av veka berre på 4 sider mesteparten av den tida Klassekampen hadde utgjeving to dagar per veke. Teknisk sett kunne dei altså halde seg til ei litt utvida vekeavis, men det var eit uttalt mål å bli meir dagsaktuelle. Ei avis på starten av veka og ei oppdatering på slutten dekte dette ønsket.

¹⁶⁶ Sjølv om ikkje tala er fullgode når det gjeld samanlikning med årgangane eg har sett på, kan dei gje ein peikar på utviklinga. Både sjangerkatalogen og metodikken til Ottosen/Stahl er annleis enn det eg har nytta.

opererer med, som har meir enn 10% av innhaldet. Totalt dekker desse nestan 75% av det som hos Ottosen og Stahl er kategorisert som ”sjanger”. Desse fire sjangrane handlar om nyhende,¹⁶⁷ agitasjon,¹⁶⁸ reportasjar (13,2%) og redaksjonelle kommentarartiklar (14,5%). Desse tala er som sagt ikkje samanliknbare med tala mine, men ein ser likevel at ein har ei dreining mot meir nyhendestoff i dagsavisa (samanlikna med vekeavisa), meir ideologi og agitasjon, og meir redaksjonelle kommentarar. I desse første åra for dagsavisa ser desse ut til å henge litt saman, altså at både nyhenda og kommentarane er veldig politiske. Ifølgje Ottosen og Westlie er likevel 1979 starten på ein nedgang for denne veldig politiserte og agiterande skrivemåten:

Selv om kategorien ”agiterende nyheter” holder seg forholdsvis stabil over denne treårsperioden, endrer agitasjonen karakter. I den første årgangen er det agitatoriske språket mye mer fremtredende, mens det agiterende stoffet i 1979-årgangen først og fremst kjennetegnes ved vinklingen og innrettingen på artiklene som tar stilling for ulike kampsaker i langt større grad enn det som er vanlig i journalistikken, men nå beskrevet i det vi kan kalle et tilnærmet normalt avisspråk.¹⁶⁹

At agitasjonen og den ideologiske vinklinga var svært sterk i desse første åra som dagsavis, var ein konsekvens av at AKP(m-l) sto på sitt mest venstreorienterte i tida frå 1975 og ut 70-talet. Dette kom tydeleg til uttrykk i ”oppgjeret med høgreavviket” i 1975-76,¹⁷⁰ og enda i den store debatten om AKP(m-l) sitt prinsippprogram i 1979-80.¹⁷¹ På dette grunnlaget var det naturleg at det var mykje ideologisk stoff i avisene i 1979. At mengda nyhendeartiklar har auka når avisa er blitt dagsavis, er fordi nyhende vil vere meir sentrale i ei dagsavis enn i ei vekeavis, og fordi Klassekampen i 1979 var godt i gang med vegen fram mot å bli ei ”normal avis” (Jamfør sitatet over). Sigurd Allern tok over som redaktør i løpet av året 1979, og med han akselererte arbeidet for å etablere Klassekampen som ei meir ordinær dagsavis.¹⁷² 1979 var året då redigeringsdirektivet blei erstatta av redaktørplakaten som rettesnor for redigering av avisa, og strategien for kva Klassekampen skulle vere for avis, blei endra. Frå ein plan om at avisa skulle vere hovudavis for arbeidarar, gjekk ein inn for å bli ei viktig ”nummer 2-avis”

¹⁶⁷ Agiterende nyhetsartikler 19,6% og tradisjonelle nyhetsartikler 14,6%.

¹⁶⁸ Propaganda-artikler for AKP(m-l)s linje 11,1% og agiterende nyhetsartikler.

¹⁶⁹ Ottosen/Westlie 1989:184-185.

¹⁷⁰ Ei utførleg omtale av denne prosessen kan lesast i Kolmannskog 2006:65-86.

¹⁷¹ Kolmannskog 2006:93-94 og utover.

¹⁷² Han skriv: ”profesjonaliseringen skjedde i første rekke fra 1979 og utover” (E-post 28.3.06.).

for folk på venstresida.¹⁷³ Utover 80-talet fekk avisa etter kvart tilsette som ikkje var med i AKP(m-l), og avisa hadde ein framgang som toppa seg i 1983.¹⁷⁴

Når vi så kjem til 1986, har Klassekampen vore dagsavis i ni år, og no er det *nyhende* som står i fokus. Dei tre store sjangrane dette året er *innanriksnyhendeartikkel* (23,1%), *utanriksnyhendeartikkel* (15,3%) og *intervju* (12,4%). Avisa er framleis ”organ for AKP(m-l)”, men dette får små utslag i sjangerbruken. 1980-talet var den perioden Klassekampen etablerte seg som sjølvstendig avis, meir uavhengig av partiet. Det var faktisk også ei omlegging av avisa sin utforming mellom dei to avisene eg har studert i 1986, i august:¹⁷⁵

*Den viktigste endringa var formen. Avisa skulle bli en mer skreven avis. Mye av grunnlaget for dagens utforming av Klassekampen finner en i avisa fra 1986. Klassekampen hadde definitivt bestemt seg for at avisa ikke skulle bli venstresidas/AKP(m-l)'s VG.*¹⁷⁶

”Vi har gjort de første sidene i avisa roligere og mer tekstorientert, og ønsker med det å gi mer rom for en avistradisjon som lenge har vært på vikende retur i norsk presse; den som legger vekt på informative nyheter, analyserende politisk journalistikk, kommentarer og debatt. I tråd med dette vil også kultursidene prioritere opp anmeldelser, kritikk og diskusjon.” (leder i Klassekampen 28/8-86)

På dette grunnlaget kan det vere interessant å sjå på eventuelle skilnader mellom sjangrane i mai- og november-nummeret dette året. Samanlikna med dei fleste andre åra ser planen i sitatet ut til å bli følgt opp.¹⁷⁷ Sjangeren *innanriksnyhendeartikkel* har fått dobbelt så stor del av avisa 31. oktober 1986 som den fekk 30. april same år (33,7% mot 16,6%).

Utanriksnyhendeartiklar er det om lag like mykje av i dei to utgåvene. Den sjangeren som er tydeleg nedprioritert, er *intervju* (frå 18,5% til 2,4%). Dette kan lesast på fleire måtar, men det mest nærliggande er at det blir *journalistane* som styrer ordet i Klassekampen, ikkje kjeldene. Sjangrar som *nyhendeartiklar*, *kommentarar* og *reportasjer* er svært ”journaliststyrte” sjangrar, der det er skribenten som styrer innhald og budskap i mykje større grad enn i til dømes *intervju*. Dette kan vere eit teikn på at redaksjonen i Klassekampen (mest sannsynleg svært så medvite) ønskte å styrke *Klassekampen* sin diskurs, framfor AKP(m-l) sin. Dette er

¹⁷³ Tranøy 1992:9. Han skriv også same stad ”(...)journalistene, som nå mer og mer ble journalister, og ikke partifunksjonærer.”

¹⁷⁴ Tranøy (1992:10) skriv: ”Alf R. Jacobsen og Alf Skjeseth (...) er i dag enig om en ting: avisa hadde en blomstringstid som toppet seg i 1983.(...) Avisa opplag økte også. Fra 7219 i 1980 til 8008 i 1984.”

¹⁷⁵ Tranøy 1992:12. Teksten frå *Klassekampen* 28.8.86 er sitert etter Tranøy 1992.

¹⁷⁶ Akkurat denne samanlikninga er overraskande lik Jorun Gulbrandsen sin kritikk 13 år seinare: ”avisa konsentrerer seg mye om å bli SVs *Se & Hør*” (Gulbrandsen i kronikk i *Klassekampen* 12.12.05)

¹⁷⁷ Sjå tabellane på slutten av vedlegg 2. Merk at det er skilnader i sjangersamansettinga mellom mai og november i alle årgangane eg har studert – men i 1986 er denne skilnaden tydeleg større enn dei andre åra.

ikkje unaturleg – dei siste tiåra har journalistikken utvikla seg til eit eige fagfelt, institusjonalisert gjennom forskjellige journalistutdanningar og ”innstrammingar” i medlemsmassen i Norsk Journalistlag.¹⁷⁸ Sigurd Allern skriv også fleire stader om ”profesjonalisering” av avisa på 1980-talet. Lesaren av Klassekampen blir etter dette ein del av ein fellesskap med avisa og redaksjonen, snarare enn med partiet som avisa var organ for. Dette står i motsetnad til korleis diskursfellesskapen ser ut til å ha vore fram til rundt 1979. Men dette er hovudsakleg indikasjonar, eg har ikkje studert dette direkte.

I 1992 hadde Klassekampen endra karakter både formelt og strategisk. Avisa var ikkje lenger eit partiorgan, og det å nå breiare ut på ”venstresida” (i første omgang var det snakk om å nå fleire SV-medlemmar) var ein del av profilen. Vi ser på 1. mai-nummeret dette året at det er satsa særleg på å nå eit breitt publikum, ved at sjangeren *reportasje/temaartikkel* står for så mykje som 35,2% av innhaldet i denne avisa. At denne avisa var meint å nå langt ut, ser vi også i at dei har klart å skaffe *annonsar* til å dekke heile 10,9% av avisa. Til samanlikning har novemberavisa dette året ingen artiklar i sjangeren *reportasje/temaartikkel*, og ca. halvparten så stor del *annonsar* (5,8%) som i mainnummeret. Det som har auka tydeleg sidan 1986, er *kultur- og mediaartiklar* (4,6% totalt) og *kronikkar* (11,1%). Dette stemmer godt med ein profil som ”kulturradikal debattavis”, som Klassekampen blei kjend som i denne perioden. Avisa har mindre av dei meir tradisjonelle lesarbreva i 1992 enn tidlegare, men dette kan sjåast opp mot den kraftige auken i kronikkar. Mengda *nyhendeartiklar* (innanriks og utanriks) var også vesentleg lågare enn seks år tidlegare – totalt 20,5%, mot heile 38,4% i 1986. Det vil vere fleire grunnar til ei slik utvikling som den som ein ser frå 1986 til 1992. Ei forklaring er at dette er ei styrt endring – Torstein Tranøy siterer til dømes strategien i 1991:

*I dag klarer ikke avisa å følge noe stoffområde så tett og konsekvent at vi kan regnes som et helt uunnværlig informasjonsorgan for breiere lesergrupper (...) Klassekampens redaksjonelle strategi må derfor bygge på styrke (sic) flere av avisas ”sterke sider”, ikke spre kreftene på alle områder.*¹⁷⁹

Dei to utgåvene av Klassekampen eg har sett på i 1992, følgjer altså dette prinsippet: Meir av det ein er god på, mindre av det ein ikkje kan bli best på. Sigurd Allern sa også til si eiga avis følgjande rett før omlegginga 3.10.91: ”Vi vil styrke KK som kultur- og kritikkavis.”¹⁸⁰ Tala eg

¹⁷⁸ På midten/slutten av 1990-talet blei lovane i NJ endra, slik at informasjonskonsulentar og medierådgevarar ikkje kunne vere medlemmar, sjølv om dei i stor grad arbeidde journalistisk i det daglege virket sitt.

¹⁷⁹ Frå *Avis for 90-åra*, eit hefte skrive av Sigurd Allern og styret i Klassekampen AS, april 1991. Sitert i Tranøy 1992:44. Tranøy siterer to variantar av dette heftet, eitt internt strateginotat frå januar 1991, og heftet frå april.

¹⁸⁰ Sigurd Allern til Klassekampen, 21.9.91. Sitert i Tranøy 1992:45.

har funne, viser at dette var blitt gjennomført i 1992. Den varsle satsinga på utanriksstoff¹⁸¹ er derimot ikkje synleg i dei to avisene eg har sett på.

Det siste året eg har sett på, er 2004. Dette er 13 år etter den store omlegginga i 1991, og 7 år etter ”redaktørstriden” i 1997, som begge var sentrale i utviklinga av avisa. Det mest påfallande i så måte, er i kor stor grad avisene i 2004 har følgd strategien frå 1991, og at det som skjedde i 1997 ikkje ser ut til å ha påverka avisa i nemneverdig grad når det gjeld sjangerbruk og innhald. *Artiklar om organisasjonar* er attende på same nivå som i 1986, mengda *nyhendeartiklar* er gått endå litt ned (men ikkje dramatisk mykje). Mengda *reportasje/temaartikkel* og *kronikk* er ganske like stoda i 1992. Det som tydeleg har auka sidan 1992, er *kultur- og mediaartiklar*, som i 2004 står for 8,3% av trykkeflata i avisa, samtidig som det er 4,6% *kulturvurderingar* dette året. Totalt er det altså 12,9% kulturstoff, mot 5,7% i 1992, 4% i 1986, 2,1% i 1974 og 1,8% i 1970. Utifrå det eg har lese av intervju med Paul Bjerke og Bjørgulv Braanen, er dette nok ei auke som var på plass alt i 1995-96, i forkant av redaktørstriden. Korleis denne sjangeren utvikla seg mellom 1997 og fram mot 2004, veit eg jo ikkje, men stoda per 2004 er uansett imponerende lik det som var målsettinga i 1991. Klassekampen på 2000-talet er ei avis som sjangermessig rettar seg tydeleg inn på kulturfeltet og debattantane på venstresida.

7.3. Sjangerbruk i mai og i november

Når alt dette er sagt, må det leggjast inn nokre kommentarar om skilnaden mellom dei to utgåvene av avisa eg har sett på. 1. mai- og 1. novembernummera av Klassekampen er ikkje direkte samanliknbare.¹⁸² Den tydelegaste skilnaden ser ein om ein samanliknar nyhendesjangrane i mai og november. Særleg i 1986, då sjanrane *innanriksnyhendeartiklar* og *utanriksnyhendeartiklar* var særleg dominerande, ser ein tilsvarande store skilnader mellom dei to avisene. For alle dei tre årstala eg har studert av dagsavisa (1986, 1992 og 2004) er det merkbart meir nyhendeartiklar i november enn i mai.

¹⁸¹ Tranøy 1992:45 skriv: ”De stoffområdene som blir trukket fram som eksempler i notatet som må styrkes, er utenriks, miljø/økologi og arbeidsplassene/fagbevegelsen.”

¹⁸² Det er jo også difor eg veljer å sjå nettopp på desse to utgåvene, for å studere lik- og ulikskaper mellom ei avis som det er lagt ekstra mykje arbeid i, og ei ”normaldagsavis”.

Bruk av sjangeren nyhendeartikkel, innanriks i dei fem åra.

År	% mai	% nov.	Skilnad absolutt	Skilnad relativ ¹⁸³
1970	18,4	17,2	- 914 cm ²	- 7 %
1974	7,2	8,0	-143,5 cm ²	+ 11 %
1986	16,6	33,7	+ 1505,5 cm ²	+ 103 %
1992	8,3	11,9	- 833 cm ²	+ 43 %
2004	5,5	12,2	+ 1151 cm ²	+ 122 %

Vi ser altså at tala varierer ein del. I 1970 og 1974 var bruken av sjangeren ganske lik i dei to utgåvene. I 1992 var den relative skilnaden mellom mai og november 43% (medan det faktisk var færre kvadratcentimeter tekst i denne sjangeren i november enn i mai). Den relative skilnaden i 1986 og 2004 var over 100%, og også i reine tal var det 1-1½ side meir av sjangeren i novemhernummeret enn det var i mainummeret desse åra. Årsaka til skilnaden ligg nok i at normaldagsavisa (november) er ei *nyhendeavis* i større grad enn 1. mai-avisa, som meir blir laga som ei *temaavis*. Marknaden for 1. mai-avisa i dagsavisperioden er framleis primært dei faste abonnentane, men denne avisa har ei vesentleg større spreiking (i 1. mai-tog, på stand, osv.) enn avisene på kvardagane gjennom året.¹⁸⁴ Denne ”justerte målgruppa” har, som tabellen under viser, fått eit litt anna produkt enn kva dagsavisa elles i året er.

Tabellen på neste side viser at nokre sjangrar er ganske likt representerte i mai og november, medan andre tydeleg er opp- eller nedprioriterte i den eine utgåva samanlikna med den andre. I avisene laga for 1. mai-distribusjon finn vi til dømes tilnærma null debattartiklar. Faktisk er det *ingen* lesarinnlegg i 1. mai-nummera av Klassekampen i dei tre dagsavisåra eg har sett på, og det er også meir kronikkar i novemhernummera enn i mainummera desse åra. Tabellen som inkluderar alle fem åra får ikkje dette fram heilt tydeleg, fordi månadsavisa i 1970 og vekeavisa i 1974 bidrar til å senkje gjennomsnittstala i tabellen – dette var år med ganske liten del *debatt/lesarinnlegg* og *kronikk*, og det lille som var, var ganske likt fordelt mellom de to avisutgåvene. Detaljane i likskaper og skilnader mellom mai og november for kvart år, finst på slutten av vedlegg 2.

¹⁸³ Prosentdel av opphavleg andel i avisa, utan desimal. ”Skilnad relativ” viser kor mykje andelen i november har endra seg i høve til mengda i mai, medan ”skilnad absolutt” viser endringa frå mai til november i reine tal (cm²)

¹⁸⁴ Ifølgje Marga van der Wal i Klassekampen har aktivistane dei siste åra fått valet mellom å selje eller dele ut aviser 1. mai. Tilnærma alle har vald å dele ut gratis, noe som naturlegvis gjer spreinga endå større enn ved sal. Dei siste åra har Klassekampen sendt ut rundt 3000 aviser i samband med 1. mai, medan laussalet elles i året ligg på rundt 200 aviser om dagen.

Artiklar sortert etter sjanger og avisutgåve. Alle år saman.

Sjanger	1.mai	1.november
Nyhendeartikkel, innanriks	10,6	17,1
Nyhendeartikkel, utanriks	9,5	8,5
Arbeiderkorrespondent	0,9	1,3
Artiklar om avisa Klassekampen	0,6	0,8
Nyhende og møteomtalar om organisasjonar	4,3	6,4
Debattartikkel/lesarinnlegg	0,8	3,5
Ideologisk artikkel, agitasjon	6,1	4,8
Leiarartikkel, redaksjonelle kommentarar	2,1	2,0
Intervju	11,3	7,6
Reportasje/temaartikkel	19,0	8,7
Kronikk	5,2	8,2
Smånotis	1,8	3,7
Kulturvurderingar	1,5	4,5
Kultur- og mediaartiklar	3,9	3,1
TV/radio/kino/teater	4,5	5,1
Underhaldning/diverse	6,2	6,0
Vignettar og teknisk stoff	3,5	5,7
Annonсар	8,4	3,1
TOTALT	100,2	100,1

Om ein skulle laga enno ein aviskategori, kunne ein sett på laurdagsaviser i tillegg.

Klassekampen har ein del abonnentar som berre held laurdagsavisa, og det er mest sannsynleg også større laussal av avisa på laurdagar enn resten av veka.¹⁸⁵ Laurdagsavisene på 1990- og 2000-talet ser i det ytre ut til å liggje ein stad mellom 1. mai-nummeret og kvardagsavisene, slik at ein kan gå ut frå at dei sjangermessig vil ha ei samansetting ein stad mellom desse to andre kategoriane.

7.4. Formatanalyse av Klassekampen

Ut frå formattabellane i vedlegg 1 kan ein finne ein del tendensar for retninga Klassekampen har teke i perioden. Sjølv om det til dels er lang tid mellom dei aktuelle årgangane, vurderar eg dei som representative for lengre periodar, slik at desse "einskildbileta" er prototypiske for sin plass i utviklingskurva, særleg sett i samanheng med den generelle kjennskapen eg har til produksjonen av avisa, strategiarbeidet i redaksjonen, osv. Ein variant av formattabellen blir denne:

¹⁸⁵ Eg har ikkje sjekka dette, men laussalet er framleis ein forsvinnande liten del av totalopplaget, òg på laurdagar. Sjølv om laussalet på laurdagar skulle vere 2-3 gonger så stort som resten av veka, er framleis over 90% av opplaget aviser i abonnement.

5/1970	11/1970	16/1974	41/1974	30.4.86
Framsida	Framsida	Framsida	Framsida	Framsida
Kommentar	Kommentar	Kommentar	Kommentar.	Kommentar
		Debatt	Debatt	Kultur/Debatt
		Arb.korr./råd	Arb.korr./råd	
Nyhende/agit.	Nyhende/agit.	Nyhende	Nyhende	Nyhende
Ideologi		Ideologi/deb.		
	Lesar brev	Kultur		1.mai
		Diverse	Diverse	Diverse
	Nyhende/agit.	Debatt	Debatt	
	Ideologi	Ideologi/debatt	Ideologi	
Internasjonalt	Internasjonalt	Internasjonalt	Internasjonalt	
Diverse				
Ideologi		Diverse	Diverse	Nyhende
Historie	Bakgrunn/agit.	1.mai	Arbeidsliv	1.mai

1.11.86	30.4.92	2.11.92	30.4.04	1.11.04
Framsida	Framsida	Framsida	Framsida	Framsida
Politikk	Kommentar/deb.	Kommentar/deb.	Kommentar.	Kommentar
Kultur	Utanriks	Utanriks		Nyhende
Nyhende	Nyhende	Nyhende	Nyhende	Annonsar
	Eigenannonse	Magasin	Kultur	Spaltist
			Spaltist	Utanriks
Utanriks			Utanriks	Kronikk
Diverse			Kultur & medier	Kultur & medier
Debatt		Debatt	Nyhende	Debatt
	1.mai		Annonse	
	Annonsar	Annonsar	1.mai-magasin	
Nyhende	Diverse	Diverse	Diverse	Diverse
Perspektiv	Perspektiv	Perspektiv	Perspektiv	Perspektiv

Grovt sett kan ein seie at avisa går frå å ha mange sider der stoffkategorien endrar seg frå side til side, til seksjonar med beslektta stoff – sjølv om også dei tidlege årgangane var ”seksjonerte”. I 2004 er dette blitt straumlineforma (strengare normert), med grovinnendinga *framsida – kommentar – innanriks – utanriks – kultur/medier/debatt – diverse* i novemhernummeret, og *framsida – kommentar – innanriks – utanriks – kultur/medier – magasin – diverse* i 1. mai-nummeret. Vi ser også at tekstane blir meir og meir tilpassa sidestørleiken (tilgjengeleg plass) opp gjennom åra. Der det var vanleg med ei side eller to med avsluttingar på artiklar frå andre sider, er dette nærast vekk lenge før 2004. Ein kan primært forklåre dette teknologisk,¹⁸⁶ men ein skal ikkje sjå vekk frå at det også kan ha vore

¹⁸⁶ Ved bruk av datamaskinar til sats og ombrekking er det veldig enkelt å redigere artiklar og/eller endre storleik på overskriftar, bilete og ingressar så det heile passar pent inn på sida.

eit estetisk ønskje om ”reine liner” med artiklar tilpassa sida dei er plasserte på. Ein konsekvens av dette er også at Klassekampen er blitt enda meir lik andre aviser når det gjeld formatkomponering.

Hoff/Hågvar sine formatskjema¹⁸⁷ viser at VG-formatet i stor grad kan passast inn i ein grovstruktur relativt lik den eg har funne for Klassekampen: *framside – kommentar – nyhende – sport – debatt – kultur – diverse*. Avisa VG har rett nok fleire mindre kategoriar enn eg har nytta i analysen av Klassekampen, men som grovstruktur er dei ganske så like. VG har ”prioritert fram” kategorien *sport*, som ikkje finst i Klassekampen. Tilsvarande har Klassekampen eit tydeleg skilje mellom innanriks- og utanriksnyhende, som VG ikkje har. Men begge har *eigne kommentarar* og *nyhende* i starten av avisa, og *kulturstoff* og *diverse* mot slutten.

Det teknologiske aspektet ved endringane frå 1970 til 2004 er kan hende det tydelegaste. Sjølv om det var ein ganske stor framgang for redaksjonen då dei gjekk over frå skrivemaskin til composer på slutten av det første året, var innføringa av datamaskinar på 80-talet den store endringa. Med datamaskinen kom eit verkty der journalisten enkelt kunne redigere teksten sin som heilskap utan å måtte skrive inn alt på nytt, og med datamaskinbasert ombrekking kom moglegheiten til å justere forholdet mellom tekst, overskriftar og bilete på enkle måtar. Slik blei det mogleg å tilpasse tekstane undervegs, leggje til oppdateringar rett før trykking, lese korrektur heile vegen, og så bortetter. Når ein fekk heile ombrekkinga over på skjerm blei det også svært enkelt å utnytte sidene best mogleg, til dømes ved å leggje inn eller fjerne bilete, justere storleik på bilete, overskrifter og ingressar, og justere tekstflyten på sida ved behov.

Dei tidlege årgangane var nok prega av alle dei spesielle ytre omstenda rundt avisa. Avisa oppsto som dugnadsprosjekt laga av ein gjeng 18-20-åringar i samband med splittinga mellom SF og SUF i 1969, og dei fleste av desse hadde lita eller inga røynsle i korkje journalistikk, sideutforming eller trykking. På den bakgrunnen er det kanhende overraskande at Klassekampen anno 1970 har eit så tydeleg format som det trass alt har. Det avisene frå 1970 og 1974 har i lita grad, er seksjonsinndeling med mange ”like” sider etter kvarandre. I nummer 5/70 er til dømes stoffet eg har kategorisert som ”*ideologi*” splitta ved at det er sett inn ei dobbeltside ”*internasjonalt*” og to sider ”*diverse*” mellom ideologi-sidene 10-11 og 15.

¹⁸⁷ Hågvar 2003:112-113 og Hågvar 2003:367 (faksimilie av Hoff 1998).

No kan ein alltid diskutere om kategoriinndelinga mi er dekkande,¹⁸⁸ men det er tydeleg at redaksjonen desse første åra anten ikkje var opptekne av å samle ”beslekta” stoff i avisa, eller at dei såg på dei forskjellige stoffkategoriane som variantar av det same. Målet var primært å samle, opplyse og mobilisere arbeidarklassen, sekundært å lage eit blad som var fint å sjå på. Relativt snart såg ein nok at det ikkje var nokre motsettingar mellom desse to tinga.

Kategorilegginga i Klassekampen sitt format er overraskande lik gjennom desse ti avisene, når ein ser at det er eit tidsspenn på over 34 år frå første til siste avis, og at graden av profesjonalitet er enormt forskjellig. Vi ser at ”*internasjonalt stoff*” er flytta framover i avisa, og debattstoffet bakover, men elles er endringane for det meste at kategoriar er forsvunne eller komme til. Nokre er utvida eller gjort om litt, men generelt er avisa i 2004 bygt opp mykje etter same kategorimal som i 1970. Dei tydelegaste endringane i kategoriane, er at *Kultur & medier* er blitt mykje meir reindyrka som seksjon og kategori i avisa, og at kronikk- og debattstoff er blitt samla til tydelege avdelingar i avisa.

7.4.1. Seksjonsinndeling

Bruken av seksjonar og sidevignettar seier ein del om korleis redigerarane i avisa oppfattar og presenterar Klassekampen-formatet. Det er først med dagsavisa på 1980-talet at dette blir tydeleggjort ved at dei fleste sidene blir markerte øvst med kva for kategori avisa plasserar sida i (”Debatt”, ”Nyheter”, ”Utenriks”, osv.). For meg som freistar å studere *formatet* Klassekampen, gjer dette ting lettare – desse markeringane seier ein del om kva for formattenking som finst hos dei som lagar avisa.

Dei første åra, med Klassekampen som månads- og vekeavis, kan ein sjå at avisa er delt inn i seksjonar, men dette er ikkje like ”stramt” som etter at avisa gjekk over til dagleg utgjeving. Saman med utviklinga til dagsavis kom det ei tydelegare profesjonalisering av redaksjonen, særleg etter at Sigurd Allern tok over redaktørjobben i 1979. Allern seier jo også at de arbeidde systematisk med utforminga av avisa utover på 1980-talet, og med det kom nok eit ønske om å dele inn avisa tydelegare i faste emneområde. Bruken av seksjonar i avisa er ein del av attkjenninga frå dag til dag, og det gjer det enklare å lokalisere ein artikkel i avisa, om ein skulle ønske å gå attende til ei avis ein har lese tidlegare. Seksjonsvignettane øvst på kvar side kom første halvdel av 1980-talet, og bruken av slike sidemarkeringar har halde seg etter det.

¹⁸⁸ Skiljet mellom dei tinga eg har kategorisert som ”nyhende”, ”agitasjon”, ”ideologi” og ”Intervju SUF(m-l)”, er ikkje veldig tydeleg alle stader i åra før dagsavisa.

7.4.2. Framsida

Om vi ser på bruken av framsida, er denne, alt frå starten av, av typen ”tradisjonell nyhendeavis” med eitt hovudoppslag og evt. nokre små undersaker. Det er likevel ei viss utvikling – faktisk er utviklinga frå 1970 til 2004 den motsette av kva ein intuitivt vil tru, om ein berre tar ein titt på avisstativa med VG og Dagbladet i butikkane. Der Klassekampen anno 1970 har ein ganske sterk fokus på det eine hovudoppslaget, har avisa på 1990- og 2000-talet komponert framsida meir som ein reklameplakat for fleire av sakene inni avisa. Ein enkel tabell over talet på framsideelement syner dette:

Tekstelement	1970		1974		1986		1992		2004	
Logo/vignett/info	1	1	1	1	1	1	1	1	1	1
Hovudoppslag	1	2	1	1	1	1	1	2	2	2
Undersak til hovudoppslaget	1	0	0	1	0	0	0	0	0	0
Notis som ref. til saker inni avisa	1	1	1	1	0	3	3	7	3	5
Reklame/annonsar/anna	0	0	0	1	1	0	0	0	0	0
Sum tekstelement totalt på side 1	4	4	3	5	3	5	5	10	6	8

Utvalet aviser er sjølvsagt for lite til å kunne seie sikkert at dette er ei gjennomgåande utvikling, men dette peiker likevel på ein tendens som ligg i formatet og redigeringa av Klassekampen. Dei undersøkte avisene i 1970, 1974 og 1986 hadde i snitt 4 tekstelement på framsida, medan dei nyare avisene hadde 7 element i snitt. Framsidene i 2004 og utover følgjer ein ganske fast mal:

- logo/vignett øvst, strekkode nedst til venstre
- ei ”stripe” med bilete og sitat frå to skribenttekstar/kronikkar i avisa
- ein spalte til venstre med tre korte referansar m/bilete, som viser til forskjellige saker
- eitt stort hovudoppslag med stor overskrift
- eitt mindre (eller like stort) oppslag under hovudoppslaget
- ein gong etter 2004 kom det også inn ein ”overskriftreferanse” over logoen

Klassekampen i 2004 og utover har altså lagt seg på ein mal med heile ni (det niande kom ein gong i 2005) faste tekstelement på framsida. På den måten får dei vist til store delar av innhaldet i avisa, særleg på dagar med ”vanleg sidetal”, som no ser ut til å vere 24 sider. I avisa for onsdag 22. mars 2006 kunne ein til dømes lese referanse til, eller omtale av, saker på totalt 11 av dei 23 sidene som følgjer bak framsida. Når den faste lesaren i tillegg veit 99% sikkert at leiar og kommentartekstar er på side 2, at dei siste to sidene før baksida er kino- og radio-/TV-program, og at dei to sidene før det er lesarbreve, har framsida saman med formatet ”lista opp innhaldet” for 16 av 23 sider.

Sjølv om også laussalsaviser har fleire slike små tekst- og biletelement, vil dei ha vanskeleg for å ha like mange som Klassekampen (og mest sannsynleg også mange lokalaviser) har vald å ha, fordi funksjonen som salsplakat for avisa krevjer ein viss plass til kvar sak som er nemnt på framsida. Eit alternativ kan sjølvsagt vere å gjere som VG, og til dels Dagbladet, nemleg å ha eitt hovudoppslag som dekker 2/3-3/4 av framsida, slik at dette oppslaget blir så fokusert at andre framsideelement blir ”krydder” rundt hovudoppslaget. Klassekampen ser ut til å gjere slikt hovudsakleg ved ”særskilte høve” – 1. mai, 8. mars, ein del laurdagsutgåver, og nokre dagar med svært spesielle hovudoppslag. Desse særskilte høva er grovt sett dei dagane det kan vere von om eit litt større laussal enn til vanleg. Thorstein Hoff i VG skriv dette om utforminga av framsida på laussalsaviser samanlikna med abonnementsaviser:¹⁸⁹

1. Løssalgsavisen

2. Abonnementsavisen

1. siden ren SALGSplakat

1. sidens saker IKKE SALGSbettinget

** Ett markant hovedoppslag*

** Mange saker*

** Noen garnityrsaker*

** Tekstdominert*

** Titteldominert*

** Variert orienterende appell*

MÅ ha salgsappell

Det er nok fleire grunnar til at framsida på Klassekampen har utvikla seg som ho har gjort – det er ikkje berre det at avisa har gått frå å vere laussals- til abonnementsavis. Nok ein gong er det tekniske aspektet relevant – det er klårt enklare i dag å utforme ei avisside med mange element på ein måte som ikkje ser rotete ut, enn kva det var på 70- og 80-talet. Ein annan grunn (etter mitt syn den viktigaste) er at Klassekampen i første rekkje er ei abonnementsavis¹⁹⁰ no, ikkje eit laussalsprodukt. Då blir framsida sin funksjon som innhaldsliste viktigare enn tidlegare, medan det ikkje blir like viktig å ha framsideoppslag som skal selje avisa frå dag til dag. Klassekampen har rett nok eit hovudoppslag (eller to) som er sentrert på framsida og skrive tydeleg større enn dei andre sakene, men dette oppslaget er ofte meir meint for dei som alt les avisa dagleg, enn for dei som ser avisa i butikken. Det kan verke som om avisa ikkje lenger legg vekt på laussalet, ut frå dei sakene som blir prioriterte

¹⁸⁹ Hoff 1998 sitert i Hågvar 2003:49.

¹⁹⁰ Av det gjennomsnittlege opplaget i 2006 på 10109, var berre 219 aviser (2,2%) selde i laussal.

som hovudoppslag på framsida.¹⁹¹ Både storleiken på sakene på framsida, og av og til kva for saker som blir prioriterte, kan tyde på dette. Klassekampen på 2000-talet har stort høve til å velje ”kva som helst” som hovudoppslag på framsida, fordi tilnærma alle lesarane likevel kjem til å få avisa i postkassa også neste dag. Når ein har slik fridom på framsida, kan ein nytte hovudoppslaget til å byggje profilen vidare, utan tanke på om dette er salbart frå dag til dag. Eitt døme på slik bruk av framsida, er avisa for laurdag 11. november 2006, der hovudoppslaget hadde tittelen ”Holdt råka åpen”. Denne laurdagen hadde Klassekampen vald å nytte nestan 2/3 av framsida på ei sak om at forfattaren Torborg Nedreaas ville ha fylt 100 år om ho framleis var i live. Dette er ei framsidebruk som heilt tydeleg er med på å byggje profilen til Klassekampen som ei avis for ”dei kulturradikale”.

Bruken av ”små referansar” på framsida kan likevel fungere som ein form for salsplakat – i forhold til ”den interesserte lesaren”, han/ho som vurderer å bli abonnent, som les avisa på jobben, osv. I laussal blir nok alle desse små elementa for mange og for små til at dei kan verke salsfremjande. Personen som går forbi avisstativet på veg til bussen på morgonen vil som regel ikkje rekke å registrere meir enn det største oppslaget på framsida uansett.

Attkjenningsaspektet er viktig, og framsida på Klassekampen blir sett opp etter same malen i lengre periodar før ein eventuelt gjer mindre endringar. Dei endringane som har komme, har vore små justeringar på det oppsettet som er lagt fast, til dømes ein ny boks med tekst eller ei lita endring på logoen. Den noverande framsidemalen har vore gjennomgåande uendra sidan mai 2004, og følgd same oppsett sidan februar 1998. Om ein ser vekk frå den aller første tida i 1969, har avisa heile tida hatt framsidemalar som kan kjennast att frå utgåve til utgåve. Hågvar poengterer fleire gonger i VG-analysen sin at avisa må vere tydeleg attkjennbar frå dag til dag – det skal vere innlysande at det er *Verdens Gang* ein har framfor seg. Sentralt i VG-diskursen er avisa sjølv som aktør, seier Hågvar. Eg har ikkje sett konkret på denne faktoren for Klassekampen sin del, men inntrykket mitt er at diskursen til Klassekampen er meir fokusert på ei litt udefinert ”venstreside” (jf. slagordet *venstresidas dagsavis*). *Klassekampen* som aktør og objekt i eigne spalter er tydeleg til stades, men dei tek nok ein litt meir moderat posisjon enn kva (særleg) VG gjer i det daglege.

¹⁹¹ Klassekampen anno 1970 og 1974 var i stor grad eit ”gatesalsprodukt” – det skulle seljast og spreiest på gater og arbeidsplassar.

7.4.3. Einskildsider i avisa

Det er vanskeleg å samanlikne Klassekampen anno 1970 og 2004 når det gjeld sideutforminga, fordi dei tekniske føresetnadane er så forskjellige. Dette er svært ulike for dei årgangane eg har studert, og styrer også sideutforminga. Det er blitt lettare å tilpasse sakene storleiksmessig så alt ”går opp”, og det å flytte ei sak frå ein stad i avisa til ein annan tek berre nokre sekund. Alt kan likevel ikkje forklarast teknologisk, og det å sjå på dei einskilte sidene seier noko om stoffprioriteringane.

Ein faktor det er mogleg å samanlikne, er talet på separate saker per side. Tabellen under viser dette. Eg har teke med alle sider unntatt framsida (som er studert for seg). ”Separate saker” har eg tolka som tekstar med eigen overskrift, eller notisar som er tydeleg markerte som separat sak. Ein samanhengande tekst av typen ”Kva skjer?” har eg regna som ein tekst, sjølv om desse tekstane kan bestå av mange separate omtaler. Det same gjeld TV- og radioprogram og kinoannonsar. Tekstbitar som er avslutting på saker andre stader i avisa blir rekna som ein del av den opphavlege teksten, ikkje som eit eige element i avisa.

	1970		1974		1986		1992		2004	
Sider totalt (ikkje inkl. framsida)	15	11	19	15	31	19	31	15	47	31
Saker med eigen overskrift	39	37	30	32	38	33	39	35	36	33
Notisar og ”samlesaker” ¹⁹²	4	7	18	16	6	7	6	12	20	13
Annonser, reklamer	1 ¹⁹³	1 ¹⁹⁴	5	4	6	7	7	2	23	5
Diverse stoff ¹⁹⁵	2	0	5	4	5	6	7	7	10	7
Tal saker/side (utan framsida)	3,1	4,1	3,1	3,7	1,8	2,8	1,9	3,7	1,9	1,9

Utvalet aviser er for lite til å kunne seie at dette er ei gjennomgåande utvikling, men dette peiker likevel på to tendensar som ligg i formatet og redigeringa av Klassekampen. Det eine er at gjennomsnittleg tal saker per side går ned. Om ein slår dei to avisene frå kvart år saman, får vi følgjande utvikling:

¹⁹² Her har eg teke med smånotisar med og utan overskrift, og ”notissamlingar” som er presenterte som eit samanhengande element i avisa – døme er overskrifter som ”Klipp & Kommentar”, ”1.mai landet rundt” osv.

¹⁹³ Dette er ein samanhengande bolk på 7 notisannonser som i stor grad framstår som eitt element i avisa.

¹⁹⁴ Dette er ein samanhengande bolk på 10 notisannonser, jf. førre fotnote.

¹⁹⁵ Her har eg teke med TV-/radioprogram, samleannonse for Oslokinoane, dikt, teikneseriar, teikningar og biletsaker/kunst. I hovudsak er dette dei tekstane som er sjangersortert som *TV/radio/teater/kino* og *underhaldning/diverse*.

1970	3,5
1974	3,4
1986	2,2
1992	2,5
2004	1,9

Det store skiljet ser vi her mellom 1970-talet (månadsavis og vekeavis) og nyare tid (dagsavis). Den andre tendensen ein ser i tabellen, er at "kvardagsavisa" frå ca. 1. november har vesentleg fleire saker per side enn 1. mai-avisa. Dette talet er 32% høgare i 1970, 19% høgare i 1974, 55% høgare i 1986, og 95% høgare i 1992. Unnataket ser vi i 2004, der det er 1,9 saker per side i begge utgåvene. Men om ein ser nærare på tala, er det eit unormalt høgt tal annonsar i 1. mai-avisa som fører til dette. Tal på saker per side, om ein tar vekk annonsar og reklame, er:¹⁹⁶

Mnd/år	5/70	11/70	5/74	11/74	5/86	11/86	5/92	11/92	5/04	11/04
Saker/side	3,0	4,0	2,8	3,5	1,6	2,4	1,7	3,6	1,4	1,7
Nov:Mai	+33%		+25%		+50%		+112%		+21%	

Sjølv om talet på saker per side ikkje er ei rett nedgåande line (vi har eit avvik i 1992 for både 1. mai og 1. november), ser vi at dei to tendensane er tydelege. Det blir færre saker (tekstelement) på kvar side, og 1. mai-utgåva har klårt færre saker per side enn 1. november-utgåva same år. Det siste går det greitt å forklare – nummeret som blir laga til 1. mai er nok det viktigaste nummeret av Klassekampen gjennom året. Dette vil seie at avisa inneheld fleire sider, primært fordi ein sett av plass til meir "magasin-aktig" stoff, t.d. fleire saker som fyller 2-3 sider kvar.¹⁹⁷ Med mange sider er det plass nok til å nytte heile (og/eller fleire) sider på fleire saker, og snittet saker per side går då naturleg nedover.

At det blir færre saker per side frå år til år kan til dels forklarast på same grunnlaget. Nok ein gong er 1992-årgangen eit lite avvik frå tendensen,¹⁹⁸ men gjennomgåande blir det fleire sider per avis gjennom den undersøkte perioden. Dette gjev høve til å nytte meir plass på kvar artikkel. Sidan "småstoffet" er meir konstant i mengde og dei større artiklane blir fokuserte, går talet på saker per side ned når talet på sider totalt går opp. Med meir plass

¹⁹⁶ Mengda annonsar vil som regel vere meir avhengig av kor mykje annonseplass ein klarer å selje, enn av redaksjonelle prioriteringar. Blir det "for mykje" annonsar, vil det jo løne seg å utvide avisa med fire ekstra sider, framfor å kutte i noe anna.

¹⁹⁷ Dette er tydeleg å sjå i sjangeranalysene, der avisene for 1. mai i snitt har 19% av sjangeren *reportasje/temaartikkel*, medan 1. november-avisene i snitt har 8,7% av denne sjangeren.

¹⁹⁸ Som ein ser i det første kapitlet, er jo også 1992-årgangen spesiell, fordi dette er første året som "venstresidas dagsavis". Eg har ikkje sett konkret på eventuelle koplingar mellom omlegginga i 1991 og dette avviket i 1992, men det er jo ein sjans for at dette har samanheng.

tilgjengeleg er det også mogleg å nytte fleire og større bilete, meir luft i artiklane, og tydelegare overskrifter. Alt dette gjer at den gjennomsnittlege storleiken på artiklane går opp, og med det går jo talet på saker per side ned.

7.5. Modellesaren

Der VG har ”mannen i gata” som modellesar, er det folk med tilknytning til den politiske venstresida, folkerørsler og folk som arbeider innan kultur og media¹⁹⁹ som er modellesarane hos Klassekampen. Redaktør Bjørgulv Braanen sa dette om kulturdekkinga då han tok over som redaktør i 2002:

Det kan være eit ”problem” at eg faktisk har vore med på å leggja den kursen vi styrer etter no. Så eg kan ikkje koma som eit nytt kort og snu alt opp ned. Som eg har sagt tidlegare, vil eg følgja og forsterka denne kursen: Styrka kulturdekkinga, bli betre på samfunnsøkonomi og halde fram med det vi har vorte gode på det siste halvåret, nemleg eksterne bidrag.²⁰⁰

Ingrid Stranger-Thorsen, som intervjuar redaktørane Allern, Bjerke, Michelet og Braanen i samband med hovudoppgåva si, skriv dette om vendinga attende mot den kulturradikale avisa Klassekampen:

For Paul Bjerke var ansettelsen av Braanen et ekko fra hans eget redaktørprosjekt, og han hevder at Braanens redaktørperiode har reetablert avisa der han forlot den i 1997. ”Det som har skjedd nå, fem år eller syv år senere, eller da Bjørgulv ble ansatt, var jo et helt klart signal om at nå er vi tilbake til nøyaktig den samme politiske linja som man laget alt dette spetakkelet i -97 for å komme bort fra” (Intervju, Bjerke 04.07.05). Også Braanen selv har uttalt at han ville tilbake til deler av den redaksjonelle profilen Bjerke stod for: ”Jeg mener at Klassekampen bør og skal være en viktig kulturavis i Norge. Min analyse er at det som gikk riktig galt i 1997 (mistet nesten 2000 abonnenter), var at vi kutta over båndene til ”kulturradikalerne” (Braanen 15.11.02).²⁰¹

Braanen, som framleis er redaktør i Klassekampen, har i forskjellige samanhengar formulert visjonane og tankane sine for kva avisa skal vere, og for kven. Sitatet over viser at ”dei kulturradikale” er ei viktig målgruppe. I 2002, som fungerande redaktør, skreiv han følgjande:

¹⁹⁹ En del av argumentasjonen under redaktørkonflikten i 1997 gjekk også på dette. Ei av skuldingane mot redaktør Paul Bjerke og kulturredaktør Eivind Røssaak var at avisa skreiv for mykje om ”høgkultur”. Dette var ein kritikk som hadde vore retta både mot Birgit Hatlehol (redaktør for eksternt stoff, særleg kultur, 1991-1992) og Therese Bjørneboe (kulturredaktør 1992-1996). Stranger-Thorsen (2006:56-60) har ei utførleg omtale av denne debatten.

²⁰⁰ Bjørgulv Braanen i intervju med Guri Kulås, *Klassekampen* 24.5.02. Sitert i Stranger-Thorsen 2006:97.

²⁰¹ Stranger-Thorsen 2006:97.

Vår oppgave er å bli en avis for alle samfunnskritiske mennesker i Norge. Det er vår 'nisje'. (...) Ved å utvikle det 'avismessige' ved Klassekampen ytterligere, vil vi også få en riktigere arbeidsdeling mellom avis og politisk bevegelse.²⁰²

På grunnlag av intervju med Braanen, og tekstar han har skrive i Klassekampen, oppsummerer Stranger-Thorsen kva som er ”kjernelesarane” til avisa:

Ideen bak Klassekampen var å etablere et debattklima som integrerte alle venstresidens grupperinger, en debattarena der Klassekampens kjerneleserne, ml-bevegelsen og unge, nyradikale aktivistbevegelser kunne møtes til debatt. Slik ville Braanen skape en ”sannhetssøkende intellektuell organisme hvor alle kommer inn med sitt og man lytter hører, man tar folk på alvor. Den arenarollen har jeg sagt har vært mitt bidrag, har vært å kombinere rollen som, kall det propagandist, som meningsbærende og som arena.” (Intervju, Braanen 31.08.05).²⁰³

Det er altså desse hovudgruppene lesarar Klassekampen på 2000-talet har som modellesarar: ml-rørsla, dei nyradikale og dei kulturradikale. Ut frå det sekundærmaterialet eg har sett på,²⁰⁴ verkar dette som å vere gjennomgåande for heile perioden etter omlegginga frå partiavis til venstresidas dagsavis i 1991. Eg har ikkje studert aviser frå Jon Michelet si redaktørtid (1997-2002), men intervjumaterialet til Stranger-Thorsen tyder på at dreinga attende mot dei kulturradikale starta opp att ganske kort tid etter bråket i 1997.

Kven som var modellesar i dei tidlegare åra, er litt meir uklårt. Som partiorgan (1973-1991) var det sjølvstapt eit mål å spreie politikken til AKP(m-l), men dette avtok etter kvart, som sjangerstudien også viser. Målsettingane for kva avisa skulle vere, var tydelege alt i starten:

Meininga er at denne avisa skal bli ulik alle andre aviser som kommer ut her i landet. Ei revolusjonær avis trykker de nyhetene og de artiklene de andre ikke vil ta (...) Ei avis for arbeidsfolk må konsentrere seg om det viktigste. (...) Et redskap og en læremester for arbeiderklassen og den revolusjonære bevegelsen – det er det vi vil at KLASSEKAMPEN skal bli.²⁰⁵

Målgruppa desse første åra er altså ”arbeidsfolk”. Modellesaren redaksjonen ser for seg, er den ideologisk interesserte arbeidaren – den arbeidaren, fiskaren eller skoleeleven som både

²⁰² Bjørgulv Braanen i Klassekampen 3.4.06, sitert i Stranger-Thorsen 2006:99.

²⁰³ Stranger-Thorsen 2006:99.

²⁰⁴ I framste rekkje Stranger-Thorsen sine intervju frå 2005-2006 og Torstein Tranøy si oppgåve frå 1992.

²⁰⁵ Frå leiarartikkelen i Klassekampen 1/69, side 3.

vil lese om arbeidstilhøve rundt om i landet, og sender inn eige stoff til avisa. Som det står i artikkelen ”Om Klassekampen” frå 1970:

*Klassekampen er ei arbeideravis. Det betyr at den ikke bare er skrevet for arbeidsfolk, men også av arbeidsfolk. (...) Gjennom Klassekampen kan nemlig andre arbeidsfolk over hele landet ta del i de erfaringer dere har fått gjennom kampen.*²⁰⁶

Målet denne første tida var altså å vere ein organisator for ”arbeidsfolk”, og det konkrete målet for avisa i 1969-70 var ”det som i dag er hovedoppgaven for norske revolusjonære arbeidere: Bygginga av arbeiderklassens kommunistiske parti.”²⁰⁷ Ein må gå ut frå at modellesaren til avisa var einkvar arbeidar som støtta dette synet.

Etter omlegginga i 1991 blei modellesaren dei tidlegare nemnte kulturradikalarane og den breie venstresida:

*Vår primære målgruppe blir altså: Folk som er engasjert og aktive i forhold til samfunn, politikk, kultur, som har bruk for den type kunnskap Klassekampen formidlar, og som har hjartet til venstre...*²⁰⁸

I stor grad er det vel denne modellesaren avisa har hatt sidan, både før og etter redaktørstriden i 1997. Det er snakk om ei form for ”venstreside” som spenner ganske breitt, og som ikkje er avgrensa til dei tradisjonelle venstrepartia i politikken. I det meste redaktør Braanen har skrive om utviklinga av Klassekampen dei siste åra, skinn det gjennom ein ide om å utvide rammene for kven som er innanfor målgruppa – modellesaren har blitt enno mindre knytt til dei partipolitiske miljøa, og enno meir av den typen som nok har høgare utdanning og er interessert i kultur- og mediafeltet. Som marknadssjefen sa det i eit intervju i 2007:

*- Vi lager en god avis som stadig flere vil ha, sier en fornøyd markedsjef, Unni Winge. Hun kan fortelle at avisa retter seg mot breiere lesergrupper enn før, og at også blå velgere nå ser grunn til å følge med i avisa. Styrken ligger i et solid produkt, god markedsføring og dyktige selgere, mener hun.*²⁰⁹

Det er lenge sidan modellesaren til Klassekampen var revolusjonær industriarbeidar.

²⁰⁶ Klassekampen 1/70 side 3.

²⁰⁷ Klassekampen 1/70 side 3.

²⁰⁸ Notat laga av salsleiaren i Klassekampen september 1991, sitert i Tranøy 1992:44.

²⁰⁹ Klassekampen 13.2.07, side 15.

8. Klassekampen etter 2004

Eg har ikkje gått systematisk inn på aviser utover dei ti eg har laga tabellar over. Likevel vil det vere greitt å peike på nokre tendensar som ser ut til å vere forsterka etter 2004:

- Enda meir bruk av grafiske tekstelement (faktaboksar, vignettar/logoar)
- Enda meir bruk av faste spalter og skribentar
- Meir inndeling i seksjonar (tydeleg formatorientering)
- Enda meir intensiv profilering som partiuavhengig avis
- Artikkelsierar (tema som spenner over fleire dagar/veker)

Kva desse punkta vil ha å seie for formatet eller sjangerbruken i Klassekampen framover, er usikkert. Det kan verke som om det er meir fokus på formatet, anten medvite eller umedvite. På den måten går Klassekampen framleis i retning av å vere ei ”vanleg” dagsavis, som dei har gjort lenge. Det er jo den mest formatorienterte av alle avisene her til lands, VG, som er den største avissuksessen vi har hatt.²¹⁰ Klassekampen har neppe nokon medvite plan om å ”bli meir lik VG”, men ein kan kanskje gå ut frå at det faste formatet i VG er med på å påverke den formatmessige trenden i alle avisene her i landet.

Fokusen på artikkelsierar er ein tendens som ser ut til å vere sterkare hos Klassekampen enn hos større aviser. Dette er ein form for sjølvreferering som Hågvar såg tydeleg i ”VG-diskursen”, og som Klassekampen nok også nyttar for å få lesarane til å følge avisa frå dag til dag. Naturlegvis er det ikkje viktig på same måte for Klassekampen (med litt over 2% laussal) som for VG (med 100% laussal) å nytte dette for å halde interessa oppe – men det er eit formatmessig val som heilt tydeleg er medvite gjort.

Bruken av grafiske tekstelement er også ein trend vi ser fleire stader. Den er i stor grad eit produkt av at dette er blitt mykje lettare teknologisk dei siste 10-15 åra. I tillegg er terskelen for å pøse på med slike element mindre for yngre redigerarar som har vakse opp i ei PC-verd, enn det nok er for tradisjonelle typografar som har redigert avis sidan den gongen skrivemaskinen var hovudverktøy for journalistane. Tilnærminga blir naturleg nok forskjellig, avhengig av om ein har lært meir ”teknisk” typografi under utdanninga, eller om ein har ei nyare utdanning som er meir retta mot ”grafisk formgjeving” og ”design”. Klassekampen i dag har fleire unge tilsette på desken, med slik utdanning.

²¹⁰ Sjå Hågvar 2003 kapittel 8 og 9 for nærare diskusjon rundt dette.

Når det gjeld målgrupper og diskurs, ligg det mange interessante ting i tida. I skrivande stund (februar 2007) er avisa i gang med ein prosess for å utvide eigargrunnlaget med to nye store eigarar – Fagforbundet og Oktober/Pax med ein eigardel på 10% kvar, og debattane om kven avisa skal skrive for, og om kva, er oppe til debatt i avisa heile tida. Eitt døme er at avisa i 2005 og 2006 har hatt fleire artikkelseriar og debattar²¹¹ omkring ml-rørsla (særleg) på 1970-talet – eit område som tydeleg stimulerer til ordskite i avisspaltene. Eit anna interessant ordskite går på kunst- og kulturdekkinga i avisa og kven som skriv. Det (til no) siste ordskiftet starta med ein kronikk (under vignetten ”Med andre ord”) i avisa basert på ein større artikkel i tidsskriftet *Samtiden*,²¹² og det er framleis usikkert kva debatten fører til. Sjølve tidsskriftartikkelen er lang og i praksis skriven for eit ganske snevert publikum. Trykkinga i Klassekampen utvida publikummet, men det kan sjå ut til at det sentrale for avisa neppe var å få fram ein generell debatt om kunstkritikk i Noreg – men å fokusere på kunstdekkinga nettopp i Klassekampen. Kulturredaktør Marte Stubberød Eielsen tok opp denne tråden dagen etter i ein kommentarartikkel, der ho skriv ein del interessante ting om vegen vidare for Klassekampen som avis for dei ”kulturradikale”:

Iversen mener vi i Klassekampen iscenesetter oss som en slags opposisjonell og heroisk underdog – opptatt av diskusjoner som står fjernt fra resten av samtidskunstmiljøet. Vi skusler ifølge Iversen med muligheten for å være en viktig og kritisk sparringspartner for samtidskunsten i dag – vi er naive, mangler troverdighet og avskriver oss definisjonsmakt.

Men det er ikke, som Iversen ønsker seg, kunstnere, kuratorer og utstillingssteder som er vår hovedmålgruppe. Først og fremst skriver vi om kunst for et relativt opplyst, interessert og ikke minst bredt kunstpublikum – ikke aktørene i det norske samtidskunstmiljøet alene.²¹³

Eielsen skriv at kunstdekkinga i avisa er for ”*et relativt opplyst, interessert og ikke minst bredt kunstpublikum*”, og ho freistar å presentere kva for fokus avisa har på kunstdekkinga si. Eit interessant poeng er ”*Klassekampen ville ikke prioritert kunst så høyt dersom vi ikke trodde på vår egen påvirkningskraft.*” Eielsen og Klassekampen tek på denne måten på seg ein posisjon som aktør i ordskiftet, og markerar seg i høve til dette, som ei avis for det ”breie kunstpublikummet”. I og med at historia gjentek seg i mange samanhengar, er det nok ein sjans for at denne debatten kan vere opptakt til ein ny debatt om Klassekampen som ei avis

²¹¹ Disse debattane ser i stor grad ut til å vere initierte av avisa sjølv, gjennom oppslag eller inviterte kronikørar.

²¹² Trude Iversen i *Samtiden* nummer 4/06, og *Klassekampen* torsdag 16.11.06 side 17-19.

²¹³ Eielsen i *Klassekampen* 17.11.06 side 19, nettutgåve på http://www.klassekampen.no/kk/index.php/news/home/artical_categories/kommentarer/2006/november/kunsten_som_frirom

for *arbeidarar* eller *eliten*. Det er mange lesarar og eigarar i avisa som har tydelege meiningar om kva Klassekampen skal *vere*. Dette har vore gjennomgåande for avisa i lang tid, og er nok eit særmerke for Klassekampen samanlikna med dei fleste avisene. I 2007 er Klassekampen framleis ei avis mange føler er *deira*, ei aktivistavis. Ein annan debatt som er jamnleg oppe, er foholdet mellom Oslo og resten av landet. Det er frå tid til annan kritikk om at avisa er for Oslosentrert, noko som mellom anna førte til oppretting av eit ”distriktslag” av aksjeeigarar, for å fronte dette synet på generalforsamlingane til Klassekampen AS. Eit døme på ”distriktskritikken” blir vidareformidla i eit lesarbrev, og viser at engasjementet rundt avisa framleis er stort:

*Om KK, venstresida og samesaker: Den avisa er nå blitt en ny og moderne type lokalavis, og i dette tilfelle for den lille og snevre delen av befolkninga som lever sitt liv oppe i lufta over en begrensa del av Oslo, omtrent i nivå med en eller annen etasje i nærheten av et institutt på Blindern.*²¹⁴

I samband med at Klassekampen hadde sitt høgaste gjennomsnittlege opplagstal nokonsinne i 2006, skreiv redaktøren dette om utviklinga vidare når det gjeld innhaldet i avisa:

*Vi har et skrikende behov for å styrke profesjonaliteten i alle ledd. Redaksjonelt må vi for eksempel styrke nyhetskulturen, samtidig som bredden og variasjonen i avisa må bli bedre. På markedssida har vi et tilsvarende behov for å øke tilgjengeligheten og leveringssikkerheten. Når Klassekampen nå er i ferd med å rykke opp en divisjon, stilles vi overfor nye og større utfordringer.*²¹⁵

Braanen nyttar til dels store ord her, men det er verdt å legg merke til at målet for arbeidet i 2007 er svært likt målet fastsett i 1991. Det ser ut til at målgruppa for avisa er blitt utvida noko, men ikkje meir enn at det like gjerne kunne vore Sigurd Allern anno 1992 som hadde skrive teksten over. Denne kontinuiteten er nok eit uttrykk for at Klassekampen-diskursen er sterkt etablert, og akseptert av meir eller mindre alle som lagar og les avisa. Det gjenstår å sjå om avisa faktisk kjem til å ”rykke opp ein divisjon”, som Braanen ser for seg. Det er jo heller ikkje sagt noko om kva som er målet med, eller konsekvensen av, dette eventuelle ”opprykket”.

²¹⁴ Anonym, vidareformidla i lesarbrev frå Svein Lund i *Klassekampen* 22.1.07, side 20.

²¹⁵ Bjørgulv Braanen i *Klassekampen* 13.2.07, side 2.

9. Oppsummering og konklusjonar

Gjennom arbeidet med denne oppgåva er det fleire aspekt ved avisa Klassekampen spesielt, og ved avisformat generelt, eg har oppdaga.

Tanken i arbeidet var primært å sjå på sjangerbruk i eit historisk perspektiv med ei bestemt avis som døme. Det viste seg nokså raskt at det var vanskeleg å skilje kva som var særleg for Klassekampen, og kva som er sams for dei fleste avisene. Difor har dette blitt meir av eit studium av nettopp Klassekampen, enn kva som var ideen. Det er ikkje noko problem, men resultatata er tilsvarande unike for denne eine avisa.

9.1. Svar på spørsmåla

Eg gjekk til arbeidet med denne oppgåva med mål å finne ut av korleis avisa Klassekampen har blitt som ho har blitt, og finne ut av kva sjangerbruken har hatt å seie for denne utviklinga. Eg stilte meg nokre spørsmål i starten, som eg føler eg har funne svar på:

Er sjangerbruken lik gjennom tidene? Nei. Eg har utvikla ein sjangerkatalog som dekker alle dei studerte avisene, og det er ei tydeleg dreining frå agiterande sjangrar, via nyhendesjangrar og over til debatt- og kultursjangrar.

Kva for ytre faktorar ser ut til å påverke sjangerbruken? I framste rekkje er det endringar i korleis partiet AKP har utøva eigarmakta si. Frå å vere ei partiførebuande avis, har Klassekampen gått over til ein agitator for partiet sitt, og så over til å bli ”venstresidas dagsavis”. Eg har ikkje sett så mykje på andre ytre faktorar, så eg kan ikkje vurdere kva for innverknad desse kan ha hatt. Endringane i tekniske løysingar ser ut til å hahatt meir å seie for utviklinga av formatet, enn endringane i sjangerbruken.

Er det skilnad mellom dagsavisa og månadsavisa/vekeavisa? Det ser ut til at denne skilnaden ikkje primært handlar om utgjevingsfrekvens, men om dei andre faktorane i utviklinga. Klassekampen anno 1986, 1992 eller 2004 er tydeleg forskjellig frå avisene i 1970 og 1974 – men utfrå funna til Ottosen m.fl. i dagsavisa 1977-79, vil eg seie at Klassekampen dei første åra som dagsavis var meir lik vekeavisa, enn dagsavisa på 1990- og 2000-talet. På det grunnlaget konkluderar eg med at utgjevingsfrekvensen i seg sjølv ikkje er av stor betydning.

Verkar sjangerbruken planlagd? I og med at eg ikkje har spurt folk direkte om dette, kan eg ikkje seie det sikkert. Det ser ut til at sjangerbruken har utvikla seg i takt med dei forskjellige endringane i avisa og samfunnet rundt. Det har vore ei funksjonell tilpassing, der bruken av sjanger både er eit produkt av endringane i og rundt avisa, og den er ein faktor i utviklinga av avisa. Nokre ting er tydeleg medvite – krondømet på det er sjangeren *arbeiderkorrespondent*, som var ein særeigen sjanger utvikla av og for Klassekampen, med eit tydeleg politisk vedtak bak seg. At det i dei seinare åra er ein større andel *kronikkar* og *kulturnyhende*, kan også knyttast til konkrete strategiske mål for avisa (lesargrupper). På grunnlag av litteraturen eg har studert om avisa, vil eg tru at val av metode, vinkling og sjanger har følgd naturleg av dei planane som er lagde for Klassekampen. Sjangerbruken er dermed indirekte planlagd.

Korleis har oppbygginga av avisa endra seg, og kvifor? Format og grafisk utforming av Klassekampen har endra seg, men avisa er framleis atkjennbar som same avis til forskjellige tider. Formatet har følgd ein ganske "allmenn" grunnstruktur heile vegen, og den grafiske utforminga har hovudsakleg utvikla seg som følgje av nye tekniske innretningar i produksjonen. Slik sett er tittlen "frå løpesetel til dagsavis" ikkje heilt dekkande. Sjølv om Klassekampen i starten bar preg av at ho ikkje blei utforma av typografar med moderne trykkeutstyr, var ikkje avisa veldig annleis når det gjeld rekkjefølgja av seksjonar, spreiding av saker på framsida, og liknande. Når det gjeld utforminga og bruk av grafiske element, har avisa gått frå å vere ei typisk laussalsavis til ei typisk abonnementsavis.

9.2. Sjangerbruk

Når det gjeld sjangrane, ser vi at sjangerbruken i avisa har endra seg mykje gjennom åra. Klassekampen har gått frå å vere ei **propagandaavis** til ei **kultur- og debattavis**, noko ein ser på sjangrane som er dominerande. I 1970 var *ideologisk artikkel/agitasjon* den mest dominerande sjangeren, medan det var *reportasje/temaartikkel* og *kronikk* i 2004. Det kan likevel vere verdt å merke seg at det ikkje er *alt* debattstoff det er blitt meir av. Sjangeren *debattartikkel/lesarinnlegg* har halde seg relativt stabil i mengde gjennom alle dei åra eg har studert. Det er i framste rekkje *kronikksjangeren* som er blitt varemerket for Klassekampen etter omlegginga i 1991 – med over 10% av flata i avisa både i 1992 og 2004. Det er altså dei større og meir gjennomarbeidde artiklane på debattfeltet det er blitt meir av – ikkje dei små kommentarane frå einskilde "synsarar". Også *reportasje/temaartikkel* fyller 2-4 gonger så mykje av avisa i 1992 og 2004 som den gjorde i 1970, 1974 og 1986. Ein må gå ut frå at dette

er nettopp dette som var målet då avisa blei lagt om frå partiavis til ”venstresidas dagsavis”, der ei slik dreining var meir eller mindre uttala som mål. Slik kan ein seie at Sigurd Allern no har fått den avisa han sannsynlegvis ønskte i 1991. Det ser heller ikkje ut til at den totale utskiftinga av redaksjonen i 1997-98 gav utslag på sjangerbruken. Sjangersamansettinga i 1992 og 2004 er overraskande lik sett i det perspektivet, noko som nok er ein konsekvens av at diskursen rundt ”venstresidas dagsavis” var fullt innarbeidd då konflikten kom i 1997.

Innan nyhendesjangerane er det ikkje dei store utslaga frå 1970 til 2004, men men det er som sagt blitt større fokus på *kultur- og mediantyhende* (og *kulturvurderingar*), som fyller 1/8 av avisa i 2004. Dei meir tradisjonelle nyhendesjangerane (*nyhendeartikkel innanriks* og *nyhendeartikkel utanriks*) hadde ein veldig markant topp i 1986-årgangen, noko som kan hende var eit utslag av den statusen som ”graveavis” som Klassekampen hadde denne perioden. Grunnlagsmaterialet er for lite til å kunne seie noko meir bastant enn det.

Det er dei ideologisk retta sjangerane som er forsvunne. *Ideologisk artikkel/agitasjon* og *arbeiderkorrespondent* var viktige element i avisa anno 1970 og 1974, men forsvann innan 1986. Ifølgje Ottosen m.fl. skjedde dette i løpet av dei første tre åra som dagsavis, noko som vel er naturleg – ei dagsavis må skape seg ein større marknad enn den ”menigheita” AKP(m-l) hadde.

Dei fleste andre sjangerane ein finn i avisa, er det ikkje nokre meiningsberande endringar i. I det legg eg at endringane i bruken av desse ikkje ser ut til å vere eit signal om noko spesielt. Det er ganske små endringar i bruken av dei fleste sjangerane – dei ligg fast i formatet med sin del, for å seie det slik.

9.3. Format

Ein interessant ting å sjå i det studerte materialet, har vore at Klassekampen har vist seg å vere ganske lik andre aviser på det strukturelle feltet (format, kategorilegging, grafisk utforming), og at det skjedde alt i starten på tida som månadsavis. Dette passar godt med hypotesen Per Ledin presenterte i arbeidet sitt med dei tidlege svenske arbeidaravisene:

Den empiriska huvudhypotesen är som nämnts att den socialdemokratiska pressen, liksom partiet, institutionaliseras. Både pressen och partiet accepterar villkoren i det moderna borgerliga

*samhälle som växer fram och får liknande egenskaper som sina borgerliga konkurrenter.*²¹⁶

Ledin si hypotese ser ut til å stemme ganske godt med *Klassekampen* også, alt frå dei første åra av. Grunnstrukturen i avisa blir tidleg²¹⁷ den same som i alle andre aviser, og særleg etter at *Klassekampen* blei dagsavis, er mykje som i veldig mange andre aviser.

Formatkomponeringa i avisa har endra seg lite gjennom perioden. Formattabellane i vedlegg 1 viser at det er mindre endringar frå eitt år til eit anna, men grunnstrukturane ligg fast, og styrkar hypotesten til Ledin over. Det er ikkje nokre tydelege skilnader mellom *Klassekampen* og t.d. *Vårt Land* eller *Dagsavisen* når det gjeld korleis avisa er bygd opp. Dreininga mot fleire tekstelement på framsida er også naturleg, i og med at *Klassekampen* som dagsavis rettar seg meir mot abonnementsmarknaden enn mot laussalsmarknaden.

Talet på saker per side går ned, noko som nok også kan seiast å vere ein del av denne ”borgarleggjeringa”, på den måten at dette ser ut til å skje i alle aviser. Ny teknologi gjer det lettare å tilpasse sak og side betre til kvarandre, og *Klassekampen* følgjer etter kvart eit avisideal der ”stort er bra”. Når sjangeren *reportasje/temaartikkel* får ein større plass i avisa, fell også talet på saker per side, fordi denne sjangeren hovudsakleg består av større saker enn de fleste andre sjangrar.

9.4. Diskurs

Den særeigne *Klassekampen-diskursen* er noko eg har nemnt både i innleiinga og i formatanalysen. Denne ligg ikkje like mykje i *teksten* som sjangrar og format – det er også faktorar som eigarstruktur, formålsparagraf og redaktør/redaksjon sitt politiske syn som har noko å seie her. Sjangerbruken i avisa peiker likevel på ein del sentrale endringar i diskursen.

I tida som partiavis var *Klassekampen* i utgangspunktet eit agitasjonsorgan. Ifølgje kjeldene eg har nytta²¹⁸ var dette sterkast i starten av tida som dagsavis, med redigeringsdirektivet frå sentralkomiteen i partiet, ”oppgjert med høgreavviket”, og utkommandering av partimedlemmar til å ”gjere teneste” som journalistar og i andre funksjonar i avisa. Hos Ottosen m.fl. ser vi dette i at det er mykje av det ein kan kalle propagandastoff. Dei avisene eg sjølv har undersøkt frå tida før 1991, stadfestar dette.

²¹⁶ Ledin 1995:22.

²¹⁷ I løpet av 1969, mest sannsynleg. Som ein ser av analysene mine, er desse ”liknande egenskaper” til stades allereie i nummer 5/1970, som er eldste avisa eg har sett på.

²¹⁸ I stor grad er det snakk om Ottosen/Westlie 1989 her, i og med at eg sjølv ikkje har nytta primærkjelder frå åra 1975-1985.

Diskursen til avisa på 1970-talet kan oppsummerast i at det var ei avis for dei allereie ”frelste”. Sjølv om Klassekampen hadde som mål å opplyse og informere arbeidarklassen, bar avisa på 1970-talet tydeleg preg av at dei føresette at lesarane i all hovudsak var einige med AKP(m-l) sitt politiske grunnsyn.

Diskursen endra seg gradvis i løpet av 1980-talet, og blei formalisert i formålparagrafen frå 1991. Diskursfellesskapen rundt avisa er ikkje lenger partipolitisk eller knytt til manuelle yrke – det er blitt ein meir generell fellesskap der dei som er ”innanfor” kan vere svært forskjellige både politisk, utdanningsmessig og yrkesmessig. Oppfattinga av avisa sin diskursfellesskap er også svært annleis enn på 1970-talet. Eit godt døme er tidlegare reaktør for vekebladet *Se & Hør*, Knut Haavik, som meinte medlemslista i Den Norske Forfatterforening samsvarte med abonnentslista til Klassekampen.²¹⁹

At diskursen er blitt ganske fast og tydeleg, ser ein kan hende best når ein samanliknar 1992 og 2004. Det er små forskjellar i sjangerbruken desse to åra, og formatet er også ganske så likt. Hovudskilnaden i formatlegginga er at utanriksstoffet er flytta bak innanriksstoffet, og at ”kultur & medier” er tydelegare markert i 2004. I tillegg har ein fått synleggjort dei faste spaltistane meir – noko som berre må seiast å vere ei stadfesting av profilen som kultur- og debattavis. Det er altså slik at diskursen er noko som går utover journalistgruppa i avisa. Sjølv med heilt ny redaktør, redaksjon og desk, er Klassekampen atkjennbar som *Klassekampen*. Dette er kan hende det mest interessante funnet i studien, og stadfestar at det er ein tydeleg diskurs rundt Klassekampen, der usemje og kritikk ikkje handlar om hovudlinene, men om detaljar. Saman med bruk av eit fast format med faste sidemalar, har dette gjort at nye medarbeidarar raskt blir sosialiserte (eller disiplinerte) inn i diskursfellesskapen, og fortsett å lage avisa slik at ho følgjer dei same linene som ho har gjort dei siste 15-20 åra. Når personane blir bytta ut, er det den sterke diskursen som sikrar kontinuiteten.

²¹⁹ Fråsegn i TV-programmet *Nytt på nytt*, NRK1, 2.2.07. Påstanden var absolutt ikkje positivt meint, men gjev ein ide om kva som i dag blir oppfatta som nedslagsfeltet til avisa.

9.5. Vidare studie på feltet

Det er fleire trådar i arbeidet mitt som kan nyttast som grunnlag for andre studie, både studie av Klassekampen og sjangerstudie meir generelt. Sjølv ser eg iallfall desse tinga, som eg gjerne skulle hatt høve til å analysere nærare:

Forholdet mellom partiet og avisa. Fleire omtaler eg har sett av det historiske forholdet mellom AKP og Klassekampen, påstår at dette har gått frå "eit parti med ei avis, til ei avis med eit parti." Denne utviklinga er ein særreigen variant av "avpartifiseringa" som har gått føre seg med dei fleste partieigde avisene gjennom tidene, og er vel verdt ein studie.

Endringar i 1997-1998. Nær heile staben i Klassekampen blei bytta ut i samband med redaktørstriden i 1997, og avisa blei laga av heilt andre folk frå våren/sommaren 1998 enn våren 1997. Det ville vore svært interessant å sjå i kva for grad denne utskiftinga av folk fekk for utforming av avisa, bruk av sjanger og vinkling. Mine eigne resultat frå 1992 og 2004 kan tyde på at dette ikkje var noko stort brot, men det kan hende stoda akkurat dei to åra (1997 og 1998) var annleis enn kva avisene eg har studert (fem år før og sju år etter), viser.

Avisa som partibyggar. Det er lett å gløyme at *Klassekampen* den første tida ikkje var ei partiavis, men ei avis som hadde som hovudmål å byggje eit marxist-leninistisk arbeidarparti.²²⁰ Det første året var avisa i prinsippet ikkje organ for nokon, og frå 1970 til 1973 var ho organ for ML-gruppene, som jo var ei partiførebuande gruppering. Avisa var ganske sikkert ein viktig faktor i arbeidet fram mot stiftinga av AKP(m-l), ein faktor som kan hende er undervurdert i litteraturen om m-l-rørsla si historie.

Gratisarbeid som faktor i avisa. Det er heilt på det reine at avisa Klassekampen ikkje ville overlevd økonomisk utan ein massiv friviljug, uløna/lågtløna innsats frå partimedlemmar og andre aktivistar i tillegg til reine pengegåver. Noko som ikkje er like synleg, er korleis alt gratisarbeidet eventuelt kan ha bidrege i *spaltene* i avisa. I starten var heile avisa laga av friviljuge, etter kvart blei ho meir profesjonalisert. Men heile tida har mengda friviljuge tekstbidrag til avisa vore stor – noko ein til dømes kan sjå på alt kronikkstoffet som står i avisa no på 2000-talet (om lag 10%). Ein del av småstoffet i avisa (særleg baksida "PERSPEKTIV") er også ofte ubetalte artiklar.

²²⁰ Som det står i artikkelen "Om Klassekampen" i *Klassekampen* 1/1970 (side 3): "Innholdet i Klassekampen har hatt som målsetting å tjene det som i dag er hovedoppgaven for norske revolusjonære arbeidere: Bygginga av arbeiderklassens kommunistiske parti."

Spriket i målgrupper. Klassekampen har gjennom åra hatt fleire variantar av definerte og udefinerte målgrupper, og i dag er det to delvis overlappende grupper som må seiast å vere målgruppene for avisa. Den eine gruppa er ”venstresida”, den andre ”dei kulturradikale”. Det vil vere eit interessant prosjekt å sjå på korleis folk i avisa oppfattar det å skulle skrive for desse to målgruppene, og kva for vurderingar som då styrer skrivinga, val av sjanger, grafisk utforming, osb.

9.6. Sluttord

Etter ei lang tid med fordjuping i dette emnet, ser eg sjølvstundt fleire lause enn ferdigknytte trådar om ein skulle ønskje å studere ”alle sider” ved avisa Klassekampen. Dette er eit arbeid som nok aldri kan få ein konklusjon med to strekar under det rette svaret. Eg har mange mindre konklusjonar på dei delemna eg har studert, og totalt sett gjev dette ein del av biletet for den som skal studere avisa Klassekampen – for seg eller i samanlikning med andre aviser. Eg trur også dette arbeidet kan gje nokre nye innfallsvinklar for dei som vil studere den norske ml-rørsla sin historie, og posisjonen deira i den norske historia. Dette er ikkje ”ml-forskning”, men er kan hende nyttig for dei som vil drive med slikt.

Eg føler at den største einskiddelen av arbeidet mitt har vore utviklinga av sjangerkatalogen for Klassekampen. Kapitlet som presenterer og diskuterer forskjellige sjangersyn, saman med kapitlet der eg presenterer katalogen eg har utvikla, er slik sett mitt bidrag til sjangerforskinga. Forsking på avissjangerar er ikkje noko stort felt mellom språkforskarar,²²¹ og det har til tider vore vanskeleg å framstille kvifor eg skriv arbeidet mitt innanfor nordiskfaget, utan at eg har måtte ta fram heile teksten for å fysisk vise innfallsvinklane eg nyttar.

Vonleg vil både dei teoretiske og dei empiriske delane av denne oppgåva ha gjeve innsikt til dei som har lese dette. Det ligg mykje metakunnskap skjult i avisene – med dette arbeidet meiner eg å ha peika på ein del av den.

²²¹ Akkurat dette omgrepet er litt hardt for meg å nytte for tida, etter at det kan verke som om norske media frå 2006 har bestemt seg for at alle med professortittel innan nordistikk, litteraturvitskap eller lingvistikk, skal titulerast ”språkprofessor”. Men omgrepet ”språkforskar” dekker likevel (diverre?) dei miljøa eg tenkjer på.

Litteraturliste

Primærlitteratur:

Klassekampen 5/1970
Klassekampen 11/1970
Klassekampen 16/1974
Klassekampen 41/1974
Klassekampen 30.4.1986
Klassekampen 31.10.1986
Klassekampen 30.4.1992
Klassekampen 2.11.1992
Klassekampen 30.4.2004
Klassekampen 1.11.2004

Vitskapsteoretisk litteratur:

Grepstad, Ottar: *Det litterære skattkammer. Sakprosaens teori og retorikk* (Samlaget 1997a)
Grepstad, Ottar: *Nøklar til skattkamret* i Johnsen(red): *Tekstens mellommenn – Norsk Sakprosa tredje bok* (Universitetsforlaget 1997b)
Hågvar, Yngve B: *Hele folkets diskurs. En kritisk analyse av den gode VG-sak* (Norsk Sakprosa skriftserie nr. 7, UiO 2003)
Ledin, Per: *Arbetarnes är denna tidning. Textförändringar i den tidiga socialdemokratiska pressen* (Almqvist & Wiksell, 1995)
Ledin, Per: *Genrebegreppet* (Studentlitteratur 1996/2001)
Ledin, Per: *Många av sakprosans skatter funna* i Johnsen(red): *Tekstens mellommenn – Norsk Sakprosa tredje bok* (Universitetsforlaget 1997)
Ongstad, Sigmund (red): *Hva gjør vi med sjangrene – og de med oss?* (LNU/Cappelen 1996)
Pettersen, Vibeke og Øyen, Kristin: *Innhold og presentasjon i Dagbladet 1935, 1965 og 1995. En undersøkelse av sjanger, stoff- og presentasjonsutvikling* i Roksvold, Thore (red.): *Avissjangrer over tid* (Institutt for journalistikk 1997) side 181-211.
Skre, Arnhild: *I dag må ingen sitte hjemme. Presse og partiloyalitet 1957-1963* (pressehistoriske skrifter nummer 1, UiO 2004)

Om avisa Klassekampen og m-l-rørsla:

AKP: *Prosjektet "m-l-historie"*, nettdokument på <http://www.ml-historie.no/> (2006)
Bjerke, Paul og Aksel Nærstad: *Notat om avisa Klassekampens framtid* http://www.itk.ntnu.no/ansatte/Andresen_Trond/kk-f/fra130397/0151.html (1997)
Brandal, Nik/Rognlien, Jon: *Kaderprosjektet*, nettdokument på <http://www.kader.no/> (2004)
Folkvord, Erling: *Rødt! På barrikadene for AKP og RV* (Millennium 1998). Eg har nytta nettutgåva på <http://www.folkets-kamp.org/folkvord/rodt.html>
Klassekampen: diverse artiklar frå avisa. Henvising til dato/utgåve og side for kvar enkelt referanse.
Klassekampen (uten forf.): *Noen fakta om avisa Klassekampen* http://www.itk.ntnu.no/ansatte/Andresen_Trond/kk-f/fra130397/0146.html (1997)
Klassekampen (uten forf.): *Om Klassekampen – Klassekampens historie*, nettdokument på http://www.klassekampen.no/kk/index.php/news/home/om_klassekampen (2004)
Kolmannskog, Håkon: *Ideologisk leiarskap i den norske ml-rørsla. Det umogleges kunst 1965-1980* (hovudoppgåve i historie, UiO våren 2006)
Ottosen, Rune/Westlie, Bjørn: *Da "Klassekampen" ble dagsavis. Eller hvorfor ingen kan starte dagsavis i Norge uten en fanatisk vilje til å lykkes* i Tvedt (red.) 1989 s. 165-196

- Ottosen, Rune og Lise Stahl: 1990. *Etableringen av klassekampen som dagsavis : en innholdsanalyse av dagsavisas tre første årganger 1977-1979* (Forskningsrapport nr. 5, Norsk journalisthøgskole 1990)
- Pax leksikon 1978-1982: oppslagsord *Klassekampen*, nettdokument på <http://www.leksikon.org/art.php?n=1370>
- Steigan, Pål: *På den himmelske freds plass – Om m-l-bevegelsen i Norge* (Aschehoug 1985).
Eg har nytta nettutgåva på <http://www.akp.no/hefter/himmelske-fred.html>
- Stranger-Thorsen, Ingrid: *Kamp om Klassekampen. En institusjonsanalyse av Klassekampen med fokus på redaktørskiftet i 1997 og utviklingen av redaktørrollen i avisa* (hovudoppgåve i medievitenskap, UiO våren 2006)
- Tranøy, Torstein: *Klassekampen: fra partiorgan til venstresidas dagsavis. Eller hvordan drive ei revolusjonær avis i 90-åra* (seminaroppgave, Norsk journalisthøgskole 1992)
- Tvedt, Terje (red.): *(ml) – ei bok om maoismen i Norge* (Ad Notam 1989)

Andre bøker som er refererte:

- Det kongelige kirke-, utdannings- og forskningsdepartement: *Læreplanverket for den 10-årige grunnskolen* (KUF/Nasjonalt læremiddelsenter 1996) ("L97")
- Solstad, Dag: *Gymnaslærer Pedersens beretning om den store politiske vekkelsen som har hjemsoøkt vårt land* (Oktober 1982)
- Stempel, Guido H. III: *Sample size for Classifying Subject Matter in Dailies* i *Journalism Quarterly* vol. 29 s. 333-334 (University of South Carolina 1952)

Kontaktpersonar/kjelder:

- Marga van der Wal, dagleg leiar Klassekampen AS
- Sigurd Allern, redaktør 1969-1972 og 1979-1995
- Finn Sjøe, redaktør 1973-1977
- Bjørgulv Braanen, redaktør frå 2002

VEDLEGG 1: Formattabell Klassekampen 1970-2004

s.	Nummer 5/1970	Nummer 11/1970	Nummer 16/1974	Nummer 41/1974					
1	Forside	Forside	Forside	Forside					
2	Klipp & kommentar Lesarbrev/ ML-nytt	Klipp & kommentar ML-nytt	Leiar Notisar	Leiar Notisar/annonsar					
3	Leiar Intervju SUF(m-l)	Leiar Intervju SUF(m-l)	Klipp&kommentar Lesarbrev	Klipp&kommentar Lesarbrev					
4	Nyhende/ agitasjon (Hovudsak på midtsidene)	Nyhende/agitasjon Lesabrev	Arbeiderkorrespon- dent Råd & Rett	Arbeiderkorrespon- dent Råd & Rett					
5					Nyhende/agitasjon (Hovudsak på midtsidene)	Nyhende	Nyhende		
6								Nyhende (fagforbund)	
7									Hovudsak
8									
9	Hovudsak								
10	Ideologi	Ideologi	Ideologi/Debatt	Diverse					
11	Internasjonalt								
12	Internasjonalt	Bakgrunn/agitasjon	Kultur	Diverse Lesarbrev					
13									
14	Diverse/annonsar		Diverse/annonsar	Ideologi					
15	Ideologi		Debatt/lesarbrev	Internasjonalt					
16	Historie			Diverse					
17			Ideologi/Debatt	Arbeidsliv					
18			Internasjonal						
19			Diverse/annonsar						
20			1.mai						

s.	30.april 1986	31.oktober 1986	30.april 1992	2.november 1992
1	Forside	Forside	Forside	Forside
2	Politikk/kommentar	Politikk	Kommentar/Debatt	Kommentar/Debatt
3				
4				
5	Kultur/debatt	Kultur	Utenriks	Utenriks
6				
7	Nyheter	Arbeidsplassen Nyheter	Nyheter	Landsmøte i NOPEF
8				Nyheter
9	1.mai	Hovudoppslag	Egenannonse 1.mai	Magasinet
10				Debatt
